



Møre og Romsdal fylke



Fylkesmannen i
Oppland



VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Lokal og sentral høyring

}

Føreord

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland gjer med dette framlegg om vern av Reinheimenområdet. Verneframlegget vert lagt fram i 2 alternativ, og det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova for verneframlegga.

Arbeidet med vern av Reinheimen er ikkje av ny dato. Alt i 1975 la eit utval leia av Eigil Reimers fram ei tilråding om vern av eit stort landskapsvernområde i fjellområda mellom Lesja, Trollstigen og Ottadalen. Av ulike grunnar vart ikkje dette arbeidet ført fram til noko vedtak om vern.

I planprosessen har det vore spanande diskusjonar om kva for verneform som skal veljast for området. Alle aktørar har vore einige om dei store naturvernfaglege kvalitetane til området. I arbeidet er det lagt vekt på å finne fram til eit vern som òg sikrar dei store lokale brukarinteressene og verneverdiane spesielt knytt til villreinstammen i området. Bygdene rundt Reinheimen har utnytta området i samband med husdyrbeite, jakt, fiske og turvandring. Dette forslaget til verneplan med konsekvensutgreiing gjev eit godt oversyn over bruk og vern.

Arbeidet med dette verneforslaget med konsekvensutgreiinga har vore omfattande og har involvert mange forvaltningsorgan, organisasjonar og enkeltpersonar. Vi vil så langt rette ein særleg takk til bidraget frå samarbeidsgruppene, dei 6 kommunane og dei rådgjevarane som har utarbeidd fagrapportar og ulike konsekvensutgreiingar.

Det forslaget som no er utarbeida vil gje eit godt grunnlag for høyringa.

Molde/Lillehammer, juni 2004

Ottar Brage Guttelvik
Ottar Brage Guttelvik


Kristin Hille Valla
Kristin Hille Valla

Møre og Romsdal fylke

Fylkesmannen i Oppland

	Rapport nr.: 2004:01*
	Tilgjenge: Open
Tittel: Verneplan for Reinheimen Høyringsutkast juni 2004.	Dato: 10.06.2004
Prosjektansvarlege: Førstekonsulent Ola Betten, Møre og Romsdal fylke Overingeniør Finn Bjormyr, Fylkesmannen i Oppland	Sidetal: 89 sider + vedlegg
Samandrag: <p>Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland gjer med dette framlegg om vern av Reinheimenområdet. Verneframlegget omfattar ca. 2680 km², og vert lagt fram i 2 alternativ i tråd med godkjent konsekvensutgreiingsprogram:</p> <p>Alternativ A</p> <ul style="list-style-type: none">- Reinheimen nasjonalpark i dei sentrale fjellområda.- Seks tilgrensande landskapsvernområde i ytterkantane. <p>Alternativ B</p> <ul style="list-style-type: none">- Reinheimen landskapsvernområde i dei sentrale fjellområda (tilsvarande nasjonalpark-arealet i alt. A)- Dei seks andre landskapsvernområda frå alt. A <p>Føremålet med vernet er å sikre eitt av dei største urørte områda i Sør-Noreg. Særleg viktig er det å ta vare på den verdfulle villreinstammen og dei viktige kulturlandskapa i området. Det er også store verneinteresser innan vassdrag, geologi, botanikk, annan zoologi og kulturmine.</p> <p>Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova for begge alternativna i verneframlegget. Nullalternativet utan vern er også utgreidd.</p> <p>Konsekvensutgreiingane vurderer framlegget som det verneområdet i Nord-Europa som har nest mest spennvidde i naturmiljøet. Det verkar å vere små konfliktar ved vern av området. Dei største konfliktane er mellom lågtflygingsforbodet i nasjonalparkframlegget og Forsvaret sine krav til øvingsareal, samt mot lokale skogbruksinteresser i Romsdalen landskapsvernområde.</p> <p>Det vert skissert 3 ulike forvaltningsmodellar, og det vert vist kor store ressursar ein bør ha til forvaltning, oppsyn og informasjon.</p>	
Emneord: Naturvern Nasjonalpark Landskapsvernområde Konsekvensutgreiing Biologisk mangfald	ISBN 82-7430-129-3 ISSN 0801-9363

* Verneplanen vert publisert i rapportserien til Møre og Romsdal fylke, miljøvernavdelinga.



FØREORD	3
SAMANDRAG	5
INNHALDSLISTE	7
DEL A: INNLEIING	9
1. Bakgrunn.....	9
1.1 Bakgrunnen for verneplanarbeidet.....	9
1.2 Planprosess.....	10
1.3 Kvifor vern?.....	11
1.4 Aktuelle verneformer.....	11
1.5 Høyring og vidare framdrift.....	12
DEL B: KONSEKVENSGREIING	13
2. Utgreiingsprogram.....	13
3. Samfunnsforholda i verneområdet.....	14
3.1 Kommunale nøkkeltal.....	14
3.1.1 Lesja kommune.....	14
3.1.2 Skjåk kommune.....	14
3.1.3 Lom kommune.....	14
3.1.4 Vågå kommune.....	15
3.1.5 Norddal kommune.....	15
3.1.6 Rauma kommune.....	15
3.2 Nøkkeltal for jordbruket i kommunane.....	15
3.3 Planstatus.....	16
3.3.1 Kommuneplanane.....	16
3.3.2 Fylkesplanane.....	16
3.4 Lokal forvaltning og identitetskjensle.....	16
4. Eksisterande vernetiltak.....	17
4.1 Område verna etter naturvernlova.....	17
4.1.1 Vermedalen naturreservat.....	17
4.1.2 Slettsvaet naturreservat.....	17
4.1.3 Muldalslia naturreservat.....	17
4.1.4 Botanisk naturminne.....	17
4.2 Verna vassdrag.....	17
4.2.1 Istra.....	17
4.2.2 Rauma.....	18
4.2.3 Valldøla.....	18
4.2.4 Lora.....	18
4.2.5 Finna.....	18
5. Verdiane knytt til området.....	18
5.1 Kultur.....	18
5.2 Naturmiljø.....	20
6. Brukarinteresser.....	30
6.1 Landbruk.....	30
6.2 Friluftsliv.....	31
6.2.2 Jakt og fiske.....	31
6.3 Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling.....	32
6.4 Kraftutbygging.....	32
6.4.1 Eksisterande kraftverk.....	32
6.4.2 Planlagd kraftutbygging.....	33
6.5 Vegar og jernbane.....	33
6.6 Hytter og annan fritidsbusetnad.....	34
6.7 Forsvaret.....	34
6.8 Andre inngrep og påverknad.....	34

7. Konsekvensutgreiingar	36
7.1 Naturmiljø.....	36
7.2 Kulturminne.....	37
7.3 Landbruk.....	37
7.4 Hytter og buer	38
7.5 Friluftsliv, jakt og fiske.....	39
7.6 Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling	40
7.7 Motorferdsel i utmark	40
7.8 Vegar og jernbane.....	42
7.9 Drift og vedlikehald av kraftanlegg.....	42
7.10 Forsvaret si øvingsverksemd.....	42
7.11 Lokal forvaltning og identitet	43
7.12 Ressursbruk.....	43
8. Nærare undersøkingar.....	44
8.1 Status for undersøkingar i området i dag.....	44
8.2 Framlegg til oppfølgjande undersøkingar.....	44
9. Samanstilling av konsekvensane.....	45
DEL C: VERNEFORSLAG.....	47
10. Vurdering av verneverdiar og brukarinteresser	47
11. Forslag til verneområde	48
11.1 Forslag til oppretting av Reinheimen nasjonalpark, alternativt Reinheimen landskapsvernområde.....	48
11.2 Forslag til oppretting av tilgrensande landskapsvernområde.....	49
12. Forvaltning og oppsyn	51
12.1 Generelt om forvaltning.....	51
12.2 Forslag til forvaltningsmodellar.....	51
12.3 Forvaltningsplan	51
12.4 Naturoppsyn og informasjon.....	52
12.5 Reinheimen i eit regionalt reiselivsperspektiv.....	53
13 FORSLAG TIL VERNEFORSKRIFTER	55
13.1 Forslag til verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark.....	55
13.2 Forslag til verneforskrift for Reinheimen landskapsvernområde	60
13.3 Forslag til verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde.....	64
13.4 Forslag til verneforskrift for Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde	69
13.5 Forslag til verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde	73
13.6 Forslag til verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde	77
13.7 Forslag til verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.....	81
13.8 Forslag til verneforskrift for Lordalen landskapsvernområde	85
14. Tilråding.....	89
DEL D: VEDLEGG.....	91
I Fastsett utgreiingsprogram	91
II Litteraturliste	99
III Vernekart.....	103

DEL A:

Innleiing

1. Bakgrunn

1.1 Bakgrunnen for verneplanarbeidet

Bakgrunnen for arbeidet med etablering av Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde er følgjande:

- NOU 1986:13 «Ny landsplan for nasjonalparker».
- St.meld. nr. 62 (1991-92) «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge».
- Innst. S. nr. 124 (1992-93) om «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge».

Det har også tidlegare vore lagt fram verneframlegg for Reinheimenområdet. Eit utval oppnemnt av Miljøverndepartementet og leia av Eigil Reimers la i 1975 fram ein verneplan for villreinstammen i Nord-Ottadalsområdet. Medlemmane i arbeidsutvalet var Egil Reimers, Olav Brøste, Olaf Heitkøtter, Svein Ensby, Øystein Mølmen og Svein Tengedal. Reimersutvalet foreslo å etablere eit landskapsvernområde på om lag 2187 km². På grunn av planar for kraftutbygging i Raumavassdraget, vart ikkje dette framlegget ført fram til noko vernevedtak. Men utvalet sitt pionerarbeid og haldningar til vern av fjellområdet har vore førande for forvaltninga av området. Dette arbeidet gjorde at kommunane rundt fjellområdet fekk ein felles identitet til området, noko som har ført til at det ikkje er gjennomført større utbyggings tiltak innafor området. Dette er haldningar som kom til syne ved at Rauma vart varig verna mot kraftutbygging i 1993, og lokale prosjekt om hytteutbygging er stoppa i kommunane.

Fjelloppsynsmann Olaf Heitkøtter, som har skriva ei rekke bøker om fjellnaturen vår med fokus på dei urørte fjellområda, vassdragsnatur, villrein og anna dyreliv, har forma tankar og haldningar til vern av natur i heile Noreg. Desse tankane og haldningane har kommunane så langt lagt til grunn i forvaltninga av området som er omtala som Reinheimen. Mykje av denne æra tilligg Reimersutvalet og det store arbeidet Olaf Heitkøtter har gjort for å dokumentere dei behova dyrelivet i fjellområda har for å leve i harmoni og ro.

Statens naturvernråd (SNR) foreslo i NOU 1986:13 å verne eit kjerneområde i fjellpartiet mellom Lesja/Romsdalen og Ottadalen på ca. 1500 km² som nasjonalpark, og at ein i tillegg vurderte eit landskapsvernområde av omlag same storleik. SNR peika på at området er eitt av dei største urørte områda i Sør-Noreg med store verneinteresser innan geologi, botanikk, zoologi og kulturhistorie. Vassdraga med tilhøyrande biologiske samfunn og villreinstammen i Ottadalsområdet vart særleg framheva som verdfulle.

Dei sterke utbyggingsinteressene Reinheimenområdet gjorde at det i desember 1981 vart vedteken ei fylkesplanvedtekt etter bygningslova § 17b for den delen av arealet som låg i Møre og Romsdal. Fylkesplanvedtekta skulle hindre ulike bygge- og anleggstiltak, og vart innført for å sikre verne- og villreininteressene til vernet vart avklart. Ved bortfallet av bygningslova, vart det i ja-

nuar 1987 innført rikspolitiske bestemmelsar etter plan- og bygningslova § 17-1 for å sikre dei same verdiane. Desse galdt til desember 1991.

Etter oppdrag frå Miljøverndepartementet utarbeidde Fylkesmannen i Møre og Romsdal eit verneframlegg for Reinheimen nasjonalpark med 4 tilhøyrande landskapsvernområde på arealet i Møre og Romsdal. Framlegget var på lokal høyring i 1988, men det vart ikkje vidareført til noko sentral behandling. I staden vart det avgjort at arbeidet med Reinheimen skulle samkøyrast på ein betre måte i dei 2 fylka.

På grunnlag av NOU 1986:13 og høyringsfråsegnene til denne, utarbeida Regjeringa Stortingsmelding nr. 62 (1991-92). Her vart det vist til det oppstarta verneplanarbeidet i Møre og Romsdal, og det vart slått fast at ein skulle vidareføre framlegget om vern i Reinheimen. Det vart teke sikte på å fremje framlegg om nasjonalpark og tilstøytande landskapsvernområde i området.

Kommunal- og miljøvernkomitéen la fram sitt forslag til behandling av nasjonalparkmeldinga i Innst. S. nr. 124 (1992-93). Av komitéinnstillinga kjem det følgjande merknader:

«Komitéen viser til at departementet i meldingen gir en grundig vurdering av forholdet mellom vern etter naturvernloven og bruk av plan- og bygningsloven for å hindre en uønsket utvikling. Komitéen er enig med departementet i at naturvernloven er det naturlige instrument for å sikre de nasjonale mål som trekkes opp i Nasjonalparkmeldingen.»

Komitéen viser til at grenser for nasjonalparken og andre verneområder må avklares i den videre prosessen. Det samme gjelder hvilken vernekategori de forskjellige områdene bør plasseres i og hvor strenge restriksjoner som bør pålegges for bruk av de vernede områdene. Komitéen understreker at det bør legges relativt strenge begrensninger på aktiviteten innenfor nasjonalparken. Hvis dagens bruk eller framtidig bruk er til hinder for strenge regler, bør landskapsvern vurderes i stedet for nasjonalpark.»


Nasjonalparkmeldinga vart behandla i Stortinget 19.04.1993, og vedtaket innebar at Regjeringa fekk i oppdrag å vurdere vern etter naturvernlova for området. Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland har på bakgrunn av dette utarbeidd det føreliggjande forslaget til etablering av nasjonalpark og/eller landskapsvernområde Reinheimen. Det føreligg to alternative verneframlegg.

1.2 Planprosess

1.2.1 Utarbeiding av verneframlegg og konsekvensutgreiing

Fylkesmennene kunngjorde oppstart av dette planarbeidet i brev av 20.10.1997 til aktuelle grunneigarar, offentlege etatar og lag/organisasjonar.

Det vart oppretta ei felles, lokal referansegruppe for verneplanarbeidet i Norddal og Rauma kommunar, medan det er etablert kommunevise referansegrupper i Lesja, Lom, Skjåk og Vågå. Referansegruppene har spela ei viktig rolle i planprosessen. Dei har hatt ein rådgjevande



Boka «Reinheimen» av Olaf Heitkotter introduserte Reinheimen-namnet. Reinsbukken er framsidemotiv på boka (foto Olaf Heitkotter)

funksjon overfor fylkesmennene, fungert som kommunikasjonskanal mellom fylkesmannen og lokalsamfunnet, og hjulpet til med innhenting av grunnlagsmateriale.

Fylkesmennene har bygd framlegget til verneplan på utarbeidde fagrapportar, synfaringar og møte med kommunar og andre interessentar. Innspela frå referansegruppene i kommunane har vore særleg viktig for Reinheimenarbeidet.

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing for verknadane av vernet på ulike samfunnsinteresser. Utgreiingsprogrammet er godkjent i brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 20.11.2000 etter framlegg frå fylkesmennene og forelegging for Miljøverndepartementet. Utgreiingsprogrammet inneheldt 2 hovudalternativ:

Alternativ A

- Nasjonalpark i dei sentrale fjellområda.
- Seks tilgrensande landskapsvernområde.
- Eit biotopvernområde etter viltlova i kraftutbyggingsområda Veltdalen og Brusebotn.

Alternativ B

- Eit stort landskapsvernområde i dei sentrale fjellområda som omfattar nasjonalparkarealet, landskapsvernområdet mot Ottadalen og delar av biotopvernområdet i alt. A.
- Dei andre landskapsvernområda frå alt. A. Biotopvernområdet frå alt. A inngår i eitt av landskapsvernområda.

I utgreiinga er det gjort mindre justeringar i alternativ A slik at biotopvernområdet har falle ut, og inngår i eit landskapsvernområde.

Nullalternativet utan vern er også utgreidd.

Konsekvensutgreiinga føreligg som delutgreiingar utarbeidd av fleire instansar.

1.3 Kvifor vern?

Frå og med det førre hundreåret har ein kunne registrere ein kraftig reduksjon av det totale arealet av inngrepsfrie naturområde i Noreg, særleg i Sør-Noreg, der større, urørte naturområde manglar totalt i låglandet. Også i fjellområda er reduksjonen stor, og områda er sterkt prega av oppdeling. Generelt har delen av villmark (område meir enn 5 km frå større tekniske inngrep) i Sør-Noreg blitt redusert frå 27 % i år 1900 til ca. 8 % i 1992 (St.meld. nr. 62 (1991-92)). I og rundt Reinheimen er delen med villmark blitt redusert på grunn av kraftutbygging og bygging av vegar. Sikring av ein større del av

dei gjenverande, store samanhengande natur- og villmarksområda mot inngrep, er difor ei sentral målsetting i det pågåande verneplanarbeidet i Noreg.

Det er mange grunnar for å ta vare på naturområde utan tekniske inngrep. Dette kan knytast opp til ønsket om å ta omsyn til verdiar som:

- Naturarven
- Sårbare artar og naturtypar
- Biologisk mangfald
- Bevaring av restbiotopar
- Forsking, overvaking og undervisning
- Friluftsliv
- Reiseliv

Vern av naturområde i Noreg må også sjåast på som del av ein internasjonal innsats for å verne om artar og økosystem. Oppretting av verneområde kan seiast å vere ein «føre var»-strategi der naturen får prioritet framom menneskeleg aktivitet, noko som vil bli spesielt vektlagt i forvaltninga av nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda.

I det føreliggjande verneframlegget for Reinheimen er vernemotiva særleg knytt til å:

- Sikre eit stort, villmarksprega fjellområde.
- Ta vare på det nest største området i Sør-Noreg utan større tekniske inngrep.
- Sikre eit rikt biologisk mangfald med mange verdfulle lokalitetar og interessante og truga artar, med villreinen i Ottadalen nord.
- Sikre verdfull vassdragsnatur.
- Ta vare på eit verdfullt natur- og kulturlandskap.
- Verne om kulturminne og kulturmiljø.

Vi viser til kap. 5 for ei utdyping av naturfaglege og kulturhistoriske kvalitetar i området.

1.4 Aktuelle verneformer

Verkemiddel med heimel i naturvernlova som er aktuelle for å sikre vernekvalitetane i planleggingsområdet er:

- Nasjonalpark etter naturvernlova §§ 3, 4 og 22,
- Landskapsvernområde etter naturvernlova §§ 5, 6 og 22,

Det avgjerande for valet av verneform er inngreps- og bruksstatusen, og at ein får eit tilstrekkeleg vern for å ivareta verneverdiane på lang sikt. Ved val av verneform er det viktig at ein har verneforskrifter som regulerer arealbruk og tiltak som kan truge vernekvalitetane. Samtidig skal verneforma ikkje vere strengare enn det

som er naudsynt for å sikre verneverdiane. Forvaltningsplanen gjev eit oversyn over praktisering og tolking av verneforskriftene for dei einstilte områda.

1.4.1 Nasjonalpark

Oppretting av nasjonalparkar skjer i medhald av naturvernlova § 3. Formålet er å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte, eigenarta eller vakre naturområde. I tillegg kjem i mange tilfelle eit ønske om å sikre store område for friluftsliv. I nasjonalparkar skal naturmiljøet, som omfattar både planter, dyreliv og natur- og kulturminne, vernast mot utbygging, forureining og andre inngrep. Nasjonalparkar kan opprettast på statens grunn. Grunn som ikkje er i statens eige, men er av same karakter og som grensar inntil statleg grunn, kan også leggast ut som nasjonalpark.

Nasjonalpark er eit forholdsvis strengt vern, og signaliserer at området er ein del av den nasjonale naturarven. Plantelivet i nasjonalparkar er med nokre unntak verna mot all skade og øydelegging som ikkje følgjer av husdyrbeiting og vanleg ferdsel i medhald av friluftslova. I nasjonalparken gjeld det generelle vernet av vilt mot skade, forstyrning og øydelegging som følgjer av viltlova. Leveområde for viltartar vil og vere sikra gjennom reglane om vern av landskapet og plantelivet i nasjonalparken. For å sikre viltet mot forstyrning, kan det i medhald av naturvernlova § 22 gjevast retningslinjer for motorisert og eventuelt andre former for ferdsel.

I nasjonalparken vil forvaltning av vilt og fisk, inkluderte jakt og fiske framleis regulerast av lov om viltet og lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. Jakt og fiske vil med andre ord framleis vere tillate.

1.4.2 Landskapsvernområde

Oppretting av landskapsvernområde skjer i medhald av naturvernlova § 5. Formålet er å ta vare på eit eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap og hindre tiltak som i vesentleg grad vil endre landskapet sin art og karakter. Landskapsvern kan brukast i område med større grad av menneskeleg påverknad enn i nasjonalparkar, og er den mildaste forma for områdevern etter naturvernlova. Denne verneforma kan også nyttast for å ta vare på heilskapen der ein har ei blanding av kulturpåverka og meir urørte område.

I eit landskapsvernområde vil det som regel ikkje leggast restriksjonar av noko omfang på dagens bruk. Den tradisjonelle bruken som f.eks. setring og beiting kan som regel fortsette uhindra av vernereglane. Skog- og jordbruksverksemd som tek rimelege omsyn til landska-

pet er såleis tillate i de fleste landskapsvernområde. Det kan være ønskeleg å oppretthalde kulturpåverknad gjennom for eksempel beiting og enkel hogst for å unngå gjengroing eller andre uønska endringar i deler av landskapsbiletet.

For å sikre viltet mot forstyrning kan det, i medhald av naturvernlova § 22, gjevast retningslinjer for ferdsel innfor delar av området, f.eks. i kalvingsområda og trekvegane til villreinen.



Olaf Heitkøtter var sentral i fjellforvaltninga i Lesja, og sat også i Reimersutvalet som utarbeidde første verneframlegget for Reinheimen (foto Jon J. Meli)

1.5 Høyring og vidare framdrift

Det føreliggjande verneforslaget med konsekvensutgreiing vil bli sendt på høyring til grunneigarar, lokale organisasjonar, kommunane og etatar og organisasjonar på fylkesnivå, samt styresmakter og organisasjonar på sentralt nivå. I løpet av høyringsperioden vil det bli halde informasjonsmøte i kommunane. Ei samla lokal og sentral høyring vil komprimere og samordne høyringsprosessen på ein måte som gjer at alle innspel føreligg når kommunane gjev fråsegn.

Fylket og fylkesmannen vil etter høyringa utarbeide eit tilrådd verneframlegg som vert sendt til Direktoratet for naturforvaltning (DN) for vidare handsaming. DN vil behandle konsekvensutgreiinga og evt. godkjenne denne, og i tillegg gje si tilråding til Miljøverndepartementet som førebur saka til Kongeleg resolusjon. Vernevedtak vert fatta av Kongen i Statsråd.

DEL B:

Konsekvensutgreiing

2. Utgreiingsprogram

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing av verkna-
dane av vernet på ulike samfunnsinteresser. Det er ut-
greidd følgjande alternativ, jf. utgreiingsprogram god-
kjent av Direktoratet for naturforvaltning 20.11.2000,
sjå vedlegg 1.

Alternativ A:

Etter innspel frå Skjåk kommune og grunneigaren Skjåk
Almenning om at areala lengst nordvest i Skjåk hadde
moderat verdi for villreinen, og dermed ikkje var natur-
leg å verne etter viltlova, har fylkesmennene gått bort frå
alternativet med biotopvernområde vest for Veltdalen. I
staden vert dette området foreslått lagt inn i det nærlig-
gande landskapsvernområdet, og både verneframlegg
og konsekvensutgreiing har lagt opp til dette. Dette er eit
avvik frå utgreiingsprogrammet, men ein har funne det
føremålsteneleg å gjere det slik.

Alternativet omfattar etter dette:

- Nasjonalpark i dei sentrale fjellområda.
- Seks tilgrensande landskapsvernområde. Dette om-
fattar fjellpartiet fram mot Ottadalen, i Finndalen, i
Lordalen, på sørvestsida av og i Romsdalen, i Reindalen/
langs Tafjorden og i øvre del av Meiadalen/Ister-
dalen og fjella over mot Innfjorden.

Alternativ B:

Ein har funne det føremålsteneleg å lage minst mogeleg
forskjellar mellom dei 2 alternativa. Nasjonalparkarea-

let er difor erstatta med eit landskapsvernområde i dette
alternativet. For dei andre landskapsvernområda er det
ikkje gjort endringar, og alternativet ser difor slik ut:

- Eitt stort landskapsvernområde i dei sentrale fjellom-
råda som omfattar nasjonalparkarealet i alt. A.
- Dei andre 6 landskapsvernområda frå alt. A.

0-alternativet:

Dette er eit referansealternativ som viser forventede utvik-
ling dersom området ikkje vert verna etter naturvern-
lova.

Av kapasitetsomsyn og ønsket om å få mest mogeleg
uavhengige utgreiingar, er det meste av utgreiingane sett
bort til eksterne aktørar. Utgreiinga er delt opp i føl-
gjande delutgreiingar:

- Naturmiljø, friluftsliv og hytter og buer i fjellet
– Utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS
- Kulturminne – Utarbeidd av Oppland og Møre og
Romsdal fylkeskommunar
- Landbruk – Utarbeidd av Jordforsk
- Motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar,
drift og vedlikehald av kraftverk, Forsvaret sin øvingsak-
tivitet – Utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS
- Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling – Utarbeidd
av Østlandsforskning

- Lokal forvaltning og identitet
 - Utarbeidd av Østlandsforskning
- Forvaltning av Reinheimen og lokal kulturell identitet i Nord-Gudbrandsdalen – Sæbjørn Forberg

Det er brukt noko ulik metodikk i delutgreiingane, og dette gjer det vanskeleg med direkte samanlikning og

samanstilling av resultatane. Dei ymse temaa er også forskjellig oppdelt, og omfanget er varierende. Vi må difor vise til dei einskilde rapportane for detaljar (Melby 2003, Vorkinn & Hagen 2002, Vorkinn 2002 og Prestvik 2003).

3. Samfunnsforholda i verneområdet

Reinheimenområdet har mange og varierte brukarinteresser. Fjellområdet er viktig i forhold til busetnad og lokalt næringsliv. Terrenget varierer frå store område utan inngrep til godt ivaretekne seterdalar. Totalt omfattar planområdet ca. 2682 kvadratkilometer.

I heile verneplanområdet er arealet med statsallmenning (Statleg grunn forvalta etter fjellova) ca. 1.220 km², medan bygdeallmenning (Allmenning der eigedomsretten ligg til eigedommane i bygda) og privat grunn utgjer ca. 1.460 km².

Ved alternativ A er fordelinga i nasjonalparken 1003 km² statsallmenning og 934 km² bygdeallmenning og anna privat areal. Dette gjev ca. 48 % privat grunn i nasjonalparken.

3.1 Kommunale nøkkeltal

3.1.1 Lesja kommune

Lesja har eit totalareal på 2.257 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 2.219. Heile 25,6 % var tilsette i primærnæringar, 16,6 % i sekundærnæringar og 57,7 % i tertiærnæringar.

Planområdet omfattar 748 km² i Lesja kommune. Innanfor planområdet utgjer Lordalen statsallmenning 545 km², Lesjaskog heimrast 135 km², Lesja heimrast 64 km² og vel 3 km² for andre private grunneigarar. Dette utgjer om lag 33 % av totalarealet i kommunen.

Landbruksnæringa er ei hovudnæring i Lesja. Over 30 % er sysselsett direkte i landbruket. Totalt ligg det 29 setrer innanfor området som vert foreslått som landskapsvern område. I 1999 var det drift med mjølkeproduksjon på 4 av setrene. I området beiter det ca 6000 sau og 650 storfe. Dei siste åra har tap av sau på beite grunna freda rovvilt auka frå ca 3 % i 1993 til 9 % i 1997. I dei aktuelle landskapsvern områda i Lordalen og Asbjørnsdalen er det omlag 16.000 dekar produktiv skog, men mesteparten er lågproduktiv furu og bjørkeskog. Området er viktig i samband med jakt, fiske og turvandring.

3.1.2 Skjåk kommune

Skjåk har eit totalareal på 2.079 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 2.399. Primærnæringane sysselset 17,5 % av arbeidstakarane, 26,3 % er i sekundærnæringar og 56,2 % arbeider i tertiærnæringar.

Planområdet omfattar 575 km² i Skjåk kommune, og utgjer 28 % av kommunen sitt areal. I Skjåk tilhøyrrer ca. 99 % av arealet Skjåk Almenning og 1 % av arealet tilhøyrrer andre private grunneigarar.

Arealet er eit viktig beiteområde for både storfe og sau. Det er satt ut saltkasser ein rekke stader i fjellet. Dei siste åra har det vorte dokumentert eit aukande tal sau drepe av freda rovvilt innan området. Rundt 90 gardsbruk nyttar området med beitedyr. I området er det og ein rekke vatningsanlegg (dammar og vassvegar) som er nytta i jordbruks-samanheng. Det er mindre areal med skog (bjørk blanda med gammal kraggfuru) innanfor området. Området vert og mykje nytta i samband med jakt og fiske.

3.1.3 Lom kommune

Lom har eit totalareal på 1.945 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 2.481. Primærnæringane sysselset 18,3 %, 19,9 % i sekundærnæringar og 61,7 % i tertiærnæringar.

Lom kommune har eit samla areal på 290 km² innanfor planområdet. Finndalen statsallmenning utgjer 85 % av arealet og 15 % tilhøyrrer private grunneigarar. Verneframlegget omfattar ca. 15 % av totalarealet i kommunen.

Vesentlege interesser i området er landbruk, kulturminne og forvaltning av villrein. I landbruks-samanheng er verdien som utmarksbeite og for vatningsjordbruket viktig. Dei siste åra har det vore store tap av husdyr på grunn av freda rovvilt i området. Det er 30 setrer og ca 3500 beitedyr i området. Det er uttak av vatningsvatn frå 18 teppingar med tilhøyrrande vassvegar. Området vert og mykje nytta i samband med jakt, fiske og turvandring.

3.1.4 Vågå kommune

Vågå har eit totalareal på 1.349 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 3.801. Primærnæringane sysselset 16,6 %, 24,6 % er i sekundærnæringar og 58,8 % i tertiærnæringar.

Vågå kommune har eit areal på 75 km² innafor planområdet. Omkring 60 % av arealet er statsallmenning, dei resterande 40 % er privat eigd. Verneframlegget omfattar ca. 6 % av totalarealet i kommunen.

Området er eit mye brukt beiteområde, og det ligg mellom anna ei felles oppsynsbu i området. Det har dei siste åra vore store tap av husdyr på grunn av freda rovvilt i området.

3.1.5 Norddal kommune

Norddal har eit totalareal på 941 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 1.899. Primærnæringane sysselset 16,5 %, 24,6 % er i sekundærnæringar og 58,9 % i tertiærnæringar.

Norddal kommune har eit areal på 414 km² innafor planområdet. Omkring 46 % av arealet er statsallmenning, dei resterande 54 % er privat eigd. Verneframlegget omfattar ca. 44 % av totalarealet i kommunen.

Om lag 1.800 sau og lam beiter delvis i området. Det er seterstolar i Valldalen, Muldalen og Reindalen. Den fråflytta garden Muldal ligg i området. Vassdrag i Tafjorden er bygd ut for kraftforsyning.

3.1.6 Rauma kommune

Rauma har eit totalareal på 1.500 km², og hadde pr. 01.01.2003 eit innbyggartal på 7.312. Primærnæringane sysselset 6,6 %, 31,1 % er i sekundærnæringar og 62,2 % i tertiærnæringar.

Rauma kommune har eit areal på 579 km² innafor planområdet. Omkring 29 % av arealet er statsallmenning, dei resterande 71 % er privat eigd. Verneframlegget omfattar ca. 39 % av totalarealet i kommunen.

Tuna på 2 bruk i drift med dyrehald pr. 01.01.2004 ligg innafor verneframlegget. Det har beita inntil 4.000 sau og lam i området, men dette talet er i nedgang. Det har dei siste åra vore store tap av husdyr på grunn av freda rovvilt i delar av området. Det er setrer i Vermedalen og Brøstdalen. Ei av setrene er framleis i drift.

3.2 Nøkkeltal for jordbruket i kommunane

For jordbruksnæringa samla for alt areal i dei 6 kommunane syner statistikken følgjande:

Tabell 1 Samanstilling av resultat frå jordbruksteljingane i 1999 og 1989 for kommunane som grensar til Reinheimen.

Data frå Statistisk Sentralbyrå.

	Lesja		Vågå		Lom		Skjåk		Norddal		Rauma	
	1989	1999	1989	1999	1989	1999	1989	1999	1989	1999	1989	1999
Tal driftseiningar (over 5 daa)	302	259	301	253	249	196	240	196	187	159	387	303
derav på 0,5 årsverk eller meir		216		217		176		177		138		244
Korn og annan åker, dekar	2597	1538	4029	3364	3059	2609	4028	3415	1413	1235	4234	2223
Fulldyrka eng, dekar	33340	35129	21284	22580	14391	15178	11946	13566	8556	8594	27728	29806
Overflatedyrka areal, dekar	1146	3791	3546	6420	3572	4882	3835	7356	2716	3172	2760	5486
Jordbruksareal i drift, dekar	37084	40789	28859	32364	21023	22669	19809	24337	12686	13001	34721	37515
Mjølkekyr, tal	2179	2088	1964	1886	1492	1425	1367	1253	738	619	1930	1732
Ungdyr og andre storfe, tal	3977	4654	2479	3039	2502	2639	2428	2749	1159	1051	3594	3798
Avlssvin, tal	48	74	95	101	411	352	807	1156	36	115	283	180
Sauer over eitt år, tal	4529	6560	3537	4298	2603	2959	1448	2227	2025	2143	5319	5635
Leigd jordbruksareal, dekar	6493	9829	6370	7214	3590	4296	4106	6979	3007	3585	10040	12738
Bruks-nedgang på 10 år, %		14,2		15,9		21,3		18,3		15		21,7
Gjennomsn. bruksstorleik, dekar	123	157	96	128	84	116	83	124	68	82	90	124
Leigd areal i prosent		24		22		19		29		28		34
Arbeidstimar i landbruket, tusen timar		757		747		597		583		494		718

På landsplan ser det ut til at nedgangen i talet på bruk med jordbruksdrift har skote fart etter 1999. Per 1. juni 2002 var det omlag 61.500 bruk med jordbruksdrift i Noreg, noko som er 13 % lågare enn i 1999 (Statistisk sentralbyrå 2002).

3.3 Planstatus

3.3.1 Kommuneplanane

I arealplanen til Lesja kommune er området eit LNF-område i sone 4. I forklaringa er dette «Villreinområder, beiteområder, natur- og friluftsområder hvor fradeling og bortbygging til og bygging av fritidsbebyggelse, boligbebyggelse og annen ervervsvirksomhet enn landbruk ikkje tillates.»

I arealdelen til Skjåk kommune er arealet eit LNF-område med forbod mot spreidd bustad og hyttebygging. Innafor desse område skal oppføring av nye eller vesentleg utviding av eksisterande hytte og bustadbygg ikkje vere tillate, jf. PBL § 20-4, punkt c og d.

I arealplanen til Lom kommune er indre delen av området bandlagt som framtidig nasjonalpark, medan den ytre delen er bandlagt som framtidig landskapsvernområde. Liafjellet er LNF-område med forbod mot spreidd hyttebygging. I Finndalen som er bandlagt som framtidig landskapsvernområde, er det to eksisterande reguleringsplanar ved Lauva og Measæterøye. Planane gjeld masseuttak til vedlikehald av Finndalsvegen.

I Vågå kommune er heile området eit LNF3-område med forbod mot bygge- og anleggstiltak (Særskilde miljø- og ressursinteresser – Streng dispensasjonspraksis).

Det er godkjent reguleringsplan for framføring av kraftline mellom Øyberget og Vågåmo (Honnsjøen – Finndalen) i kommunane Lom og Vågå i samband med utbygginga av Øvre Otta.

I kommuneplanen for Norddal er verneframlegget avsett som LNF-område utan reglar om spreidd busetnad. Kommuneplanen har retningsliner for seterstølar basert på ei klassifisering av verdien. Det er laga ein reguleringsplan for eit mindre hyttefelt på Øvstestølen, og det vart starta eit arbeid med reguleringsplan for Nedstestølen som ikkje har vorte fullført.

I kommuneplanen for Rauma er området avsett som LNF-område sone 2 med forbod mot spreidd busetnad.

3.3.2 Fylkesplanane

Fylkesplanen for Oppland

Fylkesplanen legg til grunn at i dei store samanhengande naturområde skal plan- og bygningslova brukast aktivt for å utfylle vern etter naturvernlova. Det er viktig at lokale næringsinteresser og aktivt vern gjennom bruk blir tillagt stor vekt i slike prosessar, og at det leggast opp til ein open planprosess med aktiv medverknad. Det

må stillast ressursar og kompetanse for å gjere det mogeleg for kommunane å ta på seg ansvaret for lokal forvaltning.

Større verneplanar bør også følgjast opp med tiltak for å stimulere miljøbasert næringsutvikling i kommunane, slik at måla for vern og utvikling kan sameinast best mulig. I forvaltningsplanar for nasjonalparkar og landskapsvernområde bør tilrettelegging for ferdsel avvegast i forhold til slitasje og forstyrning i sårbare område. I Reinheimen må ferdsel styrast for å unngå konflikt med villrein. Det er eit mål i fylkesplanen å hindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde.

Fylkesplanen for Møre og Romsdal

Fylkesplanen for Møre og Romsdal tek opp berekraftig arealforvaltning. Planen viser til at delar av det biologiske mangfaldet er under press, og at det er viktig å identifisere og skjermje dette. Ein konstaterer at vern etter naturvernlova berre sikrar små areal, og at det på lang sikt er viktig kva som skjer med «kvardagsarealet». Ein strategi i planen er å forvalte areala slik at også etterkommarane våre kan oppleve og ha nytte av variasjonen og rikdomen som pregar naturen i fylket.

Fylkesplanen viser til at endringar i landbrukspolitikken går utover kulturlandskapet. Planen har difor ein strategi om å ivareta kulturlandskapet slik at viktige estetiske, kulturelle og biologiske verdiar vert sikra for framtida. Forvaltninga må skje i samarbeid med ei berekraftig landbruksnæring. Eitt tiltak i planen er å utarbeide ein fylkesdelplan for kulturlandskap.

Det er laga ein fylkesdelplan for inngrepsfrie område. Ved å oppretthalde inngrepsfrie område ønskjer ein i Møre og Romsdal å verne om det biologiske mangfaldet og sikre komande generasjonar retten til å oppleve urørt natur og til sjølv å avgjere forvaltninga av desse områda. Reinheimen er eitt av 18 prioriterte område i denne fylkesdelplanen.

3.4 Lokal forvaltning og identitetskjenne

Tilknytninga bygdene har til Reinheimen er svært sterk. Ønske om ein sterk påverknad av forvaltninga er dokumentert gjennom spørjeundersøkinga Østlandsforskning har gjort. Resultata er tilgjengelege i ØF-rapport nr 09/2002, «Lokal tilhørighet, bruk og synspunkter på framtidig forvaltning av Reinheimenområdet».

Rapporten viser at ønsket om å bevare fjellområdet som i dag er svært sterkt. Omlag 50 % av dei spurte meinte at

eit vern som nasjonalpark/landskapsvernområde var naudsynt dersom ein skulle vere sikker på at naturen ikkje blei øydelagt, medan 30 % meinte at det ikkje var nødvendig. Når det gjeld haldningar til kven som skal forvalte, viser undersøkinga at 50 % vil har vidareført forvaltninga som er i dag. Undersøkinga viser at det er ønske om eit kommuneovergripande organ som kan sikre lik forvaltning i det felles fjellområdet.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) gjennomfører no prøveprosjekt med omsyn til lokal medverknad i for-

valtninga. I samband med MIK- reforma tidleg på 1990-tallet fikk 16 kommunar delegert forvaltningsansvar for til saman 100 verneområde. Verken kommune- eller naturvernlova opnar for at kommunane kan påleggjast forvaltningsstyremakt. Dette baserer seg derfor på ein avtale mellom kommunane og DN.

Når det gjeld lokal forvaltning av store verneområde, vert det no prøvd ut 4 modellar. Forsøka skal vurderast i 3-5 år med tilbakemelding til Stortinget.

4. Eksisterande vernetiltak

4.1 Område verna etter naturvernlova

4.1.1 Vermedalen naturreservat

Vermedalen naturreservat ligg nedst i Vermedalen i Rauma kommune. Det vart etablert 17. desember 1999, og føremålet er å ta vare på eit barskogområde. Arealet er ca. 1.030 dekar, og reservatet ligg inntil Romsdalen landskapsvernområde.

4.1.2 Slettsvaet naturreservat

Slettsvaet naturreservat i Rauma kommune vart verna 27. juni 2003, og er ein førekomst med edellauskog på ca. 1159 dekar på nordaustsida av Romsdalen. Reservatet ligg inntil Romsdalen landskapsvernområde. Det vert laga forvaltningsplan for reservatet.

4.1.3 Muldalslia naturreservat

Muldalslia naturreservat i Norddal kommune vart verna 27. juni 2003, og er ein førekomst med edellauskog på ca. 614 dekar på austsida av Tafjorden. Reservatet ligg inntil Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde. Det vert laga forvaltningsplan for reservatet.

4.1.4 Botanisk naturminne

«Storfurua» i Nedre Reindalen i Norddal kommune vart

verna som botanisk naturminne 26.05.1933. Denne furua står ca. 300 meter aust for Reindalsseter. Treet er i ferd med å kløyvast, og det er sett inn tiltak for å unngå dette.


4.2 Verna vassdrag

Det er gjennomført 4 verneplanar for vassdrag, og ein 5. verneplan er under utarbeiding. Vassdragsvernet var opphavleg eit vern berre mot kraftutbygging, men etter utarbeiding av Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) tek ein også sikte på å sikre vassstrengen og vassdragsbeltet (arealet inntil 100 meter frå vassdraget) mot andre inngrep. Det er lagt opp til ei differensiert forvaltning av vassdragsbeltet ut frå verneverdiar og brukarinteresser.


4.2.1 Istra

Istra vart verna mot kraftutbygging i 1986 (Verneplan for vassdrag III). Det samla nedslagsfeltet er ca. 85 km², og det aller meste ligg i verneframlegget. Storparten av dette er høgfjell. Eit markert element i Istra er den 180 meter høge Stigfossen. Nede i Isterdalen går elva meanderande gjennom eit slakare parti, før ho går saman med Rauma rett før utløpet i sjøen.

Idyll ved Ulvådalsvatnet, Rauma (foto: Bjarne Fossøy)



Elva Lora i Lordalen landskapsvernområde (foto: Olaf Heitkötter)



4.2.2 Rauma

Rauma vart verna i Verneplan for vassdrag IV. Nedslagsfeltet er på 1136 km², og det meste ligg inne i verneframlegget. Markerte sidevassdrag er Verma, Ulvåa, Asbjørnsåa og Grøna. I tillegg kjem Istra som renn saman med Rauma rett før utløpet i Romsdalsfjorden.

Vassdraget er svært variert i klima, landskap, geologi og biologi. I nordvest er nedbørfeltet prega av djupe dalar og bratte dalsider med spisse tindar og eggjar. Eit karakteristisk trekk er dei mange sidebekkane som fell ned i Romsdalen som høge fossar. Her er klimaet svakt oseanisk, medan dei sørlege delane av nedbørfeltet har eit meir kontinentalt klima med låg årsnedbør og store temperaturgradientar mellom sommar og vinter. Terrengtet er mykje slakare i sør.

4.2.3 Valldøla

Valldøla vart verna i Verneplan for vassdrag I. Nedbør-

feltet er på 360 km², og grensar inntil dei andre verna vassdraga Istra og Rauma. Det meste av nedbørfeltet ligg inne i verneframlegget. Dette er mest høg fjell med tindar, botnar og brear.

4.2.4 Lora

Lora vart verna i Verneplan for vassdrag I. Verneverdiane er særleg knytt til at området er urørt. Så godt som alle inngrep er gjort ved samløpet med Lågen, dette gjeld grusuttak, forbygging og fjerning av kantvegetasjon.

4.2.5 Finna

Finna med sidevassdraget Skjerva vart verna i Verneplan for vassdrag IV. Vassdraget er verdifullt med eit stort mangfald av elveskapte landformer. Det er mellom anna godt utvikla elvesletter i Finndalen av stor verneverdi.

5. Verdiane knytt til området

5.1 Kultur

5.1.1 Mennesket i naturen

Ressursane i fjellet er svært viktig for busettinga i bygdene rundt Reinheimen. Spor etter veidemannskulturen er synleg ei rekke stader i fjellet, mellom anna i form av fangstanlegg for villrein. Utsetjing av aure i fjellvatn har òg lang tradisjon frå dette området. Utnytting av beiteressursane til sau og storfe er framleis viktig for næringslivet. Bøndene i Skjåk kjøpte Skjåk Almenning i 1798. Mens Lesja fjellstyre fekk den første heiltids fjelloppsynsmannen i Noreg. I tillegg er det store private areal med høg fjell også i dei andre kommunane. Dette viser kor viktig det framleis er å ta vare på og utnytte fjellet for bygdene.

Dei som bur rundt Reinheimen ser opp på fjellet kvar dag. Dei ser korleis fjellet forandrar seg time for time og dag for dag. Dei kan sjå fjellet frå alle stadane i bygda. Fjellet er nær bygda og er med på å prege kulturen. Fjellet blir med dette ein viktig del av identiteten til desse bygdesamfunna. Kjensla av at dei eig fjellet basert på personlege røynsler, er ein del av kulturen. Sæbjørn Forberg har skrivne dette i ein rapport om «Forvaltning av Reinheimen og lokal kulturell identitet».

Knut B. Hidle har i ei hovudoppgåve ved Universitetet i Bergen 1996 peika på det same fenomenet. Vernestyresmaktene legg i sin argumentasjon vekt på «nasjonens natur- og kulturarv og eit abstrakt naturomgrep som

urørt natur og biodiversitet.» «Mens aktørene i Skjåk begrunner sin lokale forvaltning ut frå den lokale og erfaringsnære historie og tradisjon, og at Skjåkfjella har sin meining nettopp på grunn av denne lokale og personlege konteksten.»

5.1.2 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Området har eit rikt mangfald både når det gjeld kulturminne og kulturlandskap. Både kulturminna og kulturlandskapet har stor kunnskaps- og opplevingsverdi. Heilskapen med vassdraga, kulturminne og landskap gir saman ei stor opplevingsverdi og er viktig for formidling av kunnskap om fortid og notid.

Kulturminne

Reinheimen har ei rekkje automatisk freda kulturminne knytt til busetting og nytting av utmarks- og fjellressursar i området. Dette er kulturminne knytt til alle periodane i forhistoria vår. Kulturminna utgjer også ein heilskap som gjer det mogleg å sjå større samanhengar som sosial struktur og samfunnsutvikling. Alle fornminne er automatisk freda og har dermed nasjonal verdi.

Reinheimen er i skandinavisk samanheng eitt av dei viktigaste områda for studiar av jakt og fangst frå jernalder og middelalder. Her finn ein dyregravssystem, bogesteller og kilometerlange fangstruser for rein. Villreinen vart også drive utom stup eller utpå vatn for å bli fanga der. Kulturminne knytt til jakt og fangst, spesielt på rein,

er dominerande i høgfjellet, og i området finst over 1000 enkeltobjekt knytt til fangst på rein. I tillegg kjem 8 falkefangaranlegg og andre fangstminne. Side om side med dei forhistoriske kulturminna finn ein jakt- og fiskebuer frå dei siste hundreåra. Naturinngrep frå nyare tid i Reinheimen er få, og trekkrutene til villreinen er lite endra. Dette er ei viktig kjelde for å forstå kulturminne knytt til jakt og fangst.

I Romsdalen er det gjort rike gravfunn. På Horgheimseidet ligg det ein øydegard frå jernalderen og eit gravfelt med meir enn 100 gravhaugar.

Andre kulturminne som er svært verdfulle er setrer og setermiljøet, og det er mellom anna registrert 150 bygningar av spesiell verdi knytt til Lordalen og Finndalen. I Møre og Romsdal ligg dei fleste og største setrene i Rauma i Vermedalen og Brøstdalen, medan Nedstestølen og Øvstestølen er dei viktigaste i Norddal. Det er elles berre nokre få kulturminne som funksjonelt er knytt til vassdraga. Eit vaskehus/naust på Flatmark i Rauma er ivareteke (Thingvold 1987). Dette er det einaste som er igjen av denne typen.

Gamle vegfar er vanskeleg å tidfeste, men har lange tradisjonar. Romsdalen har vore ei viktig ferdselsåre mellom Aust- og Vestlandet gjennom alle tider. Gjennom heile dalen er det restar etter gamle vegfar. Den gamle kongevegen gjekk oppover i dalen og er framleis tydeleg mange stader. Særleg er vegstykket oppi Bjørnekleiva kjent. Vi viser elles til vegvesenet sine registreringar som gjev eit detaljert oversyn over ferd-

selsspora i området. Der Olavsvegen i Valldal kan påvisast, er han rekna som automatisk freda av Riksantikvaren. Gamle vegfar finn ein også austover frå Valldal og Tafjord. Desse rutene er i dag nytta av turistforeininga.

Kulturmiljø

Reinheimen har mange viktige kulturmiljø. Særleg viktig er:

- Øvre del av Lordalen som har store dyregravssystem med hustufter og eit verdfullt setermiljø.
- Finndalen med eit verdifullt setermiljø med flotte bygningsmiljø, kulturlandskap, tufter og gravhaugar.
- Vassvegane i Skjåk, Lom og Vågå som er unike i landssamanheng.
- Skaihø i Vågå kommune der ein har mange hundre bogesteller etter veidemannskulturen.
- Området rundt Rååkåvatnet med ei rekke kulturminnetypar, mellom anna to falkefangaranlegg.
- Nedstestølen og Øvstestølen i Meiadalen i Norddal med eit verdfullt stølsmiljø.

Kulturlandskap

Heile Romsdalen med sidedalane Vermedalen og Brøstdalen er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap som også er rikt på kulturminne og planteartar knytt til eit ope slåtte- eller beitelandskap.



5.2 Naturmiljø

5.2.1 Naturgeografisk klassifisering av verneområdet

Det er gjort ei naturgeografisk inndeling av naturen i Norden (Nordisk Ministerråd, 1984). Dei ulike regionane er nummererte med eit tal og ein bokstav for underregionen. Dei aktuelle verneområda er klassifiserte til å ligge i 4 regionar/underregionar:

- 33c Forfjellsregionen med hovudsakleg nordleg boreal vegetasjon (underregion Gudbrandsdalen med sidedalar).
- 35e Fjellregionen i søre del av fjellkjeda (underregion Møretindane) utgjer største delen av området.
- 35 f Fjellregionen i søre del av fjellkjeda (underregion Dovrefjell) omfattar dei austre delane av området.
- 37d Vestlandet sin lauv- og furuvegetasjon (underregion Nordfjord og Sunnmøre sine fjordstrok).

Verneforslaget inneheld i hovudsak alpine område med nokre mindre område nordboreal og vestlandsk lauv- og furuvegetasjon. Verneforslaget har lagt til grunn at dei utnytta barskogområda med seterdrift er foreslått som landskapsvernområde.

5.2.2 Klima

Klimaet i området varierer frå klart oseanisk (kystprega klima) i dei nordvestlege delane av området til kontinentalt (innlandsklima) i Lom, Vågå og deler av Skjåk og Lesja. Fjella i grenseområda mellom Møre og Romsdal og Oppland gjev ein regnskugge som har følgjer for klimaet i området. Vest i Romsdalsfjella kan det falle opp mot 2000 mm nedbør i løpet av eitt år mot 200 – 300 mm i delar av Vågå, Lom og Skjåk.

Opplandsdelen av området har eit typisk kontinentalt klima med varm sommar og kald vinter. Kystområda har mild vinter og kald sommar.

5.2.3 Geologi

Bergrunnen

Området er dominert av lyse, næringsfattige, granittiske gneisar, tilhøyrande nordvestlandets gneisområde, med markante strukturar frå den kaledonske fjellkjeda. I aust kjem ein inn i ein yngre formasjon av omdanna sedimenter med næringsrik (kalk m.v.) fyllitt og glimmerskifer. Mot Tafjorden og i ei sone mellom Grotli og Asbjørnsdalen finn ein lokale førekomstar av olivin, med karakteristisk, lys, brun forvitningsfarge.



Lapprosa er ein austleg art som har sine vestlegaste voksestader i Reinheimen (foto: Olaf Heitkötter)

Dei store landformene

Vi kan dele landformene i to hovudelement, dei paleiske (gamle), førglasiale (før istida) formene og dei yngre glasiale formene. Det paleiske landskapet dominerer i sør og aust med slake og avrunda dal- og fjellformer. Mot nord og vest får landskapet gradvis meir glasialt preg. Romsdalen dannar ein markant iserodert U-dal. Mot vest og nord vert fjella gradvis meir alpine, med tindar, eggjar og botnar, til dømes Trolltindane. Romsdalen har ei spesiell utvikling, ved at vasskiljet mot Gudbrandsdalen har forskyve seg frå Trolltindane før istidene, til den noverande posisjonen ved Lesjaskogsvatnet. Vermedalen og Ulvådalen er gamle sidedalar til Gudbrandsdalen.

Lausavleiringane

Morene er den dominerande jordarten. Vi finn vide dekke av botnmorene i dei sørlege og austlege områda. Det er også ei rekkje randmorenar frå isavsmeltingstida, frå Yngre Dryas (Ra-tid) og tida like etter (preboreal tid), særleg i sidedalane og fjellområda vest for Romsdalen. Ein har også mange randmorenar frå lokale botnbreiar under den vesle istida (ca. år 1500-1900), særleg i nord og vest. Elles finn ein store breelvavsetningar i sidedalane vest for Romsdalen, mellom anna i Ulvådalen. På dei høgste fjellområda dominerer blokkhav danna ved forvitring før istidene og dels ved yngre frostvitring (over 1300-1400 m.o.h. i nord og vest, stigande til 1600 m.o.h. i sør og aust). I dag er det permafrost over 1300-1500 m.o.h. Frå Trollveggen til Flatmark er store delar Romsdalen dekkja av fjellskred. Særleg ved Skiri er desse markante. Ved Børa vest for Marstein er det omfattande sprekkesystem i fjellsida og plataet over, etter unge utglidingar i fjellsida.

Verneverdige element

Verneforslaget inneheld fleire formelement som det knyter seg geologiske verneverdiar til. Dette er dokumentert i kartlegginga av kvartærgeologisk verneverdige område av Sollid og Sørbel (1981), og kartlegginga av skred i Møre og Romsdal av fylkesgeologen og NGU. Lokalitetane finn vi mellom anna:

- Ved Slettvikane i Valldal finn vi endemorenar, spyle- renner og breelvterrassar frå sein Yngre Dryas. Ei sandurflate er særleg fint utforma.
- Ved Høghornet i Valldal ligg ei stor sidemorene danna av brestraumen ned Valldalen, og fleire lokalbreiar har danna morenebogar høgare i terrenget.
- Mellom Grovaskardsvatnet og Alteret i Rauma går eit system av endemorenar med spylerenner imellom, og Alteret er ein markert breelvterrasse.

- I Asbjørnsdalen og på Horgheimsflya med eit belte av endemorenar med spylerenner, dødisgroper, terrassar og seter i ulike nivå. Områda er formrike og varierte, og er vurdere til å ha stor fagleg interesse.
- I Lordalen er det mange velforma drumliner innafor eit avgrensa område. Formene syner retninga isen smelta av i. Drumlinfeltet utgjer ein eigen terrengtype. Det er relativt sjeldan å finne drumlinfelt med eit så stort tal former innafor eit lite område.
- På Vålåflyi er det eit område med velutvikla flutings som viser avsmeltingsretninga til innlandsisen.
- I hovuddelen av området Vesleskjervedalen – Sjutjønnin innafor området. Langs sørsida av Kjølén ligg eit markert sete som kan sjåast inn mot eit passoverløp med høgde 1670 m.o.h. Setet er danna i ein bresjø demt av isen. Når isen smelta, blei sjøen tappa over eit lågare passpunkt lengre aust. Området viser utviklinga av dreneringa etter kvart som isen smelta ned.
- Ved Spongflyi aust for Torsvatnet i Skjåk har verdfulle de Geer-morenar og breelvavsetningar.
- I Trolltindane/Trollveggen med unike pinaklar og Norges største raskjegle (rett under Bruraskaret).
- På Børa med omfattande sprekker i fjellsida og plataet over. Dette er unikt i norsk samanheng.
- Som fjellskred ved Skiri-Flatmark. Dette er også spesielt i norsk samanheng.

5.2.4 Vegetasjon

Reinheimen er eit stort og variert område med stor variasjon i vegetasjonen. Det har stor spennvidde i miljøtilhøve og inneheld mange verdifulle lokalitetar, og interessante og til dels truga artar. Gradientane går på kystinnland, nord-sør, høgde over havet og næringsfattig mineraljord til næringsrikjord. For fleire naturtypar og artar er førekomstane innafor planområdet av stor verdi regionalt og til dels nasjonalt. Dei store skilnadene i høgde over havet gjer at området ligg i ulike vegetasjonssoner, noko som skaper variasjon avhengig av klimatiske forhold som nedbør og temperatur. Gaarder og Melby (2003) omtalar området som «Med unntak av verneområdene knyttet til Dovrefjell, er det sannsynligvis ingen andre verneområder i Nord-Europa som kan vise til tilsvarende spennvidde i naturmiljøet.»

5. Verdiane knytt til området

Dei mest verdifulle områda i forhold til sårbare eller trua planteartar er:

- Snauffjellet nær Slådalsvegen frå Grønhøi i Lesja og sørover til Skaihøi i Vågå og Lom kommunar er artsrik, og har ein svært interessant kalkkrevjande fjellflora. Berre dei aller beste klassiske «plantefjella» i Sør-Noreg kan oppvise eit større mangfald med fleire sjeldsynte artar.
- Finndalen er ein utprega kontinental fjelldal. Elvesletta representerer eit variert og interessant miljø. Denne sletta med tilhøyrande kulturlandskap er sær-eigen og av stor regional til nasjonal verdi.
- Landskapet rundt Billingen er prega av dei to elvene Tora og Frøysa som går saman rett ved setrene. Dei mest artsrike miljøa ligg langs elvene, og spesielt langs dei partia som er påverka av fosserøyk. Her finn ein mellom anna ein rik flora av ymse saltlav.
- Langs austsida av Tafjorden finn vi artsrike edellauvskogar med tilhøyrande raudlista insekt- og fugleartar.
- Daurmålhaugen og Huldrekoppen i Norddal er 2 kalkrike lokalitetar med fjellvegetasjon. Her finn vi fleire austlege artar med norsk vestgrense.
- Borga i Romsdalen er ein kalkrik lokalitet med bl.a. funn av den austlege arten lapprose.


- I Romsdalen finn vi ein stor botanisk variasjon med mange viktige lokalitetar. Dalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap med viktige slåtteenger og naturbeitemarker. Innafor verneframlegget langs Rauma finn vi avsnørte elvedammar og bakevjer med austlege planteartar. Selen har ekstremrik myr. På Flatmark-Skiri er det rike edellauvskogar og ved Ryggvatna er det gammal furuskog med tilhøyrande artar.

- I Brøstdalen er det fleire rike naturbeitemarker som Kabben og Horgheimsetra. På Horgheimsetermoen har vi gammal furuskog med austlege, kravfulle artar.


Utmarksbeiting og setring har gjeve grunnlag for artsrike engsamfunn. Slike er framleis å finne rundt fleire av setrene særleg i Finndalen. Redusert beitetrykk og slått fører til gjengroing av mange enger, mens andre har mista sitt artsmangfald som eit resultat av oppdyrking eller bruk av kunstgjødsel.

5.2.5 Dyreliv

Faunaen i dei aktuelle verneområda viser stor variasjon. Leveområda varierer frå produktiv barskog via fjellbjørkeskog til risheier, lavflyer og vegetasjonsfrie område i dei høgastliggande områda. I tillegg finst artar knytt til vatn og våtmark. Verneplanområdet har difor totalt sett ein artsrik fauna. Nøkkelartane i økosystemet er blant anna villrein, jerv, kongeørn, jaktfalk og rype. Det er også fast tilhald av elg, hjort, rådyr og gaupe innanfor området.



Rypebærblada får ein flott raudfarge etter dei første frostnettene. Her i lag med laven kvitkrull (foto: Bjarne Fossøy)



Reinrose finst på kalkrik grunn (foto: Bjarne Fossøy)

Villrein

Noreg er i dag ein ansvarsnasjon for sikring av villrein i Europa, og vi forvaltar meir enn 90% av den europeiske villreinen innanfor 23 område i Sør-Noreg. Ein FN-rapport fastslår at verdens naturmangfald (som inkluderar mellom anna villreinen med tilhørande leveområde) er truga av moderne, menneskeskapt infrastruktur. Delar av dette arbeidet er publisert i *Journal of Wildlife Management*.

Villreinen er med si flokkåtferd og nomadiske levevis ein spesiell dyreart i norsk fauna. Villreinen utnyttar eit ekstremt skrint næringsgrunnlag som krev store areal for å få fylt behovet for mat. Store beiteressursar kan ligge urørt i lange periodar og verke uvesentlege. Ein pulserande arealbruk og beiterotasjon er sentralt ved reinen sin beitedynamikk, og det vil medføre at det alltid er eit visst areal med kvilande beite. For å forstå villreinen sin arealbruk, må ein difor sjå arealbruken i eit tidsperspektiv på 20 til 30 år. Dei fangstrelaterte kulturminna i fjellet viser at alt av det sentrale fjellområdet er brukt av villreinen i ein eller fleire periodar i ein lang totalsyklus.

Reinheimen, eller Nord-Ottadalen villreinområde, er eitt av dei beste og mest produktive villreinområda i landet. Området er eitt av dei siste store villreinområda i Europa som framleis inneheld dei viktigaste funksjonane for villreinen. Eit stort urørt sentralområde med lite ferdsel gjer at fjelløkosystemet er viktig i forskings- og forvaltningssamanheng.

Området er kjent for villrein i god kondisjon med høge vektor og stor kalvetilvekst. Villreinområdet har gode beiteområde gjennom heile året. Området er samanhengande og gjev villreinen gode moglegheiter for å trekke til næringsrike beite til ei kvar tid på året. Vår bruk av dette fjellområdet gjer dette framleis mogleg. Spesielt om vinteren er dette viktig, då snøforholda er avgjerande for kor reinen kan finne beite.

Villreinen brukar i dag dei austre delane av området som vinterbeite. Viktige område dei siste åra har vore Aursjøen og Heggebottflya og områda vestover mot Hørrungen i Skjåk, Liafjellet i Vågå og Lom, Lordalstraktene austover mot Tverrfjellet og Kjølén-Trihø og austsida av Finndalen. Lengre vestover vil det dei aller fleste åra vere for mye snø til at ein stor del av stamma kan nytte dette som vinterbeite. I enkelte år med lite snø kan også dei vestlege fjellområda vere viktige som beiteområde for villreinen.

Kalvinga til villreinen har skjedd på begge sider av Lordalen dei siste åra, men også nordover mot Grøndalen, rundt Aukarsvatnet og over mot Finndalen. Kalvinga har dei siste åra vore i perioden 1. –20. mai. Villreinen er i denne perioden svært vår for menneskeleg forstyrning. Truleg er dette noko av grunnen til at det sentrale kalvingsområdet i Asbjørnsdalen no ikkje lenger vert nytta, for her kan den menneskelege ferdsla allereie vere for stor. Det kan verke som om villreinen kalvar i område med mest mogleg ro. Dette kan medføre at kalvinga då kan bli pressa til område med dårlege beiteforhold. Det

Fjellreven er nesten utrydda frå Reinheimen (foto: Olaf Heitkötter)



er difor eit mål at dei viktige kalvingsområde vert sikra mot ytterlegare forstyrning.

Om våren går reinen på grøntbeite og brukar også for ein stor del barskogsområda og kulturlandskapet heilt ned i dalbotn til dømes i Ottadalen. Spesielt kan seterområda i Lordalen og Finndalen einskilte år bli mye nytta. Dette gjeld blant anna bukk, men også delvis fostringsflokkar.

Reinen finn mye av sommarbeitet i dei same områda som der det er vinterbeite, men skiftar vegetasjonstype og høgdslag. Det føregår eit regionalt trekkmonster gjennom villreinområdet i ein vestleg retning mellom kontinentale vinterbeite og kystnære sommarbeite. Lordalen utgjer eit grovt skilje, og i dalen passerer det ofte store flokkar på tvers, på trekk mellom sesongbeita. Søre Løftet og Søre Berget i Lordalen er slike sentrale passeringspunkt. Mange av bukkane trekkjer enda lengre vestover på sommarbeite i Rauma, Norddal og nordvestre delar av Skjåk og Lesja. Også fostringsflokkar med simler og kalv kan halde seg lengre nordvest om sommaren, men ikkje så langt i ytterkantane som bukkane. Generelt nyttar fostringsflokkane dei sentrale delane av villreinområdet. Finndalsfjellet-Kjølen og områdene rundt Storbreen i Lesja og Skjåk er heilt sentrale beiteområde. Den vesle delstammen ved Trollstigen held seg i nordvest heile året.

Gamle fangstanlegg viser at det har vore villrein i området langt tilbake i tid. Reinen sin bruk av området i dag samsvarar mykje med den tradisjonelle som låg til grunn for plassering av graver og bogesteller. Frå 1840 og fram til 1964 var det tamreindrif i området. I 1964 vart det dåverande Trio tamreinlag lagt ned og det vart etablert eit villreinområde ved at det vart sett ut tamrein. Det har også vorte sett ut tamrein i Trollstigområdet, først i 1958 og så i 1999.

Ottadalsreinen er inne i ei forvillingsfase. Den opphavlege tamreinen var lite sky. Dette kan skuldast både genetik og tillæring. Etter oppstart av jakt i 1967 måtte reinen gradvis lære seg at menneska utgjorde ein fare. I dag er Ottadalsreinen meir sky enn villreinen i Forelhogna og Norefjell-Reinsjøfjell, men har ikkje så lang fluktavstand som Snøhetta- og Hardangerviddastamane. Reinen reagerer mykje likt på turgåarar som jegerar, og dermed vil turvandrarar kunne stresse reinen. Ved uheldig omfang av ferdsla kan presse dyra bort frå mykje trafikkerte område. Forvaltning av villreinstammen gjennom jakt vil truleg gjere at dyre etter kvart vil bli meir sky.

Reinen er svært sårbar for forstyrningar i beiteområda.

Den beiterotasjonen som er dokumentert, i Reinheimen syner at heile fjellområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje etablerast ein annan bruk i eit område som er mindre brukt i ein periode. Dette kan i tilfelle gjere det umogleg for villreinen å nytte området på eit seinare tidspunkt. Kalvingsperioden i mai er spesielt viktig å ta omsyn til, villreinen krev då eit område som er roleg. Dei regionale trekkområda i Lordalen og Finndalen er og svært viktige for villreinen. Trekket går konsentrert gjennom skar og langs vatn. Desse områda må skjermast for anna bruk. For ytterlegare dokumentasjon av villreinen sin arealbruk visast det til villreinkartet. Det skal no gjerast ei sårbarheitsvurdering av dyre- og plantelivet i nasjonalparkane. Det er viktig at den rullerande arealbruken til mellom anna villreinen vert lagt til grunn for desse vurderingane.


Forvaltninga av villreinstammen er gjort planmessig, og villreirutval og -nemnd har godt oversyn over beiteforhold, områdebruk og tilvekst. Vinterstammen har dei siste åra vore på rundt 2000 dyr.

Fugl

Innanfor verneplanområdet er det registrert over 115 hekkande fuglearter. Av desse artane er 12 oppført på lista over truga fuglearter i Noreg. Dette tilsvarar 20 % av talet på artar som står på «raudlistene». Verneplanområdet Reinheimen har stor verdi i forvaltninga av truga fuglearter i Noreg. Vi finn kongeørn og jaktfalk spreidd i området. Hekkeplassane til desse er sårbare for forstyrning. Fleire utprega høgfjellsartar har ei sterk tilknytning til området. Dette gjeld til dømes fjellerke, fjæreplytt, havelle, boltit og myrsnipe. Hos desse artane finn ein mellom 20-40 % av hekkebestanden i Oppland fylke innanfor verneplangrensene.

To våtmarksområde peiker seg ut som spesielt verdfulle og eit av desse har kvalitet av nasjonal verneverdi. Dette gjeld Rååkavatnet/Leirungsvatnet med 20 artar av hekkande våtmarksfugl. Artane bergand, havelle og svartand står på den nasjonale raudlista. Området er omtala i verneplan for våtmarksområde i Oppland. Også våtmarksområda langs Finna i botnen av Finndalen har stor verneverdi. I dette elvelandskapet er det registrert 47 artar, av dei 17 typiske våtmarksfuglar.

Dei rike edellauvskogslieane langs Tafjorden og i Romsdalen gjev grunnlag for artar som ulike sangarar og spetar. Vi finn nokre hekkande kvitryggspettpar både langs Tafjorden og i Romsdalen. Denne arten er Noregs mest truga hakkespett, og har krav til gammal og rotnande lauvskog i leveområda sine. Kvitryggspetten er karakterisert som sårbar på den norske raudlista for truga artar. I Romsdalen er det også registrert gråspett, som er ein



VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Temakart for villrein

-  Viktige vinterbeite
-  Heilårsbeite
-  Sommarbeite
-  Kalvingsområde
-  Lite brukt vinterbeite
-  Viktige trekkvegar
-  Tidlegare kalvingsområde
-  Grense for verneområde

0 2 4 6 8 10 Km

Målestokk 1:400 000



Fylkesmannen i Oppland og Møre og Romsdal fylke, mars 2004

omsynskrevjande raudlisteart. Statusen til dvergspetten i området er meir usikker.

Store delar av planområdet er gode produksjonsområde for rype. Fjellrypa er knytt til dei høgastliggande områda, medan lirypa har leveområda sine i bjørkeskogbeltet i lågalpin region.

5.2.6 Urørt natur

Direktoratet for naturforvaltning har etablert kart over inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON). Reinheimen har stor verdi som eit samanhengande området meir enn 5 kilometer frå eit tyngre teknisk inngrep, som vasskraftutbyggingar, vegar, kraftliner og liknande. Reinheimen har det nest største villmarksprega området i Sør-Noreg etter Hardangervidda, totalt er 877 km² innafor den sona som er meir enn 5 kilometer frå eit større teknisk inngrep.

Stortingsmelding nr 31 (1992-93), «Den regionale planleggingen og arealpolitikken», gav ein oversikt over mål og prinsipp for arealpolitikk. I meldinga er det sagt at store samanhengande intakte naturområde i framtida må sikrast, og at lokale og regionale styresmakter skal innarbeide omsynet til nasjonale miljømål i sin planlegging.

Desse villmarksprega områda er viktige i forhold til dyreliv som er sårbart for menneskeleg forstyrring, som villrein og ei rekke fugleartar. I tillegg er områda viktige for eit enkelt og tradisjonelt friluftsliv, som ikkje har behov for infrastruktur knytt til vegar eller andre inngrep.

Vi viser til kartet med INON-soner side 35.

5.2.7 Vassdrag

Området har fleire verdfulle vassdrag. Rauma, Istra, Valldøla, Lora, Finna m/Skjerva er verna mot kraftutbygging. Vassdraga i området er relativt urørte og gjev uttrykk for naturlege vassvegar. Verneverdiane knytt til elvene er store. Det er relativt få større elver i Noreg som ikkje er regulerte gjennom kraftutbygging eller anna utbygging heilt inn mot elvestrekninga.

Tora/Føysa, Finna og Lora er vurdert som viktige type- og referansevassdrag for regionen.

Rauma er ei stor, vill og vakker elv. Elva gjev liv til eit landskapsbilete av internasjonal verdi. Elva er omkransa av høge og tindeprega fjell som gjev den grønne elva særpreg som er kjent langt utover landegrensene.

Asbjørnsåa, Grøna, Tora/Føysa, Lora og Finna er og store urørte elver i høgfjellsområdet. Dei ligger som grønne livsnervar i terrenget og viser at vatnet gjev opphav til liv og mangfald.



Fjellrypesteggen i all si vårprakt (foto: Bjarne Fossøy)



Fjøreplytt kan hekke i fjellområdet (foto: Per Jordhøy)




Fjellvåken er vanleg i Reinheimen, særleg i smånagarår (foto: Per Jordhøy)



Lappsporv (foto: Per Jordhøy)

Tabell med lokalitetane på ”Temakart over verneverdiar”.

Tema:	Nr.:	Område:	Verdiar:
Kulturminne/-miljø	K1	Øvre del av Lordalen	Dyregraver, hustufter og setrer
	K2	Finndalen	Setermiljø, tufter og gravhaugar
	K3	Nordsida av Ottadalen	Unike vassveggar
	K4	Skaihø i Vågå	Fleire hundre bogesteller
	K5	Råkvatnet	Falkefangaranlegg og andre kulturminne
	K6	Romsdalen	Nasjonalt viktig kulturlandskap
	K7	Nedstestølen/Øvstestølen	Verdfulle seterstølar
Geologi	G1	Slettvikane i Vallidal	Mange ulike avsetningar
	G2	Høghornet i Vallidal	Ei stor sidemorene
	G3	Alteret i Rauma	Endemorenar, spyleirner og breelvtterasse
	G4	Asbjørnsdalen-Horghemsflya	Mange ulike avsetningar
	G5	Lordalen	Godt utvikla drumlinfelt
	G6	Vålåflyi	Velutvikla flutings
	G7	Vesleskjervedalen	Markert sete
	G8	Spongflyi, Skjåk	de Geer-morenar
	G9	Trolltindane/Trollveggen	Pinaklar og Noregs største raskjogle
	G10	Børa	Store sprekkesystem i fast fjell
	G11	Skiri-Flatmark	Fjellscred
Vegetasjon	V1	Grønhøi-Skaihøi i Lesja, Vågå og Lom	Kalkkrevjande fjellvegetasjon
	V2	Finndalen	Verdfull elveslette
	V3	Samløpet Tora-Føysa	Artsrike fossesprøytsamfunn
	V4	Austsida av Tafjorden	Artsrike edellauvskogar
	V5	Daurmålshaugen og Huldrekoppen i Norddal	Kalkrik fjellvegetasjon
	V6	Borga i Rauma	Kalkrik fjell med lapprose
	V7	Romsdalen	Stor botanisk variasjon
	V8	Brøstdalen	Naturbeitemarker og gammal furuskog
Dyreliv	D1	Råkvatnet/Leirungsvatnet	Fjellsjøar med dukkender
	D2	Finndalen	Våtmarksområde langs Finna
	D3	Austsida av Tafjorden	Edellauvskog med truga hakkespettar
	D4	Romsdalen	Lokalitetar for truga hakkespettar



VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Temakart over verneverdiar

- V** Vegetasjon
- D** Dyreliv
- G** Geologi
- K** Kulturminne
- Grense for verneområda

0 2 4 6 8 10 Km

Målestokk 1:400 000



Fylkesmannen i Oppland og Møre og Romsdal Fylke, mars 2004

6. Brukarinteresser

6.1 Landbruk

Dei viktigaste brukarinteressene i området er knytt til landbruksnæringa. I planområdet er det setring og beiting med sau og storfe. Landbruket utgjer 20 til 30 % av sysselsettinga i dei 6 kommunane i planområdet og er såleis ei viktig næring i alle områda.

6.1.1 Jordbruk

I Romsdalen landskapsvernområde ligg tuna på 2 bruk i drift med dyrehald pr. 01.01.2004 innafor verneframlegget. Dette gjeld eitt bruk på Skiri og eitt på Flatmark. Seks andre eigedommar har bustadhus innafor, og det bur folk fast på to av desse. Arealet med dyrka mark på Flatmark og Skiri er i underkant av 400 dekar. I tillegg er det med mindre areal med dyrka mark på Alnes, Myrabø og Lyngheim. Litt av dyrkamarka på Brøste er med i framlegget, men her er ikkje busetnad. Det er også dyrka eit felt ved Storhaugen i Vermedalen, og litt av dyrkamarka på Slettafjellsetra ligg innom grensa.

Utmarksbeite og seterdrift i Finndalen og Lordalen er viktig for landbruket. Den landbruksmessige bruken av Finndalen og Lordalen er stor, og i begge dalane er det seterdrift med produksjon av mjølk. Vassvegane frå fjellet i Ottadalen er viktig for jordbruket i desse bygdene. Vassvegane og dei aktivt brukte seterområda ligg inna-


for område foreslått som landskapsvernområde på grunn av brukarinteressene i området.

6.1.2 Skog

Det er produktiv furuskog i Lordalen i Lesja kommune og Finndalen i Vågå og Lom kommunar. Totalt er arealet på ca 20.000 dekar produktiv skog og 50 % av dette er furuskog resten bjørk. Årlig hogstkvantum varierer men ligg på mellom 100 – 200 m³ for furu og bjørk. Det er no utarbeidd ein ny driftsplan for Lordalen.

I Norddal er grensa trekt slik at lite av skogen kjem innafor. Mykje av den drivbare skogen ligg i område som er vanskeleg tilgjengeleg eller utilgjengeleg (Norddal kommune). Skogarealet er ikkje registrert, slik at data er utilgjengeleg. På Skjeggghammaren står stor furu og hogstmogen lauvskog, medan det er lauvskog i Meiadalen.

Rauma har i overkant av 20.000 dekar produktiv skog. Det er skog langs liene i Isterdalen og Romsdalen. Mykje av dette er vanskeleg tilgjengeleg. Det står også furu og bjørk innover Vermedalen og Brøstdalen. Det aller meste av denne skogen er vernskog. Under vernskoggrensa på strekninga Lyngheim-Fossbrua ligg areala i sone B der vernereglane fastset at skogen skal skjøttast etter ein plan.



Sauer ved steinbu frå Gjøingsdalen i Ottadalen landskapsvernområde, Skjåk (foto: Per Dagsgard)

6.1.3 Seterdrift

Totalt er det 78 setrer innanfor området. Mange av setrene er framleis i bruk i samband med landbruksdrift. Nokre brukar setrene i samband med utmarksbeite, medan i underkant av 10 setrer framleis er i drift med mjølkeproduksjon.

6.1.4 Beitebruk

Tradisjonelt har gardsdrifta i desse bygdene vore svært knytt til bruken av utmarka med beiting, slått, stuing (lauving) og hogst av ved og tømmer. Den tida det var mange geiter, hestar, sau og storfe som beita i utmarka (for 50 - 150 år sidan), var det mykje mindre skog og kratt der enn det er no. Det var store område med snau beitemark i seterdalane. Etter kvart som talet på beitedyr, som hest og geit, har gått attende, er det gamle kulturlandskapet i ferd med å gro att av skog og kratt. Landskapet endrar karakter. Det biologiske mangfaldet som er knytt til det gamle kulturlandskapet vert gradvis utarma.

Utmarksbeite er framleis svært viktig, og opp mot 18.000 sau og 2.500 storfe beiter i området. I fjellområdet er det sett ut saltingsautomatar for beitedyra. I tillegg er det bygd 23 gjetarhytter i planområdet. Det føreligg søknad om å oppføre ei ny gjetarhytte i Lesja.

6.2 Friluftsliv

6.2.1. Turvandring

Det meste av Reinheimen er eit villmarksområde som i liten grad er tilrettelagt for friluftsliv. Det har ikkje vore ønskje om å marknadsføre eller kanalisere meir ferdsel inn i området. Dette med bakgrunn i ein sårbar villreinstamme og et unikt fugleliv. Den norske turistforeining har eit utbygd sti- og hyttenett i vestlege delar av området. I Tafjordfjella og vestlege delar av Skjåk er det merka stiar og 7 turisthytter. Reindalseter i nedre Reindalen er betjent, og her vert det servert mat og drikke.


Om vinteren er området totalt sett mindre brukt. Rasfare gjer at mange av sommarrutene er uaktuelle. Hovudtyngda av fleirdagars skiutfart går frå Brøste og inn til Vakkerstølen, Pyttbua og evt. vidare til Torsbu. Nokre skiløparar går opp frå Billingen til Torsbu og Veldalshytta. Det er også mykje dagsutfart til Asbjørnsdalen med utgangspunkt i ein tilrettelagt parkeringsplass på Rånå.

Rute- og hyttenettet er dokumentert på friluftslivskartet i konsekvensutgreiinga om friluftsliv (Melby 2003).

6.2.2 Jakt og fiske

Heile området er viktig for friluftslivet hovudsakleg i samband med jakt og fiske.

Skiløparar i Skjervedalen, Lesja. (foto: Bjarne Fossøy)



Reinheimen er ein del av Nord-Ottadalen villreinområde. Årleg vert det felt rundt 800 villrein i planområdet.

Det blir sett ut fisk i ei rekkje vatn i området. Det vert brukt motorbåt på Ulvådalsvatnet, Torsvatnet og Skjåk sin del av Leirungsvatnet i samband med fiske.

Rauma elv er laks- og sjøaureførande på den strekninga som ligg innafor verneframlegget. Rauma har vore blant dei beste lakseelvene i regionen, men no er laksestammen redusert pga. infeksjon av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Istra fører også anadrom laksefisk eit stykke inn i det føreslegne Trollstigen landskapsvernområde. Her er det mest sjøaure. Valldøla er laks- og sjøaureførande nedstraums Gudbrandsjuvet utanfor verneframlegget. Fisket i desse elvane er også viktig for reiselivet i kommunane.

6.3 Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling

Reiselivet er ei viktig næring i desse kommunane, særleg i Lom, Rauma og Norddal. Bjorli i Lesja er ein populær vintersportsstad med skitrekk, hytter og god hotellkapasitet.

Det ligg ikkje større turistanlegg inne i verneframlegget, men det er ein kafé/kiosk med rasteplass på Stigrøra på toppen av Trollstigen. Dette området er halde utanfor verneframlegget, men ligg omkransa av eit landskapsvernområde. Det skal utarbeidast ein reguleringsplan for Stigrøra, og det er sett i gang ein arkitektkonkurranse i samband med eit prosjekt i regi av Nasjonal Turistveg. I Lordalen er det ei seter som driv med servering.

I randområda er det noko småskala reiseliv. Vi finn fleire mindre hotell, campingsplassar og husvære for utleige. Sal av blant anna jaktkort gjer at lokale overnattingsstader får gjestar.

I Tafjord er det planar om eit hotell på damkrona til Sakariasdammen, «Galleri Tafjord». Dette er 1 km frå grensa til Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde.


Reiselivet i området er godt organisert i fleire reiselivslag/samarbeidskonstellasjonar.

6.4 Kraftutbygging

6.4.1 Eksisterande kraftverk

Verma kraftverk nyttar eit 110 meters fall frå ein inntaksdam ved munningen av Vermedalen. Produksjonen er 70 GWh/år. Magasina er Vermevatnet med 5,5 meters regulering og Langvatnet med inntil 1,8 meters reguleringshøgde. Eit felt i Midtbotn er snudd ved Alteret, og delar av vassføringa er ført over til Verma. Det er bygd anleggsveg opp til Langvatnet og køyrespor til Alteret.

Sjøbolet i Innfjorden er magasin for Berild Kraftverk. Vatnet er regulert inntil 3, 5 meter med ei demning i utløpet av vatnet. Haugabotsvatnet i Innfjorden er magasin for Vikdalskraft, men inntak og reguleringsinngrep ligg utanfor landskapsvernområdet.



Tafjord Kraftproduksjon AS har hovudproduksjonen sin i Tafjordområdet, og følgjande inngrep ligg i verneframlegget:

- Muldalselva vert teke inn i på ca. 450 m.o.h. og ført i rør til Tafjord. Det er sterk reduksjon i vassføringa nedstraums inntaket.
- I Veltdalen vert vassdraget teke inn og overført til kraftstasjon K5. Magasina er teke ut av forslaget til Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde. Fremste Smettevatn, Heimste Veltdalsvatn og Fremste Veltdalsvatn er regulert mellom 8 og 17 meter. To mindre felt i Midtkupa og Østre Huldrekoppen vert overført.
- Styggedalen, eit felt øvst i Torsdalen i Skjåk, vert overført til Grønvatnet.

Det vert gjennomført regelbundne snømålingar i nedslagsfeltet til kraftverksmagasina. Dette skjer ved hjelp av snøscooter.

6.4.2 Planlagd kraftutbygging

Samla Plan for vassdrag

Samla Plan for vassdrag er gruppevis prioritering av kraftutbyggingsprosjekt for seinare konsesjonsbehandling. Prioriteringa er basert på kraftverkøkonomisk lønsom og brukarinteresser i vassdraget som vassforsyning, naturvern, landbruk, friluftsliv, fisk, vilt m.v. Metoden er noko modifisert dei siste åra, men går no i hovudsak ut på å sortere utbyggingsprosjekta i 2 kategoriar, kategori I som kan konsesjonssøkjast no, og kategori II som ikkje kan konsesjonssøkjast.

Samla Plan for vassdrag er samkøyrte mot nasjonalparkmeldinga. Prosjekt i kategori I skal ikkje hindrast av vern, medan konfliktar med kategori II-prosjekt skal avklarast i verneplanprosessen.

Øvre Otta

Planane for utbygging av Øvre Otta er no vedtekne. Sjølv utbygginga kjem ikkje i berøring med verneplanforslaget.

Innfjordelva

Det føreligg eit Samla Plan-prosjekt for Innfjordelva som m.a. inkluderer bygging av ein ny Sjøbolet kraftstasjon som nyttar fallet frå vatnet Sjøbolet ned til Grønfonna. Prosjektet medfører ikkje tilleggsregulering av Sjøbolet ut over det som er i dag.

Optimaliseringsprosjekt

Det føreligg 2 mindre prosjekt i Veltdalen og Reindalen som skal auke produksjonen i eksisterande kraftverk. I det eine prosjektet snur ein eit felt på ca. 1 km² ved hjelp av ein kanal og fører dette inn i Smettevatnet. Det andre

prosjektet går på å overføre utløpet av Svarteggvatnet via ein kanal til Daurmålsvatnet, og deretter føre avløpet inn på eksisterande trykkleidning til eit kraftverk utanfor verneframlegget.

Det føreligg planar om å ruste opp Verma kraftverk i Romsdalen. I tillegg til at det er skissert ny utbygging med inntak lengre oppe i vassdraget, er det også eit alternativ der ein rustar opp eksisterande inntaksdam, røyrleidning og kraftverk. Inntaksdammen ligg inntil yttertergrensa for Romsdalen landskapsvernområde.

Ny kraftutbygging

Det er konsesjonssøkt eit småkraftverk på Grønningsæter i Valldal. Verket skal ha inntak i Grøndalsvatnet, men er tenkt manøvrert utan regulering av inntaksmagasinet.

6.4.3 Kraftliner

Det er i gang utbetring og opprustning av kraftlina som går gjennom Finndalen. I samband med Øvre Otta-utbygginga blei det bestemt at kraftlina skulle fortsette å gå gjennom Finndalen. Lina blir no oppgradert til å bli 132 kV. Det er tatt omsyn til at lina går i eit sårbart terreng i samband med anleggsarbeidet.

6.5 Vegar og jernbane

6.5.1 Vegar

Offentlege vegar

E 136 ligg i Romsdalen landskapsvernområde over ei strekning frå Monge til Foss bru. Vegen er hovudtilkomsten frå Austlandet til Sunnmøre og Romsdal. Vegen er stadvis smal og svingete, og er utsett for ras nokre stader. Det føreligg fleire framlegg til utbetring av parsellar på strekninga. Eit alternativ der vegen kryssar Rauma elv 2 gonger på strekninga Monge-Skiri er forlate pga. konflikt med verneverdiane til vassdraget og det etter måten urørte området på sørsida av elva. Det kan her vere aktuelt med ulike tunnelalternativ forbi dei mest rasutsette strekningane.

RV 63 kryssar Trollstigen (Meiadalen) landskapsvernområde på strekninga frå øvst i Isterdalen i Rauma til 1 km før Langdal i Valldalen. Trollstigen er stigninga frå Isterdalen til Stigrøra. Vegen vart ferdig i 1936, og består m.a. av 11 hårnålsvingar. Det har vorte gjennomført omfattande rassikringsarbeid i Trollstigen dei siste 3 åra, og det vert arbeidd med planar for ei mindre omlegging av vegen for å unngå steinsprang ned på vegbanen. RV 63 har status som Nasjonal Turistveg gjennom heile landskapsvernområdet. Det er aktuelt med ulike tiltak i samband med dette, m.a. ønskjer ein å utvikle området

ved Stigrøra, og det vert venteleg tillyst ei arkitektteveling i samband med dette. Det er aktuelt å utarbeide ein reguleringsplan for området.

Private vegar

Vegen i Finndalen er ca 13 kilometer lang. Vegen vert nytta i samband med seterdrift og friluftsbuk. Det er 2 grusuttak for vegvedlikehald som er regulert til dette formålet. Det er etablert ein campingplass og nokre mindre parkeringslommer langs vegen. Vegen blir ikkje brukt om vinteren.

Vegen i Lordalen er nytta for transport til seterområda og i samband med friluftsbuk. Lengda på vegen i det foreslåtte landskapsvernområdet er på ca 9 kilometer. Det er etablert 2 campingplassar innafor området. Vegen blir dei aller fleste åra stengt når snøen kjem. Dette kan variere frå oktober til ut i januar avhengig av snøforholda. Vegen blir opna om våren når snøen smeltar.

Det går vegar inn Vermedalen. Fram til Vermedalsetrene går det veg på begge sider av Verma, medan den eine vegen fortset fram til Langvatnet. Vedlikehald og tidvis opprusting har gjort vegen godt køyrbar heilt inn. Vegen vert ikkje brøyta. Det går også eit køyrespor opp til Reset.

Det går ein bomveg inn Brøstdalen til Tunga som fortset med køyrespor for traktor inn til Ulvåalsvatnet. Ein sideveg går inn til Furuholen på nordsida av Brøstdalen. Ingen av vegane vert brøyta.

Det går ein 2 km veg fra Langdal og fram til Nedstestølen i Valldalen. Det er også bygd ein kort veg frå riksvegen fram til hyttefeltet på Øvstestølen. Det går ein kjerreveg frå sjøen og opp til garden Muldal i Tafjord.

6.5.2 Jernbane

Raumabanen kryssar framlegget til Romsdalen landskapsvernområde over ei strekning frå Monge til Foss bru. Raumabanen er ikkje elektrifisert. Det er 4 passasjertogavgangar dagleg kvar veg. I tillegg er det ein viss godstrafikk på strekninga.

6.6 Hytter og annan fritidsbusetnad

I det sentrale fjellområdet er det eit fåtal hytter. Fjellstyra har i underkant av 20 oppsynsbuer og Skjåk Almenning har 5 hytter innanfor området. Nokre av grunneigarlaga har også hytter for tilsyn og utleige. Turistforeininga har 6 hytter i dei vestlege delane av området.

Den største konsentrasjonen av bygningar er knytt til seterdrift. Desse ligg i dei foreslåtte landskapsvernområda. Totalt er det 78 setrar med sel og uthus i området. Fleire av sela er ominnreidde eller ombygde til fritidsbruk. I tillegg er det bygd eit fåtal private hytter. Desse er spreidd over storparten av området, og er gjerne bygd som jakt- og fiskebuer. Det er samlingar av hytter inst i Lordalen i Lesja, i Finndalen i Lom og Vågå, og ved Leirungsvatnet i Skjåk. Dei tettaste hyttekonsentrasjonane er på Nedstestølen (ca. 20 hytter) og Øvstestølen (ca. 30 hytter) i Norddal, samt på Slettafjellet og Vermedalen (ca. 25 hytter), Kabben (ca. 15 hytter) og Tunga (ca. 10 hytter) i Rauma.

6.7 Forsvaret


Reinheimen er ein del av lågtflygingsområdet for Forsvaret. Det er særleg dei austlege delane av området som har vorte nytta. Det manglar rutinar for varsling av lågtflygingaktivitet, t.d. for å ta omsyn til villreinen.

Enkelte år har det vore gjennomført øvingar av Forsvaret både i Lesjadalføret og i Ottadalen. Forsvaret har i liten grad nytta terreng over skoggrensa.

6.8 Andre inngrep og påverknad

I området er det dei siste åra gitt løyve til å sette opp anlegg for å betre mobiltelefondekninga. Det er også gitt løyve til oppsetting av telekommunikasjonsanlegg for styringa av kraftverk, og oppsyns- og politiarbeid.

I Trollstigen er det sett opp metallnett for å fange opp steinsprang og sikre lause steinmassar som kan falle ned på RV63.



VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Temakart for inngrepsfrie område

- Område 0-1 km frå tekniske inngrep
- Område 1-3 km frå tekniske inngrep
- Område 3-5 km frå tekniske inngrep
- Område over 5 km frå tekniske inngrep
- Kraftline 22 kV eller høgare spenning
- Dam
- Grense for verneområde



0 2 4 6 8 10 Km

Målestokk 1:400 000

Fylkesmannen i Oppland og Møre og Romsdal fylke, mars 2004

7. Konsekvensutgreiingar

Det er utarbeidd konsekvensutgreiingar for 11 ulike tema. Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland har gjort ein del endringar i vernegrenser og verne-reglar på bakgrunn av konsekvensutgreiingane. Desse endringane vert ikkje kommentert ytterlegare.


7.1 Naturmiljø

Utgreiingane påviser store verneverdiar innan dei fleste fagfelt av naturmiljø i området. Dei visar at bortsett frå Dovrefjellområdet, er det neppe andre verneområde i Nord-Europa som kan vise til tilsvarende spennvidde i naturmiljøet. Det er eit spesielt landskap med verna og verdfulle vassdrag, og det er påvist eit rikt biologisk mangfald med viktige enkeltlokalitetar og enkeltartar. Konsekvensane av bruken av namnet Reinheimen skulle synleggjerast.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

Ein nasjonalpark vil i større grad fokusere på at området er eitt av Noregs viktigaste villmarksområde med eit sårbart dyreliv. Dyrelivet vil dermed få eit sterkare vern mot forstyrring, noko som vil føre til ein streng dispen-



Villrein på ettersommarbeite (foto: Per Jordhøy)

sasjonspraksis i forhold til motorferdsel i utmark, moglegheiter for styring av ferdsel (omlegging/nedlegging av turstiar) og regulering av lågtflyging. I nasjonalparken vil det ikkje vere tillate å føre opp nye turistthytter eller fleire merka turløyper. Omsynet til å sikre noverande storleik av villreinstamma skal saman med omsyn til anna dyreliv vere førande for forvaltninga.

Ein nasjonalpark vil truleg føre til at området blir meir kjent og at fleire tilreisande blir merksam på området. Ein eventuell auka ferdsel skal styrast til område som ikkje er sårbare i forhold til dyrelivet. Ferdsel i villreinen sine leveområde skal overvakast og det skal gjerast løpande evalueringar av korleis dyrelivet vert sikra i området.

I landskapsvernområda skal landskapet i området vere sikra mot vidare utbygging. Naturmiljøet må overvakast og fare for tap av biologisk mangfald gjennom gjen-groing skal vektleggast i den einskilde skjøtselsplanen. I seterområda gjev vernereglane rom for fortsett landbruksdrift, slik at kulturlandskapet kan bli oppretthalde. Oppføring av nye bygningar som ikkje er knytt til landbruksdrift, vil i hovudsak vere forbode.

Bruken av namnet Reinheimen nasjonalpark vil i seg sjølv i liten grad ha konsekvensar for dyrelivet. Spesielt viktig er det å sikre villreinen gode levevilkår i området. Ei marknadsføring av dette området må gjerast på ein slik måte at dei sårbare villreinområda blir skjerna. Elles vil neppe namnet i seg sjølv ha konsekvensar for dyrelivet.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Innføring av eit landskapsvernområde i det sentrale villreinområdet vil vidareføre dagens praksis, men vil sikre ei lik forvaltning over kommune- og fylkesgrenser. Eit landskapsvernområde vil verne landskapet i området og sikre området mot vidare utbygging.

Elles viser ein til omtalen av landskapsvernområde under alternativ A.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon. Kommunane har i sine kommuneplanar vektlagt å sikre fjellområdet mot vidare utbygging. På kort sikt vil truleg naturmiljøet bli sikra tilsvarende som tidlegare, men dersom ein ser på litt lengre sikt vil truleg forvaltninga i kommunane bli forskjellig over fylkes- og kommunegrensar. Kommunane står i dag fram med ulike haldningar til ein del spørsmål om arealforvaltning, reiseliv og aktivitetar i Reinheimenområdet.

7.2 Kulturminne

I området er det mange verneverdige kulturminne. Dei kulturminna som er knytt til veidemannskulturen er varig verna.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

Ein nasjonalpark vil gjere området meir kjent. Noko meir ferdsel i dei kjente kulturminneområda som til dømes i Lordalen, vil truleg ikkje påverke kulturminna negativt. Vern av området i medhald av naturvernlova vil verke positivt inn på sikring av kulturminna i fjellområdet. Fokuset på veidemannskulturen vil og sikre at mange vert kjent med dei store verdiane som er i området, noko som vil vere med på å sikre kulturminna.

I landskapsvernområda er det store verdiar knytt til semiljøet og gardsbruka i Romsdalen. I forhold til kulturminnevernet er det ønskjeleg at det framleis er aktiv gardsdrift. Eit landskapsvernområde her vil vere positivt for å sikre kulturmiljøa mot uheldige endringar i form av nye funksjonar og nye, lite tilpassa byggverk. Vatningsanlegga i området skal sikrast på ein slik måte at dei kan brukast samstundes som kulturminnet blir ivareteke.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Eit landskapsvernområde vil sikre at forvaltninga blir lik i heile fjellområdet. I seterdalane vil ei auka fokusering på kulturlandskap føre til at kulturmiljøa blir betre kjent. Eit landskapsvernområde her vil tilsvarande alternativ A vere positivt for å sikre kulturmiljøa mot uheldige endringar i form av nye funksjonar og nye, lite tilpassa byggverk.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Dette alternativet tilsvarar dagens situasjon. Det fokuset kulturminna får i kommuneplanane varierer mellom kommunane.

7.3 Landbruk

I området er det eit aktivt landbruk spesielt i Romsdalen, Finndalen og Lordalen. I tillegg er heile området viktig som beiteområde for husdyr. I Romsdalen landskapsvernområde ligg 5 bruk med fast busetnad innafor verneframlegget. To av desse bruka er i drift med husdyrproduksjon. Areala på dei andre bruka vert hausta av andre gardbrukarar.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

Ein nasjonalpark vil ikkje påverke beiteinteressene. Det er derfor liten forskjell mellom landskapsvernområde eller nasjonalpark i sentralområdet for landbruket.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Verknadane for nydyrking verkar å bli små. Restriksjonar på vegstandarden inn i landskapsvernområda kan gje dyrare fôrtransport, og det manglar ein heimel for å kunne tillate enkle traktorvegar/køyrespor i utmark. Styring av motorferdsel i utmark for vedlikehald av gamle vassforsyningsanlegg og vassvegar i Ottadalen landskapsvernområde kan medføre at kostnadene knytt til vedlikehald kan bli større. Forvaltningsplanen må derfor vere tydeleg på korleis dette skal gjerast.

Kravet til hogst etter plan i landskapsvernområde medfører ikkje følbare restriksjonar, men maksimal flateslorleik på 3 dekar gjer sluttavverkinga dyrare. Forbod mot treslagsskifte til gran i Romsdalen landskapsvernområde hindrar utnytting av potensialet for produksjon av granvirke. Konsekvensutgreiinga tilrår at ein vurderer å flytte grensa for landskapsvernområde i Romsdalen opp til 800 eller 900 m.o.h.

Landskapsvernområde skaper ikkje spesielle avgrensingar for gjerding og bygging i tun eller på setrer, men vernestyresmaktene må avklare om ein får bygge tilsynsbuer. Konsekvensutgreiinga peikar på at vern kan bety tilleggsrestriksjonar ut over dagens regelverk. Ho-

Reinsgrav i Lordalen (foto: Per Jordhøy)

Vassveg i Skjåk. Biletet er teke utanfor verneframlegget (foto: Per Dagsgard)

vudintrykket er at vern etter naturvernlova ikkje medfører vesentlege nye avgrensingar i høve til bygningar på tun og i seterområde enn det som følgjer av dagens forskrifter.

Verneframlegget tek omsyn til landbruk og tilknytt reiseliv i Romsdalen ved at ein foreslår ei sone B med mindre restriksjonar og ei meir lempeleg forvaltning i høve til desse interessene. Det vert også i større grad opna for nye bustadhus på gardsbruk der dette ikkje er til ulempe for landbruksinteressene.

Landskapsvern i jordbruksområde og seterområde kan vere negativt i forhold til at det må takast spesielle omsyn i samband med ivaretaking av kulturmiljø. Bygningsmessige løysingar kan då bli dyrare.

Utgreiinga tek også opp rovdyrforvaltninga. I prinsippet skal ikkje oppretting av nasjonalpark og landskapsvernområde påverke rovdyrforvaltninga, men utgreiinga peikar på at husdyrbrukarane kan ha ei kjenslemessig kopling mellom offentleg rovviltforvaltning og verneplanarbeid. Dette kan skuldast at det er dei same nasjonale og regionale styresmaktene som arbeider med dei 2 spørsmåla.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Ei forvaltning av beiteområda som landbruks-, natur- og friluftsområde etter plan- og bygningslova kan vere ei dårlegare sikring mot omdisponering til hytteområde enn vern etter naturvernlova.


7.4 Hytter og buer

Det er konkrete planar for oppføring av sikringshytter ved turistforeininga sine hytter, og det er eit vedlikehaldsbehov for dei enkle hyttene som finst i området. I området er det få private hytter med unntak av nokre av seterdalane.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

I nasjonalparken vil det vere restriktivt i høve til utviding av eksisterande bygningar. Dei buene som syner den gamle bruken av området knytt til jakt og fiske skal sikrast som dei er. Dette er mindre buer som er bygd ved hjelp av stein, jord og plankar. Det kan ikkje reknast med at det blir gitt løyve til endringar av desse bygningane. Forvaltninga vil og vere restriktiv med å tillate oppføring av uthus og liknande til desse buene. For dei andre bygningane vil det i hovudsak berre bli gitt løyve til oppføring av uthus/do til dei hyttene som ikkje har det. Det skal i slike saker vurderast omsyn til landskap, natur- og kulturmiljø. Omsynet til det villmarksprega landskapet og sårbare artar som til dømes villrein, gjer at det ikkje vil bli gitt løyve til oppføring av nye bygningar. Unntaket kan vere løyve til å oppføre sikringsbuer og buer for tilsyn med husdyr på utmarksbeite. Det skal gjerast ei vurdering av behovet og plassering i forhold til villreinen sin bruk av området. Det vil ikkje bli tillate å føre opp nye turistforeiningshytter, private buer eller oppsynsbuer i området.



Tilsvarande restriksjonsnivå, som for ein eventuelle nasjonalpark, vil det og vere i Ottadalen landskapsvernområde. Dette med bakgrunn i at dei eldre jakt- og fiskebuene pregar landskapet på ein positiv måte. I dei andre landskapsvernområda vil det vere mogeleg å føreta mindre endringar av eksisterande bygningar dersom dette ikkje fører til skade på landskap, natur – eller kulturmiljø.

I Romsdalen landskapsvernområde er det gjeve opning for at det kan gjevast løyve til å bygge hytter for gardsturisme i sone B. Dette kan opne for å føre opp utleiehytter og ulike buer, gapahukar og liknande til bruk for elvefiskarar.

Eit vern etter naturvernlova vil føre til eit forbod mot oppføring av nye bygningar til friluftsførmål. Godkjente kommuneplanar opnar ikkje for ny hyttebygging i dette området. Det er heller ikkje godkjente reguleringsplanar for hyttebygging innanfor området. Eit vern etter naturvernlova vil i så måte ikkje medføre noe inntektstap for grunneigarar i det området som blir verna i medhald av naturvernlova.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Dette alternativet vil vere noko meir liberalt i forhold til utviding av eksisterande bygningar enn alternativ A, men det vil ikkje vere høve til å føre opp nye bygningar.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon

med ein streng kommunal praksis for hyttebygging. På sikt kan det verte forskjellig praksis i kommunane.

7.5 Friluftsliv, jakt og fiske

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning påviser at Reinheimen har store verdiar for friluftslivet. I vest vert områda mykje brukt til ski- og fotturar etter sti- og hyttenettet til turistforeininga. Haustingsaktivitetar som villrein- og småviltjakt, og aurefiske i fjellvatn og laks- og sjøaurefiske i Rauma elv er viktige aktivitetar. Spesielt sal av jakt har stor økonomisk nytte for grunneigarane. Nye former for friluftsliv som klatring, basehopping og elvepadling er særleg konsentrert til Romsdalen.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

I nasjonalparken vil det ikkje bli gitt løyve til oppføring av nye bygningar knytt til jakt og fiske. Det vil heller ikkje bli gitt løyve til merking av nye stiar og etablering av nye råk. Etablerte stiar og bruer kan vedlikehaldast. Bakgrunnen for denne restriktive praksisen er omsynet til området sitt villmarksprege og villreinen sin arealbruk.

I nasjonalparken vil forbod mot bruk av motorbåt på den delen av Leirungsvatnet som ligg i Skjåk, vere negativt for fiske på innsjøen. For friluftslivet vil det truleg vere positivt at området blir meir kjent ved at ein nasjonalpark vert oppretta. Sal av haustingsaktivitetar blir ikkje regulert av vernet.



Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Dette alternativet vil i liten grad påverke friluftsliv, jakt og fiske. Friluftsliv som krev motorisert hjelpemiddel kan bli redusert. Til dømes vil stenging av vegane i området for motorferdsel om vinteren føre til redusert bruk.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

I hovudsak vil dagens praksis bli vidareført.

Jakt på hjortevilt, og villrein spesielt, har ein stor verdi for dei lokale rettshavarane. I 2002 låg inntektene til Skjåk Almenning av reinsjakt i Reinheimenområdet kring 1,4 mill. kr. Det varierer kor høge prisar dei ulike grunneigarane tek ut, men ut frå desse tala kan potensialet ligge kring. 2 millionar kr. årleg ved den kvota som vart sett for 2003 (1137 dyr). Inntektene vil variere i takt med kvota.

Inntektpotensialet for småviltjakt og fiske er monaleg mindre enn for reinsjakta.

7.6 Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling

Østlandsforskning sin rapport gjev ei grundig samanstilling av trendar i reiselivet og innføring av nasjonalparker og andre verneområde. Raske endringar i reiselivet gjer vurderinga vanskeleg.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

Vernealternativ A med nasjonalpark har positiv marknadsføringseffekt for reiselivet, særleg i kommunar som ikkje har nasjonalpark i dag. Nasjonalpark kan hindre fysisk tilrettelegging og tyngre infrastruktur for reiseliv. Omsynet til mellom anna villreinen vil gjere det uaktuelt å betre tilkomsten til nasjonalparken eller betre infrastrukturen for reiselivet innan området. Ein kan forskyve aktivitetar utanom verneområda. Det ligg til rette for utvikling av småskala gardsturisme, men vernet gjev lite rom for storstilt utbygging til ein «destinasjon».

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Vernealternativ B vil neppe føre til nokon marknadsføringseffekt for reiselivet. Restriksjonane på utbygging av ny infrastruktur vil vere like strenge som i ein nasjonalpark, sjølv om det er mindre restriksjonar på ferdsel og organisert verksemd.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Null-alternativet utan vern kan gje grunnlag for utvikling av meir naturbasert reiseliv innan det føreslegne verneområdet i Rauma og Norddal. Området har store

opplevingskvalitetar, og tiltak som «car-walks», guida turar, spenningsaktivitetar og kommersiell jakt og fiske er potensielle vekstområde. På Opplandsida forventar ein mindre aktivitet på grunn av at nærliggande nasjonalparker og naturområde er meir marknadsført og tilrettelagt.

7.7 Motorferdsel i utmark

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning påviser at det er lite motorferdsel i utmarka i området, men det er registrert auka interesse for motorferdsel frå lokale grupper.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

I nasjonalparken vil det vere eit mål å halde den motoriserte aktiviteten på eit lågast mogeleg nivå, både i forhold til forskning og oppsyn. Mye av denne aktiviteten må gjerast utan bruk av motoriserte hjelpemiddel. Dette for å oppretthalde området sitt preg som villmarksområde og av omsyn til villreinstamma. Det er eit mål at barmarkskjøring i terrenget ikkje skjer innan området. Nødvendig nyttetransport må skje på snødekt mark eller med helikopter.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Forslaga til landskapsvern er ei vidareføring av dagens bruk.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Dagens regelverk blir behandla noko forskjellig over kommunegrensene. Kommunane i området har ein restriktiv dispensasjonspraksis. Det er eit fåtal leigekøyrrar i kommunane som står for all transporten. Desse samordnar turar for å halde talet turar på eit så lågt nivå som mulig.



7.8 Vegar og jernbane

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning påviser ikkje planar om større opprustingstiltak på Raumabanen. Opprusting og rassikring av E 136 er planlagt i kommande periode av Nasjonal Transportplan.

Vernealternativ A (nasjonalpark med landskapsvernområde):

Det er ingen vegar eller jernbane innanfor området som er foreslått som nasjonalpark.

Vernet har ingen konsekvens i forhold til vedlikehald av eksisterande anlegg.

Konsekvensutgreiinga foreslår å trekke austgrensa for Romsdalen landskapsvernområde vestover slik at jernbanen og E 136 kjem utanfor. Dersom vegen eller jernbanen kjem innanfor landskapsvernområdet vil dette ha konsekvensar i forhold til omlegging av desse anlegga. Omlegging av E136 gjennom eit landskapsvernområde i Romsdalen vil kunne utløyse krav om konsekvensutgreiing. I eit verneområde vil det bli lagt avgjerande vekt på at tiltaket ikkje skal verke negativt inn på landskapet sin art og karakter..

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Ingen verknader utover det som er omtala under alternativ A.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

I framtida vil det truleg ikkje vere behov for fleire vegar i området, men det kan komme opp planar om nybygging og omleggingar som ikkje er kjent i dag.

7.9 Drift og vedlikehald av kraftanlegg

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning har ikkje vurdert nye utbyggingsprosjekt, men har sett på drift, opprusting og oppgradering av eksisterande anlegg.

Vernealternativ A (nasjonalpark med landskapsvernområde):

Innanfor nasjonalparken vil det bli eit forbod mot ny vasskraftutbygging. Dette vil spesielt gjelde ein nasjonalpark der villmarksmotivet er førande for forvaltninga.

I Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde er det eksisterande kraftanlegg, medan det er bygd ei 66 kV kraftline gjennom Ottadalen og Finndalen landskapsvernområde. Denne vert no oppgradert til 132 kV. Vernealternativet hindrar ikkje ordinær drift av desse anlegga. Opprusting av kraftverk må handsamast etter verneforskrifta.

Flytting av inntaket til Verma kraftverk vert hindra av verneplanen for vassdrag, og etablering av landskapsvernområde vil ikkje gje nokon ny situasjon. Vernet hindrar utbygging av minikraftverk på Grønningsæter og Tafjord Kraft sitt prosjekt ved Svartevatnet og Daurmåsvatnet i Tafjordområdet. I tillegg vert prosjektet til Tafjord Kraft ved Smettevatnet hindra. Verknaden av vernet vert middels negativ.

Det vert gjort framlegg i konsekvensutgreiinga om å flytte grensa i Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde slik at prosjekta til Tafjord Kraft kan konsesjonssøkast.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

Ei kraftutbygging vil i dei aller fleste tilfelle verke inn på landskapets art eller karakter, og dermed vere forbode innanfor eit landskapsvernområde.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Det kan komme opp ønske om ny kraftutbygging innanfor området, men dei aller fleste vassdraga innafor verneframlegget er verna mot kraftutbygging. Det er gjort unntak frå Samla plan for kraftutbygging for 2 opprustingsprosjekt i Tafjordområdet.

7.10 Forsvaret si øvingsverksemd

Forsvaret har ikkje regelbunde øvingsverksemd på bakken innanfor området i dag. Området er derimot eitt av lågtflygingsområda til Forsvaret.

Vernealternativ A (nasjonalpark med landskapsvernområde):

Ein nasjonalpark vil føre til at det vert eit forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken, noko som vil føre til at Forsvaret må kanalisere denne verksemda til andre område. Bakgrunnen for forbodet er spesielt omsynet til villreinen og anna dyreliv. I tillegg er det viktig å ta vare på villmarkspreget til området.

Vernealternativ B (7 landskapsvernområde):

I landskapsvernområda er det ikkje lågtflygingsforbod, men det krevst løyve for motorisert ferdseml på bakken.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Forsvaret si øvingsverksemd er tillate.

7.11 Lokal forvaltning og identitet

Ein stor del av lokalbefolkninga er knytt til område innan Reinheimen. Tilknytninga er av ulike slag; ei tilknytning basert på grunneigarskap og bruksrettar, ei tilknytning som fyrst og fremst er ei tilknytning til lokal kultur, og ei kjenslemessig tilknytning til geografiske område. Dei ulike formene for tilknytning gjev ulike utslag i synet på framtidig forvaltning av områda.

Når det gjeld spørsmålet om vern/ikkje-vern, er det størst oppslutning om at området skal forvaltast som i dag, dvs. utan vern. Dersom det skal vernast, er det størst oppslutnad om at kommunane skal ha ansvaret for forvaltninga. Resultata tyder likevel på at opp mot halvparten av lokalbefolkninga ikkje har noko klårt standpunkt i denne saka. I høve til konkrete forvaltingsoppgåver, er det slik at for 7 av 11 tiltak er det halvparten eller meir som ønskjer ei forvaltningsstyremakt som er overordna det kommunale nivået. Eit fellesutval for dei seks påverka kommunane er då det klårt mest føretrekte alternativet. Elles tyder undersøkinga på at det er knytt størst interesse til kommunalt sjølvstyre for seterdalane og dei skogkledde områda nær bygdene.

Eldre tiders bruk blir høgt verdsett, og område med kulturminne blir høgare verdsett enn «urørte» naturområde. Det er også heilt sentralt for lokalbefolkninga å få behalde retten til å utøve den tradisjonelle bruken med jakt og fiske. Når det gjeld kva slag bruk som skal tillatast i Reinheimenområdet i framtida, er resultata langt meir varierende. Blant lokalbefolkninga er 30-40% t.d. negative til næringsverksemd som medfører motorisert ferdsel eller store inngrep i naturen.

Sæbjørn Forberg har i ei utgreiing vist kor nær bygdene er knytt til dette fjellområdet. Å finne fram til ein forvaltningsmodell som involverer lokalsamfunna på ein positiv måte, er svært viktig. Alle dei 3 modellane som her er skissert har element i seg som kan ha denne effekten. Ei sentralstyrt forvaltning som ikkje har lokal forankring kan være negativt for lokalsamfunna rundt fjellområdet.

Vernealternativ A

(nasjonalpark med landskapsvernområde):

Konsekvensane avheng av forvaltningsmodell. Forvaltninga etter verneforskriftene vil krevje auka ressursar.

Vernealternativ B (landskapsvernområde):

Dersom ein vel lokal forvaltning av landskapsvernområda, vil ikkje vernet ha nokon konsekvens. Forvaltninga etter verneforskriftene vil krevje auka ressursar.

0-alternativet (Ikkje vern etter naturvernlova):

Dagens forvaltning vert vidareført.

Ressursbruken i planlegginga av verneområda i Reinheimen kan reknast til ca. 1 årsverk pr. år i perioden 1997-2003, der 0,6 årsverk er arbeidsinnsatsen frå miljøvernstyremaktene og 0,4 årsverk er lokalt arbeid i referansegrupper m.v. Det er kjøpt eksterne fag- og konsekvensutgreiingar for ca. kr. 850.000,-, og kommunane har fått kr. 180.000,- til å utarbeide brukarrapportar og kr. 655.000,- til å utarbeide forvaltningsplanar.

7.12 Ressursbruk

Ressursbruken i forvaltninga av eventuelt nasjonalpark og landskapsvernområde er vanskeleg å fastsetje. Forsiktig vurdert bør ein kunne rekne rundt eit årsverk i forvaltning og saksbehandling. Dette vil gje ein totalkostnad på kr 500.000,- pr år. Truleg vil forvaltningsmodellane ikkje vere forskjellige i forhold til økonomi.

Tiltaksdelen knytt til informasjonssentra, marknadsføring med vidare vil truleg ligge på rundt kr. 500.000,- samla for privat og offentleg sektor.

Kostnadene til naturoppsyn i regi av SNO (inkludert skjøtsel) vil venteleg ligge rundt 3 millionar kroner. Dette vil også vere avhengig av fordelinga mellom tenestekjøp og tilsetting av eigne SNO medarbeidarar. I området vil det vere behov for middel knytt til skjøtsel i verneområda både av omsyn til kulturlandskapet, setermiljøet og villreinstamma.

Dei totale årlege driftskostnadene til dei framtidige verneområda i Reinheimen vil etter dette ligge kring 4 millionar kroner årleg.

8. Nærare undersøkingar

Konsekvensutgreiinga frå Miljøfaglig Utredning tilrår at ein utgreier eventuelle effektar av området sin status som nasjonalpark, «Reinheimen»-namnet og den lokale oppfølginga av St.prp. nr. 65 (2002-2003). Dette gjeld særleg ferdselsomfanget og mogeleg forstyrring av villreinen i området.

8.1 Status for undersøkingar i området i dag

Ottadalen villreinområde er ikkje med i det nasjonale overvåkingsprogrammet for villrein, men det vert gjennomført reinsteljingar i regi av villreinutvalet.

Villreinen sin arealbruk i Reinheimenområdet er stadig i endring. Noko skuldast reinen sin normalt skiftande bruk av t.d. vinterbeita og varierende val av kalvingsområde, medan andre endringar kan skuldast endringar i stammen, menneskelege inngrep eller forstyrringar. Kartlegginga av kulturminne etter den gamle reinsfangsten viser at mange av dei gamle trekka frå den tid er inntakte i dag.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tilrårde i ein rapport frå 1998 at ein gjennomførte ei ny kartlegging av forstyrringar og inngrep etter at det hadde gått 5-7 år. Det kan også av denne grunn vere naturleg å følgje opp rapporten no.

NINA og SNO driv ei nasjonal overvaking av fjellrevlokalitetar. Ut frå kartlegginga så langt, ser det ut som om fjellreven ikkje ynglar i Reinheimen. Men det kommer årlege meldingar om at det blir sett fjellrev i området. Det er derfor viktig at oppsyn og forvaltning har ein beredskap for å registrere arten i området.

Statens Naturoppsyn og fylkesmannen/fylket driv ei omfattande kartlegging av ynglande jerv i Reinheimen. Om ettervinteren og tidleg på våren leitar ein gjennom området der ein forventar å finne hi, og ein følgjer jervespor. Hiplassane vert også kontrollerte igjen etter at snøen har forsvunne.

Hekkeplassane til ulike rovfuglartar kan vere utsett for forstyrring tidleg i sesongen. Det er inga systematisk overvaking av desse, men fjelloppsynet, Norsk Ornitologisk Forening og lokalt interesserte held gjerne oppsyn med enkelte rovfuglreir gjennom hekkesesongen.

For kulturminne og kulturlandskap kan verneverdiane tapast over tid. Bygningar, steingjerde og andre gamle anlegg kan forfalle pga. manglande vedlikehald, medan kulturlandskapet kan gro att pga. manglande slått, lauving, hogst og avtakande beitetrykk.

DNT gjennomførte ei ferdselsregistrering i Tafjordfjella sommaren 1997. Undersøkinga vart basert på intervjuundersøkingar i terrenget, utplasserte kassar med skjema for sjølvregistrering, og gjennomgang av hyttebøkene i turistforeiningshyttene.

8.2 Framlegg til oppfølgjande undersøkingar

Fylkesmannen tilrår at det vert gjennomført følgjande kartlegging:

Dersom det vert oppretta nasjonalpark eller landskapsvernområde, må det gjennomførast ei undersøking som synleggjer konsekvensane av vernet på dyrelivet. Dette vert særleg viktig for villreinen. Ein må også sjå dette i høve til ulike inngrep, forstyrringar og forhold ved reinsstammen. Ferdselsomfanget i området vil vere viktig å kjenne til, og om «Reinheimen»-namnet har verknad for dette. Som grunnlag for naturovervakinga må det gjerast ei oppdatert kartlegging av villreinen sin arealbruk. Det vil vere viktig for heilskaper at dette vert sett i samanheng med kulturminna som er knytt til veidemanskulturen.

Det skal gjennomførast ei overvaking av rovdyr- og rovfuglbestanden. Ved ei slik kartlegging må ein legge stor vekt på å minimalisere motorisert ferdsel og anna belastning på område og dyreliv. Oppfølging av utviklinga til raudlista dyre- og planteartar bør vere ein viktig del av oppsynsarbeidet i området.

I kulturmarksområda skal det gjennomførast kartlegging av status til kulturminne, gjengroing og verknad på biologisk mangfald. Ei slik evaluering kan t.d. skje kvart 5. år.

Den årlege statusrapporteringa for nasjonalt viktige kulturlandskap blir truleg vidareført, men dette vil skje uavhengig av kommande vernestatus.

9. Samanstilling av konsekvensane

Dei ulike utgreiingane viser i hovudtrekk følgjande verknad av dei 2 vernealternativa:

Tema:	Verknad alternativ A:	Verknad alternativ B:
Naturmiljø	Positiv betydning	Liten positiv betydning
Kulturminne	Liten positiv betydning	Liten positiv betydning
Landbruk	Positiv for beiteareal Negativt for skogsvegar/køyrespor, treslagsskifte og flatehogst	Positiv for beiteareal Negativt for skogsvegar/køyrespor, treslagsskifte og flatehogst
Hytter og buer i fjellet	Middels negativ betydning	Liten/middels negativ betydning
Friluftsliv, jakt og fiske	Middels/liten positiv betydning Negativt for aktivitetar som krev motorisert ferdsel og tilrettelegging	Ingen
Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling	Liten verknad for aktivitet og småskala gardsturisme, negativt for anlegg og tilretteleggingstiltak Nasjonalpark positiv marknadsføringseffekt	Negativt for anlegg og tilretteleggingstiltak, ikkje så sterke ferdselsrestriksjonar
Motorferdsel i utmark	Middels negativ betydning	Liten negativ betydning
Drift av vegar, rassikring m.v.	Liten negativ betydning	Liten negativ betydning
Drift og vedlikehald av kraftanlegg	Middels negativ betydning	Middels negativ betydning
Forsvaret sin øvingsaktivitet	Stor negativ betydning	Ingen
Lokal forvaltning og identitet	Avhengig av forvaltningsmodell	Ingen dersom kommunane vel å overta forvaltningsansvaret

Totalt sett viser dette at konsekvensane for naturmiljøet og friluftslivet er positive. Nasjonalpark vil kunne verke positivt for reiselivet. Konsekvensane er negative for nye tekniske anlegg innan vegutbygging, kraftverk og reiseliv. Dei største negative konsekvensane er at lågtflyging for Forsvaret ikkje vert tillate i ein nasjonalpark etter alt. A.

Kommuneplanane legg i stor grad opp til at området er landbruks- natur- og friluftsområde. Fylkesdelplanen for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal prioriterer dette området som inngrepsfritt. Nasjonale planar gjennom St.meld. nr. 62 (1991-92) om nye nasjonalparkar og større verneområde framhevar Reinheimen som aktuell som framtidig nasjonalpark og landskapsvernområde. Alle desse planane legg såleis opp til at areala i området skal sikrast utan større nye tekniske inngrep.

DEL C:

Verneframlegg

10. Vurdering av verneverdiar og brukarinteresser

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland har teke utgangspunkt i det planleggingsområdet som vart definert gjennom melding om oppstart av planarbeidet med konsekvensutgreiing ved fylkesmennes fellebrev av 10. oktober 1997. Ein har brukt utarbeidde fagrapportar, både med naturfaglege interesser og brukarinteresser som tema, møte i dei lokale referansegruppene, møte med aktuelle partar, synfaringar og annan kontakt som basis for arbeidet. På bakgrunn av dette har fylkesmennene gjort ei samla vurdering av verneverdiane og brukarinteressene innafor planleggingsområdet. Verneforslaget med konsekvensutgreiinga er resultatet av denne vurderinga.

I planprosessen har ein del område innafor planleggingsområdet blitt vurderte som uaktuelle å foreslå og verne etter naturvernloven. Det er forhold knytt til verneverdiar, inngrepsstatus, brukarinteresser og arronderingsmessige omsyn som har vore avgjerande for dette.

Konsekvensutgreiinga har ligge føre så tidleg at ein har kunne gjere visse tilpassingar undervegs i planarbeidet av omsyn til brukarinteresser og verneverdiar. På denne bakgrunnen, og etter samråd med kommunane, er det gjort ei rekke endringar i vernegrensene og verneforskriftene.

Dei største endringane er gjort i forhold til vernekategoriar. Varierende brukarinteresser i dei ulike områda førte til at ein tidleg i prosessen vurderte kva som var aktuell verneform. I Romsdalen og i område med aktivt brukte setrer, vart landskapsvernområde sett på som eigna verneform. Andre område med intensiv bruk blei også vurdert til ikkje å være aktuelle for ei så streng verneform som nasjonalpark. Dette galdt framfjellet mot Ottadalen frå Heggebottflyi i Skjåk kommune til Nordherad statsallmenning i Vågå kommune (foreslått som Ottadalen landskapsvernområde i verneframlegget). I området ligg det vassvegar med dammar som vert brukt av jordbruket i Ottadalen. Vedlikehald av desse anlegga krev motorferdsel i utmark, og i enkelte område bruk av gravemaskin. Det er difor konkludert med at landskapsvernområde er best eigna verneform. I forvaltninga av området må det takast omsyn til dei store kulturverdiane vassvegane har. Enkelte har vore i drift tilbake til før 1600-talet.

11. Forslag til verneområde

Det vert lagt fram 2 alternative verneframlegg:

- Alternativ A: Oppretting av ein nasjonalpark i dei sentrale fjellområda. Etablering av 6 tilgrensande landskapsvernområde.
- Alternativ B: Oppretting av eit landskapsvernområde i dei sentrale fjellområda (På same areal som nasjonalparken). Etablering av 6 tilgrensande landskapsvernområde (Dei same som i alt. A).

Verneplanområdet har ei stor variasjonsbreidde i naturforholda frå fjord til høgfjell. Også topografi og klima har stor variasjon gjennom området. Naturkvalitetane knyter seg til at området er viktig for plante- og dyrelivet. Minst 52 artar på den nasjonale raudlista for truga artar er påvist i området.

Vi finn også mange kulturminne frå veidemannskulturen, og villreinen trekkjer framleis i dei same områda der veidemannen etablerte fangstanlegga sine rett etter siste istid for 10.000 år sidan.

11.1 Forslag til oppretting av Reinheimen nasjonalpark, alternativt Reinheimen landskapsvernområde

Totalt vil verneområdet omfatte eit areal på 1937 km². Av dette er 934 km² privat og 1003 km² statsallmenning. Dette kan arealmessig bli Noregs nest største landskaps-

vernområde eller Noregs nest største nasjonalpark. Området ligg i kommunane Norddal, Rauma, Lesja, Skjåk, Lom og Vågå.

Innafor området er Sør-Noregs nest største villmarksprega naturområde på ca. 1.500 km² (område meir enn 5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep som vegar, jernbane, kraftliner og kraftanlegg). I området er det ein verdfull villrein-stamme som skal sikrast i eit langsiktig perspektiv. I tillegg er området eit kjerneområde for fugleartar knytt til høgfjellet som fjellerke, fjæreplytt, havelle, boltit og myrsnipe. Bestanden av fjellrype er også stor, noko som gjev grunnlag for hekking av ein sårbar art som jaktfalk.

Botanisk er det stor variasjon i naturtypar. Vi finn eit stort arts mangfald, og spesielt dei austlege områda mot Slådalsvegen har ein svært verdifull fjellvegetasjon.

Den delen av området som ligg aust for Torsvatnet, er lite tilrettelagt og marknadsført for friluftsbuk. Dette har vore eit ønske frå kommunane. Denne praksisen er det ønskjeleg å vidareføre uavhengig av verneform. I Tafjordfjella er det tilrettelagt for friluftsliv gjennom eit utbygd hytte- og stinett i turistforeininga sin regi.

Vassdragsnaturen er storslagen, vill og vakker med ei rekkje verneverdige kvartærgeologiske formelement. De større elvene i området som Tora, Føysa, Grøna og Lora er med på å prege landskapet. Elvene har sitt utspring under Storbreen og renn til kvar sin kant og endar



ut i Otta, Rauma og Lågen. Vassføringa i elvane er stor og gjev livsgrunnlag for ei rekkje artar på vegen fram mot hovudelva. Elvane renn uforandra gjennom landskapet over fleire mil. Det er is- og vasskapte kvartærgeologisk verneverdige område ved Spongflyi aust for Torsvatnet i Skjåk, ved Asbjørnsdalen – Horgheimsflya, i Lordalen, Vålåflyi og Vesleskjervedalen i Lesja, samt ved Grovaskardet og Alteret i Rauma.

I området er det ei rekkje kulturminne knytt til veidemannskulturen. Dette er automatisk freda kulturminne som ligg over heile det sentrale fjellområdet.

I avgrensinga av nasjonalparken (evt. landskapsvernområdet etter alt. B) har ein lagt vekt på å unngå å ta med område med større tekniske inngrep. Reguleringsmagasina Vernevatnet og Langvatnet i Rauma og Norddal kommunar er difor foreslått inkludert i Romsdalen landskapsvernområde. Vidare avventar ein kva som skjer med søknaden om kraftutbygging i Grøndalsvatnet i Norddal kommune. Dersom det vert aktuelt med utbygging her, vil vi tilrå at inntaksmagasinet og eit nærare definert område rundt dette vert teke ut av nasjonalparken/landskapsvernområdet.

11.2 Forslag til oppretting av tilgrensande landskapsvernområde

Det vert foreslått oppretta 6 landskapsvernområde i tilknytning til Reinheimen nasjonalpark/landskapsvernområde. Desse områda ligg inntil og i fortsettinga av nasjonalparken/landskapsvernområdet. Desse områda er også viktige bruksområde for villreinen, og er ein del av villreinstammen sitt samla leveområde i Reinheimen.

Brukarinteressene er derimot sterkare, og inngreppssituasjonen er meir omfattande i forhold til sentralområdet. Brukarinteressene er særleg knytte til landbruk. Innafor dei aktuelle landskapsvernområda er det dyrka areal og opparbeidde vegar av relativt god standard. Omfanget av bygningar og andre mindre anlegg er større enn i sentralområdet. Det vert foreslått regulering av bruken av bilvegane i området i perioden frå desember til mai. Reglane varierer for kvart enkelt område. Dette er delvis ei vidareføring av dagens praksis.

11.2.1 Finndalen landskapsvernområde

Forslaget utgjer eit område på 34 km² i Lom og Vågå kommunar, og omfattar ein seterdal med varierte og store verneverdiar innan vegetasjon, dyreliv, kvartærgeologi og kulturlandskap. Området er også rikt på kulturminne.

Utgangspunktet for vern er Finndalen sin store verdi som natur- og kulturmiljø knytt blant anna til ein langvarig seterbruk. Verdifullt seter- og kulturmiljø, kombinert med areal med artsrike utmarksbeite og eit tørt og kontinentalt klima, gjev dalen stor verdi som kulturlandskap.

Elvesletta representerer eit variert og interessant miljø. Denne sletta er sær eigen og er av stor regional til nasjonal verdi. Våtmarksområda langs Finna har også stor verneverdi. I dette elvelandskapet er det registrert 47 artar, av desse 17 typiske våtmarksfugl. I dalen er det også enkelte område med stor gamal furu som må sikrast som landskapselement, og viktige leveområde for andre dyr og planter.

11.2.2 Lordalen landskapsvernområde

Forslaget omfattar eit område på 22 km² i Lesja kommune. Området har eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterlandskap med seterhus og setervollar, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Det er knytt store naturfaglege og landskapsmessige kvalitetar til Loravassdraget.

I området er det areal med fattige og middels rike barskogar, sump og myrskogar som har eit stort biologisk mangfald sett i forhold til høgda over havet.

11.2.3 Ottadalen landskapsvernområde

Forslaget omfattar eit areal på ca. 238 km² i Skjåk, Lom og Vågå kommunar. Landskapsvernområdet ligg som ei vesentleg forlenging av det sentrale fjellområdet mot sør. Området er viddeprega med ein storslått natur. I området er det ei rekke vassanlegg av stor kulturhistorisk verdi. Bruken av vassvegar og åkervatning har vore i bruk frå før 1598. Fleire gardar gjekk saman og leia vatnet frå fjellet ned til bygda gjennom anlegg grava med handemakt.

I området er det òg ei rekkje anlegg knytt til jakt og fangst på villrein. Spesielt i området ved Honnsjøen i Lom kommune er det mange slike anlegg. Villreinen brukar framleis heile området gjennom heile året. I tillegg er området viktig for ei rekkje fuglearter som står på den nasjonale raudlista. Det biologiske mangfaldet knytt til overgangen mellom fjell og skog er stort.

11.2.4 Romsdalen landskapsvernområde

Forslaget omfattar eit areal på 171 km² i Rauma og Norddal kommunar, der det aller meste ligg i Rauma. Det meste av vestsida til Romsdalen er med, og på strekninga Foss-Monge er begge sidene av dalen med, slik at Reinheimen heng saman med Dalsida landskapsvernområde aust for Romsdalen. Framlegget omfattar det trongaste partiet av Romsdalen; eit storslått landskapsrom med mykje dramatik, men også ein stor naturfagleg variasjon. Utvalde delar av Rauma elv er med, der både sakteflytande delar av elva og parti med stryk og hølar er representert. Også fleire av dei mindre sidevassdraga er med. Fleire av desse fell ned i dalen som fossar, t.d. er Brudesløret eit kjent landskapselement. Dette gjer også at verneframlegget fangar opp våtmark og flommarksområde langs elva. Ved Selen finn vi innslag av ekstremrik myr. Framlegget femnar også om både edellauvskog og gammal furuskog.

Romsdalen er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap. Det er registrert eit stort artsmangfald både på slåtteeenger i Romsdalen og beitepåverka setervollar i Brøstdalen og Vermedalen.

Dei høgareliggande delane av Romsdalen landskapsvernområde vert brukt av villreinen i Ottadalen nord. Vi foreslår å verne viktige beiteområde og trekk for villreinen. Også andre artar i høg fjellsøkosystemet er representerte i området, som jerv, kongeørn og dei 2 rypeartane.

I Romsdalen landskapsvernområde har ein særleg vurdert brukarinteresser opp mot verneverdiar. Her er naturverdiane og ulike brukarinteresser knytt tett opptil kvarandre, og det er inga naturleg avgrensing som skil desse på nokon klar måte. Dei mest bruksintensive områda er tatt ut av verneplanen gjennom ein prosess med brukarinteressene, referansegruppa og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Landskapsvernområde er vald som verneform fordi delar av området er påverka av kraftutbygginga i Vermåa, og det går både veg og jernbane gjennom Romsdalen. I sidedalane er det private vegar og hyttefelt. Det er fast busetnad på 4 bruk i området pr. 01.01.2004, og på 2 av desse er det framleis dyrehald. Det ligg også mindre areal dyrka mark inne i framlegget fleire stader nedover Romsdalen.

Busetnaden på Skiri og Flatmark vert foreslått lagt inn i landskapsvernområdet føreset ei tilpassa forvaltning. Det er difor lagt inn ei sonering i verneforskrifta, slik at dei viktigaste landbruksareala under 200 m.o.h. mellom Lyngheim og Fossbrua har nokre eigne heimlar for oppføring av bygningar, næringsutvikling og skogsdrift. Det

er også gjort omfattande endringar av verneforskriftene blant anna i forhold til drift av kraftanlegg, moglegheiter for øvingskøyring for mellom anna hjelpekorps og seterdrift.

11.2.5 Trollstigen landskapsvernområde

Trollstigen landskapsvernområde utgjer 149 km² i Rauma og Norddal. Området omfattar fjellpartiet mellom Innfjorden og Meiadalen og områda på begge sider av RV 63 frå Meiadalen til øvre del av Isterdalen. Veganlegget over Trollstigen er med. Dette er eit kjent reisemål, og vegen som slyngar seg i 11 svingar opp fjellsida, er eit spesielt landskapselement.

Området har eit dramatisk naturlandskap med fjella rundt Isterdalen, og her er viktige kulturminne. Vi finn instruktive kvartærgeologiske avsetningar ved Slettvikane.

Her er også rike plantelokalitetar som ved Bispesvingen, og villreinen trekkjer tidvis over på vestsida av RV 63 i området.

Eit område for turistanlegg og parkering på Stigrøra vert teke ut av landskapsvernområdet for seinare utarbeiding av reguleringsplan. Eksisterande reguleringsplan for eit mindre hyttefelt ved Øvstestølen i Norddal vil framleis gjelde.

11.2.6 Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde

Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde utgjer 131 km² i Norddal og Skjåk. Området ved Veltdalsvatna er ikkje foreslått som del av landskapsvernområdet på grunn av kraftutbygging. Både vatna og kraftanlegga ligg utanfor det foreslåtte landskapsvernområdet.

Området omfattar ein variasjon frå rike edellauvskogar langs Tafjorden til høg fjellet med leveområda til villreinen i aust. Landskapsvernområdet har rike botaniske lokalitetar og ein spesiell geologi med olivinholdige bergartar. Vi finn leveområde både for raudlista sopp-, plante- og dyreartar.

Området er også viktig for friluftslivet, og Ålesund-Sunnmøre Turistforening har mykje av rutenettet sitt her. Reindalseter ligg i landskapsvernområdet.

Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde ligg inntil Reinheimen nasjonalpark/landskapsvernområde, og omfattar areal med ein del tekniske inngrep som er gjort ved kraftutbygginga i Tafjordfjella.

12. Forvaltning og oppsyn

12.1 Generelt om forvaltning

Ansvar for forvaltninga av verneforskriftene blir lagt til forvaltningsstyresmakta. Den rettslege kompetansen til forvaltningsstyresmakta blir fastlagt gjennom vernevedtaket/verneforskriftene.

Forvaltningsstyresmakta vil i første rekkje ha myndighet til å dispensere frå ulike forbod i verneforskriftene når det ikkje er i strid med verneformålet, og utarbeide forslag til retningslinjer for forvaltning, skjøtsel m.v. gjennom forvaltningsplanar. Andre arbeidsoppgåver vil vere knytt til administrasjon, budsjett, generell rettleiing, informasjon, oppfølging av brot på verneforskrifter, kontakt med grunneigarar og brukarar av landskapsvernområdet. Hovudutfordringa ved val av forvaltningsmodell er å finne løysningar som både kan kome i møte lokale ønskje om medverknad i forvaltninga og som samtidig sikrar ei utvikling som tek vare på formålet med opprettinga av verneområdet i tråd med gjeldande forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning er i dag delegert myndighet til å fastsette kven som skal forvalte verneområde etter naturvernlova. Fylkesmannen har tradisjonelt vore tillagt forvaltningsmyndigheita for verneområde i Noreg. I brev av 26.10.1998 til alle kommunar med verneområde opnar Direktoratet for naturforvaltning for at kommunane kan overta forvaltningsmyndigheita for ein del verneområde, og nokre kommunar har fått delegert denne. Det vert for tida gjennomført 4 forsøk med ulike modellar for forvaltning av store nasjonalparker og landskapsvernområde som går over kommune- og fylkesgrenser.

Det er for tidleg å vurdere om det er aktuelt med kommunal eller anna lokal forvaltning av verneområda i Reinheimen. Dette vil vere avhengig av evt. kommunal interesse, økonomiske og faglege rammevilkår m.v. Spørsmålet bør vurderast i høyringa.

12.2 Forslag til forvaltningsmodellar

Det har vore vanleg å opprette eit rådgjevande kontaktutval for forvaltninga av store verneområde. Dette sikrar kommunikasjon mot forvaltningsstyresmakta og harmonisering av forvaltninga der fleire kommunar eller fylkesmenn har forvaltninga. Samansetnaden av eit slikt kontaktutval skal vise det breie geografiske og faglege interessefeltet i området.

Den rådgjevande samarbeidsgruppa i Møre og Romsdal tilrår lokal forvaltning, og føreset at kommunane får ressursar som set dei i stand til å gjennomføre dette. Referansegruppene i Lesja, Skjåk, Lom og Vågå vil også at forvaltninga skal vere lokal.

Vi vil be om synspunkt på følgjande 3 modellar:

- A. Fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken (Alternativ A). Det vert oppretta eit breitt samansett kontaktutval med ein rådgjevande funksjon. Kommunane får tilbod om å bli forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområda.
- B. Fylkesmannen/kommunane er forvaltningsmyndighet for nasjonalparken (Alternativ A). Modellen inneber eit delt forvaltningsansvar der fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for oppføring av nye tekniske anlegg og saker som skal handsamast i medhald av § 4 i verneforskrifta. Alle andre forhold som motorferdsel i utmark, tilbygg eller ombyggingar vert handsama i den einskilde kommunen. I tillegg vert det oppretta det eit breitt samansett kontaktutval med ein rådgjevande funksjon som også evaluerer forvaltninga gjennom eit årleg møte der dispensasjonspraksis vert evaluert. Kommunane får tilbod om å bli forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområda.
- C. Kommunane får tilbod om å bli forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken. I tillegg vert det oppretta det eit breitt samansett kontaktutval med ein rådgjevande funksjon som også evaluerer forvaltninga gjennom eit årleg møte der dispensasjonspraksis vert evaluert. Kommunane får tilbod om å bli forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområda.

12.3 Forvaltningsplan

I den praktiske og daglige forvaltninga av verneområda vil det vere behov for ei presisering av verneforskriftene, dvs. ein plan som inneheld meir detaljerte og konkrete «køyrereglar». Ein slik plan vert kalla ein forvaltningsplan. Særleg for verneområde med mange og sterke brukarinteresser er det behov for å utarbeide slike forvaltningsplanar. Ein forvaltningsplan har til føremål å vere eit hjelpemiddel til å utdjupe og realisere formålet med vernet. Planen skal på bakgrunn av verneformålet

gje retningsliner for forvaltninga av verneområdet, blant anna med omsyn til forholdet mellom vern og bruk. Planen vil vidare gje retningsliner for forvaltningsstyresmakta når det gjeld dispensasjonspraksis. Den kan derimot ikkje opne for tiltak utover rammene som verneformålet og verneforskrifta set.

Forvaltningsplanen set mål for oppsynsverksemda og informasjonstiltak, og viser evt. skjøtselstiltak som bør gjennomførast i området. Planen skal vise grunnlaget for soneinndeling av nasjonalparken og/eller landskapsvernområda.

Forvaltningsplanen vil bli sendt på høyring samstundes med verneplanen for betre å kunne påvise verknaden av vernet. Forvaltningsplanen bør rullerast jamt, t.d. kvart 10 år. Første revidering bør skje med eit kortare intervall. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning før han trer i kraft, jf. vernereglane.

12.4 Naturoppsyn og informasjon

12.4.1 Merking og skilting

Snarast mogleg etter vernevedtak skal forvaltningsstyremakta foreta grensegang og merke opp området. Alle knekkpunkt på grensa som ikkje er trigonometriske punkt, vil bli merka med standard grensemerke (aluminiumsbolt med kule). Området vert også skilta med standard skilt der grensa kryssar vegar, stiar m.v. (DN-handbok 17-2001).

12.4.2 Informasjon

Infotavler

Det bør setjast opp informasjonstavler på strategiske og trafikksikre plassar der publikum kan bli gjort kjent med området og verneverdiane der. Slike tavler kunne t.d. plasserast:

- På Stigrøra ved Trollstigen
- På Horgheimseidet, Romsdalen
- På Øvstestølen, Valldal
- I Tafjorden, t.d. ved parkeringsplassen ved Sakariasdammen
- I Brøstdalen
- I Lordalen
- I Asbjørnsdalen
- På Slådalsvegen, t.d. ved Fauttjøna
- I Finndalen
- Ved Aursjoen
- Ved Billingen
- Ved Grotli

I tillegg kan ein plassere informasjonstavler på strategiske plassar som turistinformasjonar og sentra nede i bygdene.

Informasjonssenter

Det er ikkje planlagt noko spesielt naturinformasjonssenter for Reinheimen (DN, 1997). Vurderinga den gongen var at Reinheimen ligg tett opptil informasjonssenter for andre nasjonalparkar som Norsk Fjellmuseum (Jotunheimen nasjonalpark) i Lom og Jostedalbreen nasjonalpark-senter i Stryn. Den nettverksbaserte modellen i Nasjonalparker (Dovrefjell-Sunndalsfjella, Dovre og Rondane nasjonalparkar) har eit anna driftskonsept med små besøks-senter, m.a. på Dombås og på Otta.

Kommunane rundt Reinheimenområdet er offensive i forhold til å tenke nytt knytt til informasjon. Satsinga på reiseliv er òg ei anna enn det ein såg for seg i 1997. Erfaringane frå andre senter er at det ikkje er økonomisk grunnlag for større investeringar eller store driftskostnader, og at ein i størst mogleg grad bør basere seg på samdrift med andre aktørar. Det må difor leggjast opp til ein heilskapleg informasjonsstrategi for Reinheimenområdet, det er naturleg at Norsk fjellmuseum får ein sentral rolle i dette. Norsk fjellmuseum har bygd opp spisskompetanse knytt til nasjonalparkinformasjon og naturinformasjon generelt. Denne kunnskapen skal nyttast i samband med å etablere eit informasjonssystem knytt til Reinheimen.

12.4.3 Naturoppsyn

Stortingsmelding nr. 62 (1991-92), «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge», slår fast at det skal etablerast eit velkvalifisert feltapparat i nasjonalparker og andre større verneområde.

Ot. prp. nr 30 (1995-96) signaliserte behov for sterkare styring og koordinering av oppsynsverksemda, og fokuserte blant anna på at oppsynet i nasjonalparker og store verneområde bør være heiltidstilsett personell med høg kompetanse. Lov om statlig naturoppsyn vedtatt i 1996 opna for etablering av Statens naturoppsyn (SNO) frå 1997. SNO fekk hovudansvaret for oppsynsoppgåver av nasjonal karakter, m.a. oppsynet i nasjonalparker.

SNO har det overordna ansvaret for statleg naturoppsyn i alle verneområde, og er tillagt myndigheit etter naturvernlova, viltlova, friluftlova, motorferdsellova, laks- og innlandsfisklova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. Det statlege naturoppsynet skal arbeide med førebygging av miljøkriminalitet, tilsyns- og kontrolloppgåver, informasjon og rettleiing, og kan drive med skjøtsel, registrering og dokumentasjon.

Hovudoppgåvene for framtidig statleg naturoppsyn i Reinheimenområdet kan skisserast slik:

- Halde oversikt over utviklingstendensane i bruken av området.
- Halde tilsyn/oversikt over status for natur- og kulturverdiane i området, med spesiell vekt på villrein, kulturminne og sårbare og truga artar.
- Utføre skjøtselstiltak og andre tiltak med sikte på å ta vare på naturgrunnlaget.
- Informasjon og rettleiing til brukarar/besøkande, og samarbeid med m.a. grunneigarar og rettighetshavarar.
- Kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskrifta og anna lov- og regelverk.
- Føre tilsyn og utføre vedlikehald på statleg eigedom i nasjonalparken, inkludert informasjons- og oppmerksomingsmateriell.
- Skadedokumentasjonsarbeid og oppsyn med rovvilt i verneområdet og omegn.

Reinheimen er eit skadeutsett rovviltområde. SNO sitt arbeid med rovvilt generelt og med skadedokumentasjon bør difor også sjåast i samanheng med oppsynsbehovet i dei nye verneområda for å få ei samla og best mogeleg utnytting av oppsynsressursane.

SNO har i dag ingen stillingar knytt direkte til Reinheimen. Det er ei stilling i Lom med hovudansvar rovvilt og statleg naturoppsyn i eksisterande Jotunheimen nasjonalpark, men denne er fullt ut bunde til desse primæroppgåvene. Oppsynsbehovet i Reinheimen må difor vurderast uavhengig av eksisterande SNO-stillingar i området.

Reinheimen nasjonalpark/landskapsvernområde omfattar omlag 50% statsallmenning og 50% private område med Skjåk Almenning som desidert største grunneigar. Skjåk kommune og Skjåk Almenning har ei felles naturoppsynsstilling som i hovudsak har kommune- og grunneigarrelaterte utmarksoppgåver. Dei fleste fjellstyra har eigne tilsette fjelloppsyn.

Det blir viktig å få eit samla og heilskapleg statleg naturoppsyn i nasjonalparken og tilhøyrande verneområde. Det er naturleg at det i tillegg til eigne SNO-stillingar vert lagt vekt på å få eit godt samarbeid med eksisterande lokalt oppsyn for å sikre god lokal forankring og gode samarbeidsrelasjonar. Erfaringsmessig vil SNO kjøpe tenester av lokale oppsynsordningar eller engasjere lokalt personell der dette er meir aktuelt.

12.4.4 Skjøtsel

Det er store oppgåver knytt til skjøtsel i området. Dette er spesielt knytt til seterområda. Ein er nå inne i ein periode der bruken av seterområda til tradisjonell setring har vore på retur. Dette skaper nye utfordringar knytt til eit mål om å sikre biologisk mangfald og opphavleg byggeskikk i seterområda. Bygningar som er med på å prege landskapet, har i dag ingen funksjon. Dette kan til dømes vere seterfjøs som ikkje får nokon funksjon i forhold til landbruksproduksjon i framtida. Forvaltningsplanen vil gje eit oversyn over behov for skjøtsel i det enkelte området.

12.5 Reinheimen i eit regionalt reiselivsperspektiv

Ved opprettinga av Reinheimen nasjonalpark vil ein få 5 nasjonalparker (Dovrefjell-Sunndalsfjella, Dovre, Rondane, Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparker) og fleire store landskapsvernområde i ein tenkt omkrins rundt Dombås. Avstanden til Jostedalsbreen nasjonalpark, Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (framlegg), Breheimen/Mørkrisdalen (skal utarbeidast), Trollheimen landskapsvernområde og Forollhogna nasjonalpark med landskapsvernområde er heller ikkje stor. Ein slik konsentrasjon av nasjonalparker og store verneområde er unik, og har eit stort reiselivsmessig potensiale. Reiselivslaga i Nord-Gudbrandsdalsregionen er sjølv i gang med å utarbeida ein strategiplan, der nasjonalparker og reiseliv er eit hovudsatsingsområda.

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen, Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune ser det som viktig at det offentlege støttar opp om denne reiselivssatsinga. Ein samarbeidsavtale mellom regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen, reiselivslaga i Nord-Gudbrandsdalen, fylkesmannen og fylkeskommunen om ei samla reiselivsmessig satsing på nasjonalparkane er under utarbeiding. Også Statsskog og fjellstyra i Nord-Gudbrandsdalen vil bli invitert med inn i denne avtalen. Det er naturleg at dette arbeidet vert sett inn i ein større samanheng.

Det vil vere viktig at forvaltninga av Reinheimen tek omsyn til den regionale satsinga på nasjonalparker og reiseliv så langt råd er. Forvaltninga må særleg ta ansvar for å avklare kva rolle Reinheimen kan spele i ein slik samanheng, vurdert opp mot dei andre nasjonalparkane i regionen. Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett (St.prp. nr. 65 (2002-2003)) vist til at delar av norske nasjonalparker på visse vilkår skal kunne brukast meir i turismesamanheng, både for opphald og aktivitetar i og inntil. Anlegg og annan infrastruktur skal derimot leg-

gjast utanom. Ved denne tette samlinga av verneområde kan ein utarbeide ein samla reiselivs-/turismestrategi for fleire område, der det kan gjerast tilpassingar i høve til ulik sårbarheit og tilgjengelegheit.

Ein nasjonalpark i seg sjølv gjev ikkje auka næringsmessig utnytting. Det må vere ei ønska politisk satsing frå den enkelte kommune i samarbeid med fylkeskommunar og staten.

Reinheimen bør skjermast for tung reiselivssatsing utover dagens nivå. Området har eit sårbart dyreliv og ein bør unngå forstyrrande aktivitetar i sentralområdet.

Randsone kan i aukande grad takast i bruk også til reiseliv utan at dette treng å vere i konflikt med verneformålet for Reinheimen. Eit nasjonalparkvern tilseier at naturkvalitetane er store. Ei reiselivsutvikling må skje på ein slik måte at verneverdiane blir sikra.

Fylkesmannen i Oppland har starta arbeidet med ei sårbarheitsanalyse for nasjonalparkane i Oppland. Dette vil bli viktige føringar for framtidig forvaltning av ferdsel og aktivitetar i nasjonalparkane.

13 FORSLAG TIL VERNEFORSKRIFTER

13.1 Forslag til verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark

VERN AV REINHEIMEN NASJONALPARK I RAUMA OG NORDDAL KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE OG VÅGÅ, LOM SKJÅK OG LESJA KOMMUNAR I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 § 3, jf. § 4 og §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Nasjonalparken omfattar følgjande gnr/bnr:

Lesja kommune: 2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/6, 2/9, 2/10, 2/11, 2/13, 3/1, 3/1, 3/3, 3/4, 3/7, 3/8, 3/9, 3/11, 3/12, 3/13, 3/19, 4/1, 4/2, 4/4, 4/5, 4/6, 4/7, 4/9, 4/14, 4/30, 5/1, 5/2, 5/3, 5/5, 6/1, 7/1, 7/3, 8/1, 8/2, 9/2, 9/3, 9/5, 10/1, 10/3, 10/4, 11/1, 11/2, 11/3, 11/5, 11/9, 11/12, 11/24, 12/1, 12/2, 12/3, 12/4, 12/5, 13/1, 13/2, 14/1, 15/1, 15/2, 16/1, 16/2, 17/1, 17/3, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 17/11, 17/12, 17/13, 17/25, 17/64, 18/1, 21/1, 22/1, 23/1, 25/6, 27/1, 28/1, 28/2, 28/5, 29/2, 29/4, 29/5, 29/6, 30/1, 30/2, 30/3, 30/8, 31/1, 31/2, 32/1, 32/2, 32/4, 33/1, 34/1, 34/2, 35/2, 35/5, 35/6, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/4, 37/5, 37/10, 37/31, 37/32, 37/33, 37/34, 37/50, 37/54, 38/1, 38/3, 39/1, 40/1, 40/5, 41/1, 41/2, 42/1, 42/2, 43/3, 44/1, 45/5, 46/1, 49/4, 72/1, 72/3, 73/1, 73/3, 73/18 og 157/1.

Skjåk kommune: 246/1.

Lom kommune: 159/1.

Vågå kommune: 26/1, 31/1, 55/1 og 159/1.

Rauma kommune: 3/1, 3/5, 8/1, 8/2, 8/3, 8/4, 9/1, 9/2, 9/6, 9/7, 9/9, 10/1, 10/2, 10/3, 10/6, 13/1, 71/4, 72/1, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/6, 82/7, 82/8, 82/9, 82/10, 82/11, 82/12, 82/22, 83/4, 83/11, 83/12, 83/13, 83/14, 83/15, 83/16, 83/17, 85/2, 85/3, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/28, 85/30, 85/33, 87/1, 88/1, 88/4, 89/2, 90/1, 90/3, 90/4, 90/5, 90/10, 90/11, 90/12, 90/15, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/6 og 202/3.

Norrdal kommune: 12/1,12/2, 12/3, 14/1, 14/2, 14/5, 15/2, 17/1,17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 19/1, 19/2, 19/3, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 23/1, 23/2, 23/3, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 37/12, 40/1, 40/2, 40/6, 40/8, 40/9, 40/10 og 80/1.

Nasjonalparken dekkjer eit totalareal på ca. 1937 km².

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagte kart i målestokk 1:100 000, datert Miljøverndepartementet200... Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Rauma og Norrdal kommunar, hos Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med opprettinga av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde.
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald.
- ta vare på sentrale del av leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord.
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i forhold høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi.
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske foreførekomstar.
- ta vare på vassdragsnaturen i området.
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturopplevingar gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1. Området er verna mot inngrep av alle slag, herunder oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av stein, mineralar eller fossilar, drenering og annan form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.

1.2. Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar eller utvidingar av bygningar. Vedlikehald av bygningar skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.
- b) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i medhald i forvaltningsplanen.
- c) Tradisjonell drift av eksisterande turisthytter og utleige av private hytter/stølshus.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- c) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
- d) Bygging av bruer eller klopper.
- e) Oppsetting av sanketrøer o.l.
- f) Oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.

2. Plantelivet

2.1. All vegetasjon, også daude tre og buskar, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting, såing, gjødsling og innføring av nye planteartar er forbode.

2.2. Reglane i 2.1. er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Skånsam bruk av trevirke til bålbrekking.
- c) Plukking av bær og matsopp.
- d) Plukking av vanlege planter til eige bruk.
- e) Bruk av kvist til snarefangst.

2.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til uttak av trevirke til brensel for hytter og setrer som ligg i nasjonalparken.

3. Dyrelivet

3.1 Nye dyreartar må ikkje innførast. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk.

3.2 Fiske er tillate etter gjeldande lovverk. Nye fiskeartar eller næringsdyr for fisk må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetjing av fisk frå lokale stammar der dette er gjort tidlegare.

3.3 Kalking av vatn og på land er forbode. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til kalking som er nødvendig for å reetablere eller hindre at ein art døyr ut på grunn av sur nedbør. Forvaltningsplanen skal fastsetje referanseområde som ikkje kan kalkast.

4. Kulturminne

4.1 Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til skjøtsel og restaurering av kulturminne.

5. Ferdsel

5.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.



Føysa rett før samløpet med Tora. (foto: Per Dagsgard)

- 5.3 Sykling, organisert køyring med hundespann og organisert bruk av hest er berre tillate på veg, trasé eller i område som er særskilt utpeika av forvaltningsstyresmakta gjennom forvaltningsplanen. Bruk av hest til kløving og gjeting er tillate.
- 5.4 Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.
- 5.5 Av omsyn til naturmiljøet eller kulturminne kan forvaltningsstyresmakta legge om og/eller krevje fjerna merking av løyper og stiar.
- 5.6 Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt.

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- eller forvaltningsteneste.

6. Motorferdsel

- 6.1 Motorferdsel til lands og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.
- 6.2. Reglane i pkt. 6.1. er ikkje til hinder for:
- a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsskøyring for nemnte formål må ha særskilt løyve.
- 6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
 - b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
 - c) Flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiding og dyreteljingar.
 - d) Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med organisert tilsyn av beitedyr.
 - e) Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.
 - f) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 6.2 a).

7. Forureining

- 7.1 Forureining og forsøpling er forbode i nasjonalparken. Avfall skal takast med ut av området. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.
- 7.2 Bruk av motor på isbor, modellfly, modellbåt o.l. er forbode.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon, oppsyn m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av nasjonalparken.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Storbreen og Dordiholet i Lesja. Dei mest sentrale delene i Reinheimen (foto: Olaf Heitkötter)



13.2 Forslag til verneforskrift for Reinheimen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV REINHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LESJA, SKJÅK, LOM OG VÅGÅ KOMMUNAR I OPPLAND FYLKE OG RAUMA OG NORDDAL KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Lesja kommune: 2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/6, 2/9, 2/10, 2/11, 2/13, 3/1, 3/1, 3/3, 3/4, 3/7, 3/8, 3/9, 3/11, 3/12, 3/13, 3/19, 4/1, 4/2, 4/4, 4/5, 4/6, 4/7, 4/9, 4/14, 4/30, 5/1, 5/2, 5/3, 5/5, 6/1, 7/1, 7/3, 8/1, 8/2, 9/2, 9/3, 9/5, 10/1, 10/3, 10/4, 11/1, 11/2, 11/3, 11/5, 11/9, 11/12, 11/24, 12/1, 12/2, 12/3, 12/4, 12/5, 13/1, 13/2, 14/1, 15/1, 15/2, 16/1, 16/2, 17/1, 17/3, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 17/11, 17/12, 17/13, 17/25, 17/64, 18/1, 21/1, 22/1, 23/1, 25/6, 27/1, 28/1, 28/2, 28/5, 29/2, 29/4, 29/5, 29/6, 30/1, 30/2, 30/3, 30/8, 31/1, 31/2, 32/1, 32/2, 32/4, 33/1, 34/1, 34/2, 35/2, 35/5, 35/6, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/4, 37/5, 37/10, 37/31, 37/32, 37/33, 37/34, 37/50, 37/54, 38/1, 38/3, 39/1, 40/1, 40/5, 41/1, 41/2, 42/1, 42/2, 43/3, 44/1, 45/5, 46/1, 49/4, 72/1, 72/3, 73/1, 73/3, 73/18 og 157/1(Lordalen statsallmenning).

Skjåk kommune: 246/1.

Lom kommune: 159/1.

Vågå kommune: 26/1, 31/1, 55/1 og 159/1.

Rauma kommune: 3/1, 3/5, 8/1, 8/2, 8/3, 8/4, 9/1, 9/2, 9/6, 9/7, 9/9, 10/1, 10/2, 10/3, 10/6, 13/1, 71/4, 72/1, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/6, 82/7, 82/8, 82/9, 82/10, 82/11, 82/12, 82/22, 83/4, 83/11, 83/12, 83/13, 83/14, 83/15, 83/16, 83/17, 85/2, 85/3, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/28, 85/30, 85/33, 87/1, 88/1, 88/4, 89/2, 90/1, 90/3, 90/4, 90/5, 90/10, 90/11, 90/12, 90/15, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/6 og 202/3.

Norddal kommune: 12/1,12/2, 12/3, 14/1, 14/2, 14/5, 15/2, 17/1,17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 19/1, 19/2, 19/3, 20/1, 20/2, 20/3,20/4, 23/1, 23/2, 23/3, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 37/12, 40/1, 40/2, 40/6, 40/8, 40/9 , 40/10 og 80/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 1937 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:100 000, datert Miljøverndepartementet200... Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Rauma og Norddal kommunar, hos Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Reinheimen landskapsvernområde har til formål å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og i det vesentlege urørt fjellområde.
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar.
- ta vare på ein viktig del av leveområdet til villreinstammen i Ottadalen nord, og elles det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.
- ta vare på vassdragsnaturen i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturopplevingar gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, anlegg, gjerde o.l. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk m.o.t. utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken eller eksteriøret på bygningen. Eksisterande andre anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.
- b) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt. Forvaltningsstyresmakta kan nekte merking av stiar dersom det er nødvendig i høve til verneformålet.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Ombygging og restaurering av eksisterande bygningar.
- b) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
- c) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- d) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
- e) Riving av seteranlegg.
- f) Bygging av bruer eller klopper.
- g) Gjerding i utmark og bygging av sankekkeveer.
- h) Oppsetting av skilt og merking av nye stiar i medhald i forvaltningsplanen.

2. Plantelivet.

- 2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.
- 2.2. Endring i samansetnad av treslag ved skogkultur, felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og døde tre som er med på å prege landskapet og som er viktig for dyrelivet, er forbode.
- 2.3. Hogst av flater over 3 daa. er forbode.
- 2.4. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet.

- 3.1. Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk.
- 3.2. Fiske er tillate etter gjeldande lovverk.
- 3.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
 - a) Utsetjing av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.

4. Ferdsl.

- 4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.
- 4.2. Innafor nærare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

5. Motorferdsel.

- 5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.
- 5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:
 - a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha særskilt løyve.
 - b) Motorferdsel i samband med lovleg hogst. For slik transport skal det leggast vekt på å unngå terrengskader, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
 - c) Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet i samband med organisert tilsyn av beitedyr.
 - d) Bruk av båt med motor på Torsvatnet og Leirungsvatnet.
 - e) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
- b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
- c) Flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiding og dyreteljingar.
- d) Motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper og skibakkar.
- e) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

A photograph showing two ducks swimming in clear blue water. The ducks are dark on top and lighter on the bottom. The water has a slight ripple. The photo is taken from a low angle, showing the ducks' heads and backs above the water line.

Haveller hekkar i austre del av Reinheimen. (foto: Per Jordhøy)

13.3 Forslag til verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV ROMSDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I NORDDAL OG RAUMA KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE OG LESJA KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Norrdal kommune: 80/1.

Rauma kommune: 12/1, 12/2, 12/3, 12/5, 13/1, 13/2, 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/5, 65/3, 66/1, 66/3, 66/5, 66/7, 69/2, 69/3, 69/4, 69/6, 69/7, 69/20, 70/1, 70/2, 70/4, 70/6, 71/1, 71/2, 71/3, 71/4, 71/5, 71/6, 71/7, 71/13, 71/14, 72/1, 72/2, 72/3, 72/4, 72/5, 72/8, 72/18, 78/1, 79/2, 79/3, 79/6, 79/9, 79/12, 79/16, 79/17, 79/35, 80/1, 80/2, 81/1, 81/2, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/6, 82/7, 82/8, 82/9, 82/10, 82/11, 82/12, 82/22, 83/1, 83/2, 83/3, 83/4, 83/5, 83/6, 84/1, 84/2, 84/3, 84/4, 84/10, 85/1, 85/2, 85/3, 85/4, 85/5, 85/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/21, 85/24, 85/30, 85/31, 85/33, 85/34, 85/35, 85/36, 85/37, 85/40, 85/41, 85/42, 85/44, 85/45, 86/1, 87/1, 88/1, 88/3, 88/4, 88/9, 89/1, 89/2, 90/1, 90/2, 90/3, 90/4, 90/5, 90/6, 90/10, 90/11, 90/12, 90/13, 90/14, 90/15, 90/16, 90/17, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/6, 91/8, 91/9, 91/10 og 202/3 .

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 171 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Norrdal, Rauma og Lesja kommunar, hos fylkesmennene i Møre og Romsdal og Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

På kartet er det avmerka ei sone A og ei sone B der det gjeld særskilde bestemningar. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

1. Ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologisk mangfaldet som pregar landskapet.
2. Ta vare på innslag av kulturlandskap der seterbebyggelse, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
3. Ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leve-områda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv.
4. Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet


1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemningar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar, herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.
- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, jernbane, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen. Eksisterande vegar og andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.
- d) Oppstilling/parkering av campingvogner og bubilar på areal som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.
- e) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt som kan oppretthaldast i medhald i forvaltningsplanen.



Ein gammal furugadd frå Romsdalen landskapsvernomsråde (foto: Olaf Heitkøtter)

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- eller seterformål.
- b) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
- c) Ombyggingar av og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.
- d) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervollar.
- f) Oppdyrking/beitekultivering av nye areal.
- g) Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål.
- h) Riving av seteranlegg.
- i) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.
- j) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.
- k) Oppføring av nye bustadhus på gardsbruk, bygningar til gardsturisme i sone B.
- l) Næringsutvikling som ikkje er i strid med verneformålet i sone B.
- m) Omlegging og opprusting av jernbane og riksveg/europaveg i sone B.
- n) Tilrettelegging for vinterveggar eller barmarkstransport av tømmer i sone B.
- o) Masseuttak og -deponering i sone B.

2. Plantelivet.

2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2. For hogst av ved og tømmer gjeld følgjande:

- I sone A er hogst av flater over 3 daa. er forbode.
- I sone B skal hogst og skogskjøtsel skje i samsvar med forvaltningsplan.

2.3. Endring i samansetnad av treslag ved skogkultur, felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktig for dyrelivet, er forbode.

2.4. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet.

3.1. Nye dyreartar må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.

3.2. Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk.

4. Ferdsl.

4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.

4.2. Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

Regelen i pkt. 4.1 og 4.2 gjeld ikkje i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.

5. Motorferdsel.

5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:

- a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha særskilt løyve.
- b) Motorferdsel på offentleg bilveg og jernbane, og køyring til og ved bustader.
- c) Motorferdsel på følgjande private bomvegar i tida 15.05 – 01.12:
 - Brøstdalsvegen til Kabben, parkeringsplassen på Tunga og til Furuholen.
 - Vermedalsvegane inn til inste Vermedalssetrene.
- d) Motorferdsel i samband med lovleg hogst. For slik transport skal det leggest vekt på å unngå terrengskadar, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
- e) Motorferdsel på vegar, innmark og i nærleiken av innmark i samband med landbruksdrift.
- f) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.
- g) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
- b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
- c) Nødvendig bruk av traktor på barmark etter kartfesta/særskilt nemnte eksisterande køyrespor/traktorvegar for transport av materialar, brensel og utstyr til hytter, buer og setrer.
- d) Motorferdsel på vinterføre som er nødvendig for drift av turistanlegg som ikkje ligg til brøyta bilveg.
- e) Motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper og skibakkar.
- f) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitenskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Horgheim i Romsdalen mot Trolltindane (foto: Øivind Leren)

13.4 Forslag til verneforskrift for Tafjorden-Veltdalen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV TAFJORD-VELTDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I NORDDAL KOMMUNE I MØRE OG ROMSDAL FYLKE OG SKJÅK KOMMUNE I OPP-LAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 131 km².

Området berører følgjande gnr/bnr:

Norrdal kommune: 14/1, 14/2, 14/5, 15/2, 18/1, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 19/1, 19/2, 19/3, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 23/1, 23/2, 23/3, 24/1, 24/2, 29/1, 29/2, 30/1, 31/1, 31/3, 32/1, 32/2, 32/3, 32/4, 33/1, 33/2, 33/3, 34/1, 34/2, 34/4, 35/1, 35/2, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 37/12, 38/1, 38/2, 39/1, 40/1, 40/2, 40/6, 40/8 og 40/9.

Skjåk kommune: 246/1.

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Rauma og Lesja kommunar, hos fylkesmennene i Møre og Romsdal og Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med opprettinga av Tafjord-Veltdalen landskapsvernområde er å:

1. Ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterbebyggelse, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
2. Ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leve-områda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.
3. Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.1 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar, herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.
- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen. Eksisterande vegar og andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Oppstilling/parkering av campingvogner og bubilar på areal som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.
- d) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt som kan oppretthaldast i medhald i forvaltningsplanen.

1.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- eller seterformål.
- b) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
- c) Ombyggingar av og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.
- d) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervollar.
- f) Oppdyrking/beitekultivering av nye areal.
- g) Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål.
- h) Riving av seteranlegg.
- i) Gjerding i utmark og bygging av sankekeveer.
- j) Masseuttak og -deponering.
- k) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Plantelivet.

2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2. Hogst av flater over 3 daa. er forbode.

2.3. Endring i samansetnad av treslag ved skogkultur, felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktig for dyrelivet, er forbode.

2.4. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet.

- 3.1. Nye dyreartar må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- 3.2. Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk.

4. Ferdsel.

- 4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.
- 4.2. Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

Regelen i pkt. 4.1 og 4.2 gjeld ikkje i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.

5. Motorferdsel.

- 5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.
- 5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:
 - a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha særskilt løyve.
 - b) Motorferdsel i samband med lovleg hogst. For slik transport skal det leggest vekt på å unngå terrengskader, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
 - c) Motorferdsel på traktorvegen til Muldal, innmark og i nærleiken av innmark i samband med landbruksdrift.
 - d) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.
 - e) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa.
- 5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
 - a) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
 - b) Luft- og snøscootertransport av brensel, materialar, utstyr og proviant til setrer, buer, hytter m.v.
 - c) Nødvendig bruk av traktor på barmark etter kartfesta/særskilt nemnte eksisterande køyrespor/traktorvegar for transport av materialar, brensel og utstyr til hytter, buer og setrer.
 - d) Motorferdsel på vinterføre som er nødvendig for drift av turistanlegg som ikkje ligg til brøyta bilveg.
 - e) Motorferdsel på vinterføre til snømålingar i samband med drift av kraftanlegg.
 - f) Motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper og skibakkar.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitenskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



13.5 Forslag til verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV TROLLSTIGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I RAUMA OG NORDDAL KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Rauma kommune: 3/1, 3/5, 6/1, 6/2, 6/3, 6/4, 6/5, 6/6, 6/8, 6/9, 6/10, 8/1, 8/2, 8/3, 9/1, 9/2, 9/6, 9/7, 10/1, 10/2, 10/3, 94/1, 95/1, 95/2, 95/3, 96/1, 96/2, 96/3, 96/4, 99/6, 96/7, 97/1, 97/2, 97/3, 97/4, 97/5, 97/8, 97/9, 97/12, 97/16, 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 98/5, 98/6, 98/7, 98/8, 99/1, 99/2, 99/3, 99/4, 99/7, 99/8, 99/9, 99/11, 99/13, 99/14, 99/15, 99/16, 99/17, 99/19, 99/20, 99/21, 99/24, 99/25, 99/26, 99/29, 99/33, 99/37, 100/1, 100/2, 100/3, 100/4, 100/5, 101/2, 102/1, 102/2, 102/3, 103/1, 104/2, 104/6, 104/10, 104/14, 104/15, 202/1 og 202/3.

Norrdal kommune: 9/1, 9/2, 9/3, 9/4, 9/6, 9/8, 10/1, 10/2, 10/3, 10/4, 10/5, 10/8, 10/11, 10/12, 11/1, 11/2, 11/3, 11/4, 11/5, 11/6, 11/7, 11/8, 11/9, 12/1, 12/2, 12/3, 13/1, 13/2, 13/3, 13/4, 13/5, 14/1, 14/2, 14/5, 15/1, 15/2, 15/4, 15/9, 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/6, 17/7, 17/8, 18/1, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 80/1 og 81/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 149 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Norrdal og Rauma kommunar, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterbebyggelse, seter-vollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leve-områda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

§ 3 VERNEBESTEMMELSAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Drift av eksisterande jordbruksareal og setervollar, herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.
- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen. Eksisterande vegar og andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.
- d) Oppstilling/parkering av campingvogner og bubilar på areal som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplanen.
- e) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt som kan oppretthaldast i medhald i forvaltningsplanen.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- eller seterformål.
- b) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.
- c) Ombyggingar av og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.
- d) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervollar.
- f) Oppdyrking/beitekultivering av nye areal.
- g) Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål.
- h) Riving av seteranlegg.
- i) Gjerding i utmark og bygging av sankekeveer.
- j) Masseuttak og -deponering.
- k) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Plantelivet.

- 2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.
- 2.2. Hogst av flater over 3 daa. er forbode.
- 2.3. Endring i samansetnad av treslag ved skogkultur, felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og døde tre som er med på å prege landskapet og som er viktig for dyrelivet, er forbode.
- 2.4. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet.

- 3.1. Nye dyreartar må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- 3.2. Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk.

4. Ferdsl.

- 4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.
- 4.2. Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

Regelen i pkt. 4.1 og 4.2 gjeld ikkje i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.

5. Motorferdsel.

- 5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.
- 5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:
 - a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha særskilt løyve.
 - b) Motorferdsel i samband med lovleg hogst. For slik transport skal det leggast vekt på å unngå terrengskader, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
 - c) Motorferdsel på RV 63 og vegane til Nedstestølen og Øvstestølen, på innmark og i nærleiken av innmark i samband med landbruksdrift.
 - d) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.
 - e) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
- b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
- c) Nødvendig bruk av traktor på barmark etter kartfesta/særskilt nemnte eksisterande køyrespot/traktorvegar for transport av materialar, brensel og utstyr til hytter, buer og setrer.
- d) Motorferdsel på vinterføre som er nødvendig for drift av turistanlegg som ikkje ligg til brøyta bilveg.
- e) Motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper og skibakkar.
- f) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

13.6 Forslag til verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV OTTADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I VÅGÅ, LOM OG SKJÅK KOMMUNAR I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Vågå kommune: 159/1, 188/1 og 190/1.

Lom kommune: 20/1, 21/2, 25/1, 34/3, 35/1, 76/1, 77/1, 77/2, 77/4, 78/1, 78/2, 82/1, 82/3, 82/4, 82/6, 82/7, 83/1, 84/1, 88/2, 89/1, 90/1, 91/1, 92/1, 93/1, 94/1, 94/2, 94/3, 94/4, 95/1, 96/1, 97/1, 98/1, 99/1, 102/1, 158/1, 159/1 og 160/1.

Skjåk kommune: 42/1, 46/1, 60/1, 61/1, 62/1, 62/2, 63/2, 71/1, 71/2, 73/1, 74/1, 75/1, 75/2, 76/1, 76/2, 76/3, 77/1, 78/1, 78/5, 79/1, 79/2, 80/1, 81/1, 82/1, 82/2 og 246/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 238 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Vågå, Lom og Skjåk kommunar, hos fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde
- ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord
- å ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vassanlegg

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2. Reglane i punkt 1.1 skal ikkje vere til hinder for:

- a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde o.l. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen. Eksisterande anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalde, dette gjeld mellom anna vassanlegg i området med dammar og vatningsrenner.
- b) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplanen.
- c) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev løyve etter punkt 5.3.d.
- d) Nødvendig istandsetting av eksisterande energi- og kraftanlegg ved skade (akutt utfall). Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendes melding til forvaltningsstyresmakta.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Ombyggingar av og tilbygg til eksisterande bygningar.
- b) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- c) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.
- d) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.
- e) Utbetringar av eksisterande vatningsanlegg.
- f) Oppgradering/fornyning av kraftlinjer som ikkje fører til fysiske endringar i forhold til verneformålet.

2. Plantelivet

2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet.

- 3.1. Nye dyreartar må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare.
- 3.2. Jakt, fangst og fiske er tillate i samsvar med viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk.

4. Ferdsel

- 4.1 All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.
- 4.2. Innanfor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

5. Motorferdsel

- 5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode.
- 5.2. Forbodet gjeld ikkje:
 - a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med politi-, rednings-, bran-
nvern-, oppsyns- og forvaltningsverksemd. Køyning for opplæring for slike formål krev eige løyve.
- 5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:
 - a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyning av båt og nødvendig motor-
ferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
 - b) Utkøyning av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
 - c) Motorferdsel i samband med vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg (dam og vassvegar).
 - d) Nødvendig motorferdsel i samband med drift av energi- og kraftanlegg.
 - e) Motorferdsel i samband med opparbeiding, merking og preparering av skiløyper og skibakkar.
 - f) Øvingskøyning til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

13.7 Forslag til verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV FINNDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I VÅGÅ OG LOM KOMMUNAR I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Vågå kommune: 55/1, 159/1 og 201/1.

Lom kommune: 65/1 og 159/1.

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 34 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Vågå og, Lom kommunar, hos fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bular, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmende.

1.2. Reglane i punkt 1.1 skal ikkje vere til hinder for:

- a) Drift av setervollar og dyrka areal herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.
- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde o.l. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn tilmed omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller fasade på bygningen. Noverande vegar og anlegg kan halddast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplan.
- d) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev løyve etter punkt 5.3.c.
- e) Nødvendig istandsetting av eksisterande energi- og kraftanlegg ved skade (akutt utfall). Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendes melding til forvaltningsstyresmakta.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.
- b) Plassering/parkering av campingvogner og bubilar på areal som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.
- c) Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterformål.
- d) Ombyggingar og tilbygg til noverande bygningar.
- e) Oppattføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervoller.
- g) Oppdyrking/beitekulturivering av nye areal.
- h) Omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål.
- i) Riving av seteranlegg.
- j) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.
- k) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.
- l) Oppgradering/fornyng av kraftlinjer som ikkje fører til fysiske endringar i forhold til verneformålet.

2. Plantelivet.

2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2. Hogst er tillate i samsvar med vernskogreglane i skogbrukslova. I tillegg til dei omsyn som er nemnd i skoglova § 32, 1. og 2. ledd skal det også takast særskilte landskapsmessige omsyn ved vurdering av innmeldte hogstar.

2.3. Skogsdrift på beresvake marktypar skal berre skje på frosen mark.

2.4. Etablering av ny skog skal i regelen skje ved naturlig forynging, ved behov kan suppleringsplanting nyttast

2.5. Felling av særmerkte tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet, er forbode.

2.6. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet

3.1 Jakt og fangst kan skje etter gjeldande lovverk.

3.2 Fiske kan skje etter gjeldande lovverk.

4. Ferdsel

4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.

5. Motorferdsel

5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode.

5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:

- a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha eige løyve.
- b) Motorisert ferdsel på open veg i Finndalen i tida 15.05. – 01.12.
- c) Motorferdsel i samband med lovleg hogst. For slik transport skal det leggjast vekt på å unngå terrengskader, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
- d) Nødvendig motorferdsel i samband med landbruksdrift på og i nærleiken av innmark.
- e) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa, når det ikkje er fare for terrengskade.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
- b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
- c) Nødvendig motorferdsel i samband med drift av energi- og kraftanlegg.
- d) Motorferdsel på vegen i Finndalen utover pkt. 5.2.b.
- e) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitenskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



13.8 Forslag til verneforskrift for Lordalen landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR REINHEIMEN. VERN AV LORDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LESJA KOMMUNE I OPPLAND FYLKE

Fastsett ved kgl. res. avmed heimel i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet ligg i Lordalen statsallmenning som er gnr/bnr 157/1 i Lesja kommune.

Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 22 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1 : 100.000, datert Miljøverndepartementet 2004.

Kartet og verneforskrifta blir oppbevart i Lesja kommune, hos fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka og knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 2 FORMÅL

Formålet med Lordalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapets eigenart
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer
- ta vare på vakker vassdragsnatur

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området skal vernast mot alle tekniske inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, slik som for eksempel:

- a) Oppføring, påbygging og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelgging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bular, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2. Reglane i punkt 1.1 skal ikkje vere til hinder for:

- a) Drift av setervollar og dyrka areal herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.
- b) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde o.l. Alt vedlikehaldsarbeid på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller fasade på bygningen. Noverande vegar og anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.
- c) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplan.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.
- b) Hensetting/parkering av campingvogner og bubilar på areal som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.
- c) Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterformål.
- d) Ombyggingar og tilbygg til noverande bygningar.
- e) Oppattføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervollar.
- g) Oppdyrking/beitekultivering av nye areal.
- h) Omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål.
- i) Bygging av nye landbruksvegar.
- j) Riving av seteranlegg.
- k) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.
- l) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Plantelivet.

2.1. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2. Hogst er tillate i samsvar med vernskogreglane i skogbrukslova. I tillegg til dei omsyn som er nemnd i skoglova § 32.1 og 2. ledd skal det også takast særskilte landskapsmessige omsyn ved vurdering av innmeldte hogstar.

2.3. Skogsdrift på beresvake marktypar skal berre skje på frosen mark.

2.4. Etablering av ny skog skal i regelen skje ved naturleg forynging, ved behov kan suppleringsplanting nyttast

2.5. Felling av særmerkte tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet, er forbode.

2.6. Beiting er tillate.

3. Dyrelivet

3.1 Jakt og fangst er tillate etter gjeldande lovverk.

3.2 Fiske er tillate etter gjeldande lovverk.

4. Ferdsel

4.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt slik at det ikkje skjer skade på landskap eller naturmiljø. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.

5. Motorferdsel

5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

5.2. Unnateke frå reglane i 5.1 er:

- a) Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingsverksemd må ha eige løyve.
- b) Motorferdsel på bilveg i Lordalen i tida 01.06 – 31.12.
- c) Motorferdsel i samband med tillaten hogst. For slik transport skal det leggjast vekt på å unngå terrenghogst, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
- d) Nødvendig motorferdsel i samband med landbruksdrift på og i nærleiken av innmark.
- e) Motorisert transport av felt elg og hjort under skoggrensa.

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.
- b) Utkøyring av saltstein på snødekt mark i regi av beitelag.
- c) Motorferdsel på vegen i Lordalen utover pkt. 5.2.b.
- d) Øvingskøyring til formål nemnt i pkt. 5.2 a.

§ 4 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å fremme formålet med vernet.

§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernebestemmingane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig betydning, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.



14. Tilråding

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland vurderer Reinheimenområdet til å ha unike verneverdiar innan dei fleste naturfaglege område. Denne utgreiinga har avdekkja at området saman med Dovrefjellområdet er det aktuelle verneområdet som har den største naturfaglege spennvidda her til lands.

Det er sterke interesser innan fauna, og her vil vi framheve den livskraftige villreinstammen i Ottadalen nord som eit viktig element. Elles har området ei stor variasjonsbreidde og raudlisteartar innan rovvilt, andefuglar, hakkespettar og sporvefuglar. Det er viktige botaniske verneverdiar, både på kulturmark og i naturområde.

Vassdraga i området har spesielle kvalitetar, og er med på å skape eit unikt landskap. Området har ein variert geologi, med ein instruktiv kvartærgeologi forma av is, elver og ras. Reinheimen er Sør-Noregs nest største inngrepsfrie område med areal lengre enn 5 km frå større tekniske inngrep.

Konsekvensutgreiingane og kartlegginga av brukarinteressene viser at konfliktane mellom vern og utbygging/aktivitetar er moderate. Dei mest markerte konfliktane verkar å vere mot Forsvaret si lågtflyging i ein nasjonalpark, og i høve til vegbygging og treslagskifte i skogbruket i Romsdalen landskapsvernområde.

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland foreslår etter dette at det vert arbeidd vidare med eit vern av Reinheimen-området. Vi legg difor fram 2 alternative verneframlegg for vidare vurdering under høyringa.

Det er viktig at det vert godkjent ein forvaltningsplan for området snarast mogeleg etter eit vernevedtak. Dette arbeidet er i gang, og forvaltningsplanen vert lagt ut på høyring saman med verneframlegget.

Det er avgjerande at den framtidige forvaltninga av dei kommande verneområda legg stor vekt på å sikre dei sårbare økosystema i området. Det vil vere viktig å unngå inngrep i leveområda til villrein og anna vilt i området, og aktivitet må ikkje skape forstyrringar av desse sårbare artane. Bruk av området til friluftsliv, reiseliv og andre aktivitetar må innordne seg desse rammevilkåra. Det vert gjort framlegg om framtidig overvaking av verneverdiane for å oppdage ei evt. uheldig utvikling på eit tidleg stadium.

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Oppland sender ut 3 ulike alternative forvaltningsmodellar for Reinheimen, med ulik grad av lokal og regional forvaltning. Det bør setjast av nødvendige ressursar både til forvaltning, naturoppsyn og konkrete tiltak innan skjøtsel av dei store kulturlandskapsverdiane i området.

V
I

F
D

F
V

V
sl

I
fo
gr

B

Ve
fo
ve
er

I
vi
St
lin
fo

For
ne
me

VEDLEGG I:

Fastsett utgreiingsprogram



DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING

Kontor: Tungasletta 2, Telefon: 73 58 05 00, Telefax: 73 58 05 01

Hjemmeside: <http://www.naturforvaltning.no/>

Postadresse: 7485 Trondheim

Fylkesmennene i Møre- og Romsdal og Oppland

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)

Dato

2000/1908 - area/PJSa

20.11.00

Ark. 422.3

FASTSETTING AV KONSEKVENsutREDNINGSPROGRAM FOR VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Vi viser til brev fra fylkesmennene i Møre- og Romsdal og Oppland av henholdsvis 13.03.00 og 12.04.00 om forslag til konsekvensutredningsprogram (KU-program) for verneplan for Reinheimen.

I medhold av plan- og bygningslovens § 33-4 og forskrifter om konsekvensutredning fastsetter herved Direktoratet for naturforvaltning KU-programmet for verneplanen for Reinheimen. Direktoratet har forelagt utredningsprogrammet for Miljøverndepartementet iht forskrift om konsekvensutredning av 21.mai 1999 § 7.

Bakgrunn

Vern av natur i Norge er en del av et internasjonalt arbeid for å bevare arter og økosystemer, og Norge har et ansvar for å sikre viktige og urørte naturområder. Det viktigste virkemiddelet for sikring av naturområder er naturvernloven, med opprettelse av nasjonalparker som en av flere typer vern. Målsettingen med opprettelse av nasjonalparker er i første rekke å ta vare på store sammenhengende områder med urørt eller lite påvirket natur.

I NOU 1986:13 – Ny landsplan for nasjonalparker – ble norsk nasjonalparkpolitikk vurdert, og det ble foreslått å utvide vernearealet i Norge med 23 000 km². Reinheimenområdet lå inne i dette forslaget. Gjennom behandlingen av Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder» og innstillingen fra kommunal- og miljøvernkomiteen (Innst. S. Nr. 124) fikk Regjeringen fullmakt til videreføring av verneforslagene. For Reinheimenområdet innebar dette et forslag om nasjonalpark og tilstøtende landskapsvern områder.

Formålet med vern av Reinheimen er å sikre det nest største inngrepsfrie naturområdet i Sør-Norge med store verneverdier innen geologi, botanikk, zoologi og kulturhistorie. Særlig stor verdi har området betraktet som helhet, med stor variasjon og unik verdi som referanseområde.

Nødvendige tiltak for gjennomføring og forventet framdriftsplan

- | | |
|---|--------------|
| 1. Fastsetting av KU-program | Oktober 2000 |
| 2. Utarbeidelse av konsekvensutredning og verneframlegg | 2000 - 2001 |

Verneforslaget blir deretter sendt til Direktoratet for naturforvaltning (DN) for faglig gjennomgang før utlegging på lokal høring blant kommuner, organisasjoner, grunneiere og andre berørte/interesserte. Dette er forventet i år 2001 eller i 2002. Fylkesmannen vil oppsummere den lokale høringen og vurdere de innkomne merknadene. Deretter vil fylkesmannen gi sin tilråding og sende saken til DN. DN sender så forslaget på sentral høring. Endelig vedtak om vern blir tatt av Kongen i statsråd, og dette er tidligst ventet å skje i år 2003.

Arbeidsbehov

Konsekvensutredningen vil vise kravet til arbeidskraft i utredningsperioden og i driftsfasen. Vi kan forvente at planleggingsarbeidet hos hver av de to fylkesmennene vil kreve ca. 60 % av ei stilling i åra 2000 og 2001. I tillegg vil det gå med arbeidskraft på sentral behandling i DN og MD. Det forventes derfor tre årsverk i miljøvernforvaltningen. I tillegg kommer arbeidet i kommuner og organisasjoner under planlegging og høring. Dette er vanskelig å tallfeste, men kan til sammen dreie seg om ett årsverk.

I driftsfasen etter et vernevedtak blir framtidig forvaltningspraksis og forholdet til Statens naturoppsyn sentralt. Ressursene til forvaltning vil avhenge av hvilket vern og omfang som eventuelt blir vedtatt. Endelig avklaring på ressursbehovet i driftsfasen må avklares sammen med aktuelle aktører (bl.a. fylkesmennene, SNO og kommunene) etter at et vernevedtak er truffet.

Økonomiske konsekvenser av aktuelle forvaltningsmodeller vil bli utarbeidet.

Alternativer som skal konsekvensutredes

Alternativ A

- nasjonalpark i de sentrale fjellområdene
- seks tilgrensende landskapsvernområder. Dette omfatter fjellpartiet fram mot Ottadalen, i Finndalen, i Lordalen, på sørvestsida av og i Romsdalen, i Reindalen/langs Tafjorden og i øvre del av Meiadalen/Isterdalen. Det kan bli vurdert å ta med områdene nederst i Steindalen, i Veslelangdalen og Langfjelldalen i Norddal kommune.
- ett biotopvernområde etter viltloven i kraftutbyggingsområdene Veltdalen og Brusebotn.

Alternativ B

- ett stort landskapsvernområde i de sentrale fjellområdene som omfatter nasjonalparkarealet, landskapsvernområdet mot Ottadalen og deler av biotopvernområdet i alt. A
- de øvrige landskapsvernområdene fra alt. A. Biotopvernområdet fra alt. A inngår i ett av landskapsvernområdene.

Det kan bli aktuelt med differensiert forvaltning i landskapsvernområdene ut fra ulike brukerinteresser. I Romsdalen bør det lages egne soner for områder med aktiv gårdsdrift og fast bosetning

Referansealternativ

Referansealternativet (0-alternativet) er forventet utvikling i området dersom området ikke vernes etter naturvernloven. En bør ta utgangspunkt i dagens situasjon basert på kommunale rapporter om brukerinteresser i området. En må også ta i betraktning hvilke godkjente og planlagte tiltak som berører området.

En framskriving av forventet utvikling i området kan gjerne baseres på ulike scenarium for utvikling i arealforvaltning og landbruks- og distriktpolitikk. Det kan forventes at områdene blir forvaltet etter plan- og bygningslova som LNF-områder i kommuneplanen. I tillegg vil særlover og forskrifter styre forvaltningen innen enkelttema. Eventuelle ulemper av et slikt alternativ for sikring av verneverdiene skal omtales.

Arealplaner

Alle kommunene har godkjent kommuneplan som dekker området. Lom, Vågå og Rauma har båndlagt området i påvente av verneplanarbeidet, mens de tre andre kommunene har satt av arealet til landbruks-, natur- og friluftsområde. Det er et fåtal reguleringsplaner for mindre hyttefelt, grusuttak og turistanlegg i randsonene. Det er vedtatte reguleringsplaner innenfor to av de foreslåtte landskapsvernområdene; henholdsvis for hyttefelt og grusuttak. Reguleringsplanene innenfor verneforslaget må enten oppheves, eller områdene må tas ut av verneplanen (jf naturvernlovens §7).

Det er vedtatt fylkesplaner for begge fylkene. Fylkesdelplanen for Nord-Gudbrandsdalen og en fylkesdelplan for urørte områder i Møre og Romsdal som er under arbeid, omfatter også området.

Naturmiljø, naturressurser og samfunnsforhold

Utredningen vil inneholde en dokumentasjon av naturforholda i området, deriblant zoologi, botanikk, geologi, vassdrag, landskap, kulturminne m.m. Her vil en særlig framheve hva som gjør området verneverdig.

Utredningen skal vise hvilke kjente økonomisk utnyttbare naturressurser i området som blir berørt av vernet. I den sammenheng vises det til brukerrapportene som er utarbeidet.

Administrative og demografiske forhold i kommunene i området vil bli vist i utredningen.

Ytterligere forhold som skal utredes

1. Naturmiljø

- Naturforholdene i området innen temaene zoologi, botanikk, geologi, landskap, vassdrag m.v. skal beskrives og verneverdiene dokumenteres. Det vil bli utarbeidet egne fagrapporter som dokumenterer naturverdiene innen zoologi og botanikk innen deler av området.
- Utredningen skal vise hvordan verdiene blir påvirket og sikret ved vernealternativene og 0-alternativet.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder dette tema basert på eksisterende kunnskap og evt. tilleggsregistreringer.

2. Kulturminner

- Kulturminner skal beskrives og verneverdiene dokumenteres.
- Utredningen skal vise hvordan verdiene blir påvirket og sikret ved vernealternativene og 0-alternativet.

Framgangsmåte: Fylkesmannen i samråd med fylkeskommunen utreder dette tema basert på eksisterende kunnskap og evt. tilleggsregistreringer.

3. Landbruk

Drift av dyrkamark, nydyrking, kultivering

Den jordbruksdriften som er innenfor planområdet på vernetidspunktet berøres ikke av verneforslaget. Vedlikehold av landbruksbygg, veger og andre anlegg skal fortsatt kunne skje på dagens nivå. Vanlig jordbruksdrift blir tillatt i landskapsvernområdene i den grad dette ikke reduserer verneverdiene. Ny-dyrking må ha tillatelse etter verneforskriften. Slik tillatelse kan en regne med blir gitt ved utvidelse av eksisterende dyrkamark.

- Utredningen skal vise om driften av jordbruksarealene innenfor de foreslåtte landskapsvernområdene vil kunne bli påvirket.
- Det skal vurderes om det er driftsmåter og aktuelle oppdyrkinger/beitekuliveringstiltak som blir hindret av vernet, og om vernet kan sikre jordbruksarealene. Tilsvarande skal gjøres for 0-alternativet.

Vannforsyningsanlegg i fjellet

Vannforsyningsanleggene kan i all hovedsak vedlikeholdes på samme måte som i dag. Det må søkes om tillatelse ved større reparasjoner og eventuelle standardhevinger. Ved slike søknader skal kulturminnemyndighetene få anledning til å gi uttalelse. Ved motorferdsel i utmark for vedlikehold av vannanleggene kan det bli stilt krav om kjøretasé og tidspunkt for å unngå terrengskade.

- Det skal avklares om endret praksis for vedlikehold av anlegg og motorferdsel i utmark kan virke negativt inn på bruken av vanningsanleggene i Ottadalen.

Skogbruk

Det er i dag skogsdrift i delar av området, spesielt i Romsdalen. Det er ikke drivbar skog i områda for foreslått nasjonalpark og biotopvernområde, men en finn produktiv skog særlig i det foreslåtte Romsdalen landskapsvernområde. Det er også noko skog langs Tafjorden, i Isterdalen, Finndalen og Lordalen. Det meste av skogen er verneskog etter skogbruksloven.

Et vern som landskapsvernområde vil kunne medføre forbud mot treslagskifte og bygging av skogsbilveger. Det kan etter søknad/plan lages enkle traktorveger/kjørespor. Det vil også bli sett ei maksimal grense for hogstflater. I enkelte delar av området kan skogen forvaltes etter særskilte planar for skogsdrifta.

- Eventuelle konsekvenser for skogbruket ved restriksjoner på vegbygging, treslagsskifte og flateavgrensninger skal avklares.

Landbruksbygg

Det vil bli gitt tillatelse til oppføring av nødvendige nybygg/påbygg på gårdsbrukene i landskapsvernområdene. Forutsetningen er at byggene ikke virker unødig skjemmende. Vernet vil ikke regulere vedlikeholdet av bygninger. Den restriktive praksisen som kommunene har til å etablere nye bygninger i fjellet, vil bli videreført.

- Det skal vurderes hvordan tiltaket kan påvirke mulighetene for utvidelse, ombygging, vedlikehold og nybygging av landbruksbygg.

Gjerder og sanketrøer

Innenfor de aktuelle landskapsvernområdene vil etablering av permanente gjerder og sanketrøer som er nødvendig i bufedrifta, i all hovedsak bli tillatt. Når det gjelder oppføring av gjerder og sanketrøer i utmark utenfor etablerte seterområder, skal det legges vekt på forholdet til villtrekk og estetiske forhold. KU skal klarlegge konsekvensene for verneverdiene og beitebruken ved en slik praksis.

Beitebruk

Tradisjonell utmarksbeiting er tillatt. Direktoratet for naturforvaltning kan innføre en forskrift som regulerer beiting i nasjonalparken. Dette vil bare være aktuelt å gjennomføre dersom beite utvikler seg på en slik måte at nasjonale verneverdier kan gå tapt. Forvaltningsmyndigheten skal før det blir aktuelt å vurdere en beiteforskrift, prøve å finne fram til løsninger med aktuelle parter.

- Utredningen skal synliggjøre konsekvensene for beitebruken i området av de ulike alternativene. Konsekvensene av beitebruken for planteliv og landskap skal også vurderes.

Rovviltforvaltning

Området sør og øst for RV 63 er en del av det sørnorske kjerneområdet for jerv. Rovdyrforvaltningen er trukket opp i St. meld. nr. 35 (1996-97).

- Det skal gjøres en vurdering av tiltakets betydning for forvaltning av rovvilt.

Framgangsmåte: Temaene under «Landbruk» utredes av ekstern instans. Utredningsarbeidet vil i stor grad kunne basere seg på de registreringene av landbruksinteressene som finnes i foretatte kommunale utredninger.

4. Hytter og buer

Det vil generelt ikke bli tillatt med bygging av nye hytter eller buer for fritidsformål i området. Ved planer om tilbygg, restaureringer m.v. vil det i vurderingen bli lagt særlig vekt på plassering i terrenget, størrelse og om utformingen er i tråd med tradisjonell byggeskikk og materialbruk. Vedlikehold av hytter og buer vil være tillatt.

- Alternativenes innvirkning på bygging av nye fritidshytter og ombygging/vedlikehold av bygninger i utmark skal vurderes. Her skal også føringer fra kulturvernmyndighetene legges til grunn. Disse forutsetningene vil bli utarbeidet og gjort tilgjengelig for utredningsarbeidet.
- Det er utarbeidet ulike planer for hyttebygging i Romsdalen, men dette planarbeidet er stilt i ro i påvente av verneplanen. KU skal vise virkningene av at disse planene ikke blir realisert.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder i samråd med fylkeskommunen.

5. Friluftsliv, jakt- og fiske

Jakt og fiske

Jakt, fangst og fiske er tillatt i verneområdene i medholdt i gjeldende særlover, og skal forvaltes som før.

- Virkningen på ulike kultiverings- og tilretteleggingstiltak (for eksempel lyngbrenning, gjødsling og kalking) i forbindelse med jakt og fiske skal avklares.

Drift og etablering av turistforeningshytter

Det vil normalt ikke bli tillatt å føre opp nye turistforeningshytter. Det vil også bli lagt til grunn ei restriktiv holdning til utviding av eksisterende turistforeningshytter.

- Konsekvensene ved et forbud mot bygging av turistforeningshytter skal avklares. Det skal også avklares hvordan driften av de eksisterende turistforeningshyttene vil påvirkes, herunder se på konsekvenser for og av transport og sesongmessig stenging.

Vedlikehold og nymerking/fjerning av stier, slitasje på natur og forstyrning av dyreliv

Det er et merket stinett mellom hyttene og ut mot bygdene. I forbindelse med kartlegging av effekten av inngrep og forstyrning av villreinen, er det tilrådd en viss omlegging av stisystemet.

Etablering av nye merkede stier vil bare bli tillatt i forbindelse med omlegging av stisystemet. Det vil ikke bli akseptert nye stier som kan være i konflikt med viktige verneverdier. Dagens stinett vil bli vurdert i forhold til ferdsel og forstyrning av dyreliv, og det kan bli aktuelt å fjerne stiar som går i sårbare område. Arbeidet med reetablering av villrein vest i Ottadalsområdet kan også tilsi større varsomhet her.

- Stinettet i området skal vurderes i forhold til ferdsel og forstyrning av dyreliv. Konflikter mellom vilt og ferdsel kan delvis forebygges gjennom tilpasninger i stisystemet. Dette skal skisseres i utredningen.
- Konsekvensen av et vern i forhold til forstyrning og slitasje skal vurderes. I den sammenheng skal bruken av «Reinheimen»-navnet vurderes. Utviklingen i ferdselen som følge av de ulike alternativene, skal sannsynliggjøres.
- Konsekvensene av tiltaket i forhold til turistforeningsdriften og resten av friluftslivet skal avklares.
- Virkningene av vernetiltaket på alle typer friluftsliv skal klargjøres, herunder tilgjengelighet til ulike deler av området.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder. Det fore-ligger statistikk på bruken av hyttene og på ferdselen langs stiene i området.

6. Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling

Det kan ikke forventes å få tillatelse til etablering av nye turistbedrifter i området. Unntaket kan være småskalaanlegg knyttet til aktive gårdsbruk og Sætre som ligger innenfor foreslåtte landskapsvernområder. Verneforslaget vil ikke regulere utleie av private bygninger.

Det vil være nødvendig med tillatelse for organisert bruk av den foreslåtte nasjonalparken. Øvrig ferdsel i reiselivssammenheng kan foregå på samme måte som friluftslivet ellers. Det vil være mulig å utvikle småskala reiselivsprodukter i lokalsamfunnene som ikke er i konflikt med vernet.

- Konsekvensene for ny utnyttning av utmarks-ressursene skal vurderes – f. eks tiltak innen jakt og fiske, guiding, opplevelsestiltak, utleiehytter og andre tilretteleggingstiltak for turister. Vurderingene må også ses i forhold til slitasje på natur og forstyrning av dyreliv.

Framgangsmåte: Ekstern utreder.

7. Motorferdsel i utmark

Innenfor den foreslått nasjonalparken vil det bli gjennomført en restriktiv praksis i forhold til motorferdsel i utmark. Innenfor foreslåtte landskapsvernområder vil i all hovedsak kjøring i forbindelse med jord- og skogbruksdrift bli tillatt. Ved vedlikehold av vannanlegg, utkjøring av saltsteiner o.l. bør en vurdere å innføre en ordning med flerårige løyve for å redusere ulempene for brukere med et stort, stabilt og forutsigbart transportbehov.

Motorferdsel ved drift av innmark og skogsdrift vil ikke bli regulert av verneforslaget.

- Konsekvensene for bruken av motorisert transport i utmark skal vurderes, herunder konsekvenser av/for motorferdsel på vann over 2 km² i samband med fiske.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder.

8. Veger

Vernet vil ikke påvirke bruk og vedlikehold av offentlig veg og bane. Det er ønskelig å holde biltrafikken inn i Vermedalen på et minimum. Det legges ikke opp til at den øvrige bruken av vegene skal endres. Grusuttak vil bli konsentrert til nokon få uttak i samsvar med forvaltningsplan.

- Det skal avklares hvordan alternativene vil påvirke bruk og vedlikehold av de private vegene i området, bl.a. innføring av åpnings- og stengningstidspunkt for setervegene i Finndalen og Lordalen.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder.

9. Kraftanlegg/kraftoverføring

Drift og vedlikehold av anleggsveger, kraftanlegg og kraftlinjer kan foregå som før et vern. En kan likevel regulere ulike former for motorferdsel der dette virker formålstjenelig.

- Konsekvensene for drift og vedlikehold, herunder motorferdsel, av eksisterende kraftanlegg skal vurderes.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder, bl.a. basert på kontakt med NVE/Statkraft.

10. Forsvaret

Innenfor den foreslåtte nasjonalparken vil det i liten grad åpnes for militærøvelser. Disse bør kanaliseres til andre områder. Militær flyging under 300 meter over bakken vil bli forbudt. Dette vil ikke gjelde for Forsvarets lavtflygingskorridorer

- Det skal vurderes om det er tilstrekkelig areal utenfor foreslått nasjonalpark for Forsvarets øvingsvirksomhet, og påpeke eventuelle andre konsekvenser for Forsvaret og allierte styrker.

Framgangsmåte: Fylkesmannen utreder, bl.a. basert på kontakt med Forsvaret.

11. Lokal forvaltning og identitet

Hele området er LNF-område med kommunal forvaltning etter plan- og bygningsloven. Etter et vern vil mye av aktiviteten også bli styrt etter verneforskriftene. Nokon kommuner kan få 70-80 % av kommunens areal vernet, og det er hevdet at det kan skape mindre lokal interesse for områda dersom en del av forvaltningen legges til statlig nivå.

- Det skal vurderes hvordan tiltaket kan påvirke folks forhold til området; herunder eierforhold, tilknytning, kompetanse, interesse og engasjement.

For de foreslåtte verneområdene kan kommunene søke om lokal forvaltning. Ved valg av forvaltningsmodell skal en vurdere erfaringene fra prøveprosjekter vedrørende nye modeller for forvaltning av store verneområder i Norge.

- Konsekvenser for lokal forvaltning skal utredes. Evt. forskjeller i kommunale arbeidsoppgaver og -mengde før og etter vern skal vises.

Framgangsmåte: Det vil på bakgrunn av foreliggende brukerrapporter bli gjort en utredning som beskriver den historiske betydningen utmarka har hatt for bygdesamfunnene. I tilknytning til denne vil det bli laget en oversikt over dispensasjonspraksis siste 4 år. Dette vil bli gjort i nær kontakt med berørte kommuner.

Det vil bli gjennomført en Survey-undersøkelse av typen spørreskjema eller strukturerte interjuv med et representativt utvalg personer, for å belyse holdninger til framtidig forvaltning. Det vil bli tatt utgangspunkt i eksisterende utredninger. Dette vil bli utfyllt med en historisk etnologisk tilnærming som går inn på helheten i sammenhengene mellom lokal identitet og verdsetting av naturen i bygdesamfunna rundt Reinheimen.

Temaet blir utredet av fylkesmannen sammen med eksterne utredere.

Oppfølgende undersøkelser

Tiltakshaver skal vurdere om det er behov for oppfølgende undersøkelser i driftsfasen.

Nærmere undersøkelser og overvåking

I utredningen kan det bli fremmet forslag til program for nærmere undersøkelser og overvåking. Dette kan gjelde for virkninger både på naturgrunnlag og lokalsamfunn.

Konsekvenser av de ulike alternativene

Hoveddelen av utredningen vil være en gjennomgang av hvordan verneforslagene og «0-alternativet» vil påvirke ulike interesser, både positivt og negativt. En vil få fram status for de mest aktuelle brukerinteressene. Det vil bli skissert hvordan disse kan utvikle seg innenfor de ulike alternativene. I den tematiske gjennomgangen vil en komme fram med eventuelle forslag til avbøtende tiltak.

Sammenstilling

Det vil bli gjort en sammenstilling av konsekvensene og en sammenligning og vurdering av alternativene i forhold til konsekvensene og i forhold til relevante planer, målsettinger og retningslinjer.

Med hilsen

Berit Forbord Moen
direktør

Berit Lein

Kopi: Miljøverndepartementet
Lesja, Lom, Skjåk, Vågå, Norddal og Rauma kommuner
Oppland og Møre- og Romsdal fylkeskommuner

Saksbehandler: Per Johan Salberg

VEDLEGG II:

Litteraturliste

Aksdal, S. & T. Moltubakk, 2000.

Oversyn over kulturminne og retningslinjer for istandsetjing av kulturminne og nybygging i samband med utarbeiding av Reinheimen nasjonalpark og Geiranger-Herdal landskapsvenområde.

Backer, Inge Lorange, 1986.

Naturvern og naturinngrep. 900 s.

Direktoratet for naturforvaltning og Statens Kartverk, 1999.

Inngrepsfrie naturområder i Møre og Romsdal 1988 og 98. Upubl. kart.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001.

Friluftsliv i konsekvensvurderingar etter plan- og bygningsloven. Håndbok 18-2001. 44 s.

Evensen, T. 2000:

Friluftsliv i Tafjordfjella. Ferdelsregistrering sommeren 1997. DNT.

Falleth, E.I., S. Hovik & K. B. Stokke, 2003.

Sammenligning av arealplanlegging og landskapsvern som virkemidler i forvaltninga av verneverdige områder.

Utmark 1-2003. www.utmark.org.

Forberg, S. 2003.

Forvaltning av Reinheimen og lokal kulturell identitet i Nord-Gudbrandsdalen (upublisert).

Fylkesmannen i Oppland 1984.

Nord-Ottadalen og Tafjordfjella. Naturverdier og vernebehov. Rapport nr. 1 1984.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1994.

Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Rapport nr. 6-1994.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Oppland 1997.

Reinheimen – melding om oppstart av verneplanarbeid og konsekvensutgreiingar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998.

Villrein, inngrep og forstyringar i Ottadalen villreinområde. Rapport nr. 2-1998.

Gaarder, G., Grimstad, K.J., Haugan, R. & Holtan, D. 2001.

Botaniske tilleggsundersøkelser i Reinheimen, Oppland fylke. Rapport 2001:12. Miljøfaglig Utredning ans.

38 s. + vedlegg.

Heitkøtter, O. 1974:

Reinheimen. Fra en fjelloppsynsmanns dagbok. 112 s.

Holtan, D. & K.J. Grimstad 1999.

Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal – biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune rapp. 96 s.

Holtan, D. & K.J. Grimstad 2000.

Funn av mnemosynesommarfugl *Parnassius mnemosyne* i Stranda, Møre og Romsdal. Fauna nr 3 2000, 163-167.

Jordal J. Bj & G. Gaarder 1999.

Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-1998. Samlerapport. Rapport 1-99.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga. 278 s + vedlegg.

Jordal, J. Bj. & Stueflotten, S:

Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal (in press).

Lesja kommune, 1998:

Brukerinteresser i Reinheimen i Lesja kommune

Lom kommune, 1998:

Brukarrapport Reinheimen - Oversikt over brukarinteresser i Lom kommune.

Lovdata: Forskrift om fredning av truede arter av 21.12.2001.

Melby, M.W. & G. Gaarder 2001A.

Verdier i Rauma (Verma), Rauma kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-44. 40 s. + vedl.

Melby, M.W. & G. Gaarder 2001B.

Verdier i Rauma (Istra), Rauma kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-45. 43 s. + vedl.

Melby, M.W. & G. Gaarder 2001C.

Verdier i Valldøla, Norddal og Rauma kommuner i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-46. 50 s. + vedl.

Miljøverndepartementet 2003.

St.meld.nr.25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. 162 s.

Miljøverndepartementet 1996.

Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996. T-1169. 36s.

Miljøverndepartementet 1990.

Konsekvensutredninger. Veileder i plan- og bygningslovens bestemmelser. T-746. Miljøverndepartementet. 66 s.

Miljøverndepartementet 1988a.

Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. FOR 1988-05-15 nr 356.

Mølmen, Ø. 1991.

Ottadalsreinen. Fra pil og bue til lasso og gevær. 290 s.

Mølmen, Ø. 1997.

Fra dyregraver til geværjakt i Rauma. 215 s.

Mølmen, Ø. 2000.

Jakt og fangst i Norddal. 295 s.

Møre og Romsdal fylkeskommune 2000a.

Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. 44 s. + kart.

Norddal kommune, 1999:

Brukarrapport Reinheimen, Norddal kommune.

Nordisk ministerråd, 1984.

Naturgeografisk regioninndeling av Norden. 288 s.

Norges offentlige utredninger 1986.

Ny landsplan for nasjonalparker. NOU 1986:13. 103 s.

Prestvik, O. 2002:

Konsekvensutredning for verneplan for Reinheimen. Tema: Landbruk. Jordforsk rapport nr. 39/02. 42 s.

Rauma kommune, 1998:

Reinheimen nasjonalpark med tilgrensende landskapsvernområder. Brukarrapport for Rauma kommune.

Reimers, E. m.fl. 1975:

Verneplan for villreinstammen i Nord-Ottadalsområdet. 42 s. + vedlegg.

Samarbeidsutvalet for Reinheimen 1998-2003.

Møtoreferat.

Skjåk Almenning, 2003:

Årsmelding og rekneskap kalenderåret 2002. 38 s.

Skjåk kommune, 1998:

Brukarrapport for Reinheimen i Skjåk kommune.

Standal, H., J. Hagen & G. Wangen 1999.

Fotturar på Sunnmøre. 335 s.

Statens vegvesen 1995.

Konsekvensanalyser. Del I-III. Håndbok 140.

Statens vegvesen, Møre og Romsdal, 2001:

Vegminner i Møre og Romsdal.

St. meld. Nr. 24, 2000-2001.

Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Miljøverndepartementet. 141s.

St. meld. Nr. 8. 1999-2000.

Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. 157s.

St. meld. Nr. 33. 1999-2000.

Tilleggsmelding til St. meld. Nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. 10s.

St. meld. nr. 39. 2000-2001.

Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet. 136s.

St. meld. Nr. 62, 1991-1992.

Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge. Miljøverndepartementet. 131s.

Stoknes, S. 1995.

Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvaltningsstrategi. Rapport 156 s.

Stueflotten, S. 2002:

Planter i Rauma. En presentasjon av planter og vegetasjon i Rauma kommune, Møre og Romsdal 161 s.

Vistnes, I., C. Nellemann, P. Jordhøy & O. Strand, 2003:

Effects of infrastructure on migration and range use of wild reindeer.

Journal of wildlife management 68 (1): 101-108.

Vorkinn, M. & Hagen, S. E. 2002.

Konsekvenser av verneplan Reinheimen for reiseliv og miljøbasert næringsutvikling.

ØF-notat nr. 05/2002. 40 s + vedlegg.

Vorkinn, M. 2002.

Lokal tilhørighet, bruk og synspunkter på framtidig forvaltning av Reinheimenområdet.

ØF-rapport nr. 09/2002. 47 s + vedlegg.

Vågå kommune, 1999:

Brukarrapport for Reinheimen i Vågå kommune.

420000


440000

460000

480000

500000

KOMMUNEOVERSIKT




VERNEPLAN - REINHEIMEN

Tilråding frå fylkesmannen i Oppland og Møre og Romsdal fylke



- Grense - landskapsvernområde
- Grense - nasjonalpark
- Europa-/riksveg
- Fylkes-/kommunalveg
- Privat veg
- Jernbane
- Kraftlinje
- Merke stig (DNT)
- Kommunegrense
- Fylkesgrense

Kart prod. av: Fylkesmannen i Oppland, Møre og Romsdal fylke, april 2005
 Ekvivalens: 20m
 Kartgrunnlag: © Statens kartverk-N250/N50kartdata
 Løye: MAD12002-R127454
 Målestokk: 1:280000



6920000

6920000

6900000

6900000

6880000

6880000

6860000

6860000

420000

440000

460000

480000

500000

Trollstigen landskapsvernområde

Romsdalen landskapsvernområde Sone B

Reinheimen nasjonalpark

Romsdalen landskapsvernområde Sone A

RAUMA

NORDDAL

Finndalen landskapsvernområde

Reinheimen nasjonalpark

LESJA

SKJÅK

Lördalen landskapsvernområde

Reinheimen nasjonalpark

LØM


Ottadalen landskapsvernområde

Finndalen landskapsvernområde

Ottadalen landskapsvernområde

VÅGÅ





Rauma elv mot Trollveggen og Trolltindane (foto: Øivind Leren)

Møre og Romsdal fylke
Fylkeshusa, 6404 Molde
Tlf.: 71 25 80 00
www.mrfylke.no

Fylkesmannen i Oppland
Serviceboks, 2626 Lillehammer
Tlf.: 61 26 60 00
www.fylkesmannen.no/oppland